



Årsmelding 2020



Årsmeldinga er utarbeidd i samsvar med § 14-7 i kommunelova. Ho viser resultat som er oppnådde i Vestland fylkeskommune i 2020. Fylkesrådmannen er ansvarleg for publikasjonen. Redaksjon er kommunikasjonsseksjonen, med tekstgrunnlag frå organisasjonen.

Framsidefoto viser delar av fylkesordførarkjeda for Vestland. Ho har 16 motiv frå heile fylket, som er nøyne valde og som alle kan kjenne seg igjen i. Fylkesordføraren bruker kjeda under politiske møte og i samband med representasjon og arrangement. Les meir om kjeda og alle motiva på side 148.

Foto utan spesiell kreditering tilhører Vestland fylkeskommune.

Årsmeldinga er avslutta mars 2021.

2. utgåve, april 2021: Tabellar på side 16 og 17 er sette inn. Elles berre mindre korrekturendringar.

Innhald

Hendingar 2020	4
Fylkesrådmannen: Sterkare saman	9
Styring og kontroll av verksemda	12
Sentrale nøkkeltal og rapportering	16
Samfunnsoppdrag – visjon – verdiar	22
Overblikk – vår visuelle identitet	24
 Vi utviklar Vestland	 27
Utviklingsplan for Vestland 2020–2024	28
Godt økonomisk resultat	30
KO STRA – Kommune – stat – rapportering	38
Klima	40
Folkehelse	50
 Infrastruktur og veg	 55
Innovasjon og næringsutvikling	67
Kultur, idrett og inkludering	81
Mobilitet og kollektivtransport	95
Opplæring og kompetanse	109
Organisasjon og økonomi	121
Strategisk utvikling og digitalisering	131
 Politisk organisering	 145
Fylkesordføraren: Eit annleis år	153

Hendingar 2020



– Vi skal få fleire oppgåver, bygge Vestland saman og bli det beste fylket i landet. Dette er historisk, sa den første fylkesordføraren i Vestland, Jon Askeland, då Sogn og Fjordane og Hordaland vart eitt fylke ved årsskiftet.



Vestland fylkeskommune fekk 617 søknadar om spelemidlar for totalt vel ein milliard kroner.



Rundt 230 nye fagarbeidarar fekk utdelt fag-, sveine-, kompetanse- eller meisterbrev under ein høgtideleg seremoni i Førde.



Alle tilsette og elevar var samla 9. januar i fylkeshusa og på skulane og tanklinikkane. Det var kakefest for å feire nye Vestland fylkeskommune. Eit fellesprogram vart strøymt for alle, i tillegg til eigne lokale program.



I Odda starta prøveprosjektet der passasjerane sjølvé kan bestemme når bussen skal kome. Det var mange nøgde passasjerar på opningsdagen.



Elevane Vilde Skjold og Julie Ohlstad Kvamme ved Knarvik vidaregåande skule var overraska og glade då dei vann meisterskapen for barne- og ungdomsarbeidarar i vidaregåande skular i Hordaland.



Vestland fylkesting vedtok å innføre utsleppsfree drosjar i alle kommunar i Hordaland frå 1. april 2024. Samstundes startar utgreiing om å innføre kravet i alle kommunar i Vestland fylke.



21 057 elevar med ungdomsrett sökte plass på vidaregåande skule i Vestland då fristen gjekk ut 1. mars.



Fem byggfirma meldte interesse for å bygge dagsturhytter i tidlegare Hordaland. 35 dagsturhytter vart planlagde.

JANUAR



Rektor Kay Martin ved Cardiff and Vale College møtte fylkesdirektør Bjørn Lyngedal i Cardiff. Etter møtet sa rektor at ho ville lære av oss og om kulturen og måten vi arbeider i team på.



Stortingsrepresentant Liv Kari Eskeland lanserte bømlomodelen som ein vestlandsmodell for riktig kompetanse i næringslivet. Det skjedde på dialogmøtet som skulle sette retning for Vestland fram mot 2030.



Den største ladeparken for el-drosjar i Norden vart opna på Bergen lufthavn, Flesland. Dette er den nest største i Europa.

FEBRUAR



Vestland fylkeskommune signerte avtale med Antidoping Norge for å mobilisere unge mot doping.



Trafikktala vart klare og viste ny rekord i Hordaland med 78,9 millionar reisande i 2019. Det er ein auke på 6 prosent i høve 2018. Bybanen aukar mest, med heile 16 prosent, og nærmast seg 19 millionar årlege passasjerar.



Bygginga av den nye vidaregåande skulen i Førde har fått prosjektnamnet «Delta». Totalentreprenør blir Consto som vann konkurransen om å bygge skulen.

MARS



Koronapandemien ført til at fylkeskommunen avlyste alle kurs, konferansar og samlingar. Vidaregåande skular vart stengde, nettbasert undervising vart innført, og alle politiske møte vart digitale.



Kvamen tømmerkai vart opna i Fjaler. Han har kapasitet på å skipe ut inntil 150 000 kubikkmeter tømmer i året.




Det var stort engasjement for digital undervising heime etter at dei vidaregåande skulane vart stengde grunna pandemien.

Dei fullstendige nyhendesakene finn du på vestlandfylke.no



Vestland fylkeskommune gav vel fire millionar kroner til sikring, istandsætjing, forvalting og drift av verna fartøy.




Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å gje vel 12,5 millionar kroner i tilskot til diverse aktivitetar innan kultur- og friluftsliv.



Vossa Jazz-prisen vart delt ut for 33. gong. Prisen vart i år delt ut digitalt og gjekk til jazzsaksofonist og -komponist Elisabeth Lid Trøen. Prisen er på 50 000 kroner.



Vestland fylkeskommune ønskjer å frede huset til filosofen Ludwig Wittgenstein i Skjolden i Luster kommune. Han kom dit i 1913 og bygde huset i 1914. Her fann han arbeidsro.



Fylkestinget i Vestland sa klart frå at heving av vraket av kvikksølvubåten ved Fedje må få ei eiga løvning i Nasjonal transportplan (NTP).



Arkeologar frå Vestland fylkeskommune fann 14 nye steinalderbuplassar i Vikane i Øygarden kommune med gjenstandar frå 10 000 år f. Kr. Området er blant dei eldste bevarte marint tilpassa steinaldersfunn i verda.



Den første klima- og miljøprisen i Vestland gjekk til Bergen Havn. Dei får prisen for tilrettelegging av landstram for skip og initiativ til miljødifferensierte hamneavgifter.



Vestland fylkeskommune fekk over 191 millionar kroner i spelemidlar til fordeling til idretts- og friluftsanlegg i fylket.

APRIL



Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i fylket fekk 27 millionar kroner i støtte, mellom anna klyngetunet Havrå bruk på Osterøy som fekk 2,2 mill. kr til skjøtsel av kulturlandskapet.



Måndag 27. april var elevane tilbake i klasserom og på verkstadar etter nedstenging under pandemien. Elevar ved Slåtthaug videregående skole sa at det var kjekt å kome attende igjen. Dei hadde sakna skulen, klassen og lærarane.



Stad skipstunnel fekk 300 000 kroner av fylkeskommunen til realisering. Byggestar kan truleg skje i 2022.

MAI



Fylkesvaraordførar Natalia Golis døpte nasjonalbåten på Vågen i Bergen 17. mai. Dei to osevararane skal brukast av idrettslaget Kvernbut i Alver som turbåtar, til segling og roing.



Sunnfjord kommune fekk Turboprisen av UKM Norge. Dei 5000 kronene skal gå til det vidare arbeidet med Ung Kultur Møtest (UKM) i kommunen.

JUNI



Vidare utbygging av Bybanen er største prosjekt i handlingsplanen for Miljøloftet for 2021–2024.



Fylkesordførar Jon Askeland og fylkesvaraordførar Natalia Golis lanserte satsing på fly med nullutslepp. Dei sa at dette er ein ny milepæl i det mest framoverlente klimafylket i landet.



10-årsjubileet for Bybanen, ein av dei aller største suksessane i Bergen, vart markert fredag 19. juni.

Hendingar 2020



Fylkeskommunen gav 2,2 millionar kroner til utvikling av levande byar og stadar i sju kommunar i Vestland. Ein av dei, Kvam herad, fekk tilskot til vitenpark i Norheimsund.



Fylkesordføraren og klima- og miljøministeren var på besøk på Vingen ved Skatstraumen i Bremanger. Dei skulle lære om det unike samarbeidet med å forvalte eitt av dei fremste helleristingsfelta i Norden.



Dei fleste elevane fekk førstevalet innfridd då førsteinntaket til vidaregåande skule i Vestland var klart. Over 20 000 skulelevar i fylket fekk svar på søknaden.



Fagskolen i Hordaland tok i bruk eit flukkande nytt digitalt laboratorium til utdanning av fagskuleingeniørar. Rektor Torbjørn Mjelstad sa at dette er framtida.



Måndag 17. august byrja skuleåret for over 20 000 elevar i dei 45 vidaregåande skulanane i Vestland.



Arkeologar fann nesten 2000 år gamle spor under arkeologiske undersøkingar i Voss sentrum. Dei arkeologiske spora gir eit meir utfyllande bilet av Vossavangen enn vi har hatt før.



Ei reisevaneundersøking frå 2019 viste at i Bergen og bergensregionen kørde færre bil, fleire reiste kollektivt og fleire sykla.



Fylkeskommunen delte ut folkemusikkstipendet på 60 000 kroner til Steinar Rygg, mens Maria Skjeldrum Toppe og Johanne Løkensgard Mjøs fekk kvart sitt Folkemusikk Ung-stipend på 25 000 kroner.



Avtalen om 13 milliardar kroner til byutvikling i bergensområdet vart signert av alle partar.

JULI



Redningsskøyta RS4 Feie var snart tilbake i den standen ho var då ho kom til Bergen i 1893, takka vere pengar frå blant andre Vestland fylkeskommune og ein flittig dugnadsgjeng.



Vestland var første fylkeskommune i landet som vedtok eigen plaststrategi. Visjonen er plastfri natur og plastfritt hav.



Fylkeskommunen fordelte 75,3 millionar kroner i krisepakke til kommunane i fylket som fekk høg arbeidsløyse grunna pandemien.

AUGUST



Rivinga av det gamle fylkeshuset i Bergen var i full gang. Anleggssleiar Edvin Hesjedal sa at rivinga var miljøvennlig, med lite støv og støy, og at dei tok omsyn til naaboar og omgjevnadene.



Pengane til investeringsstøtte i landbruket i Vestland var brukt opp. I eit brev til Landbruks- og matdepartementet bad fylkeskommunen om 34 millionar kroner ekstra for resten av året.



Den første og einaste batteridrivne boreriggen i verda vart teken i bruk til bygginga av Bybanen til Fyllingsdalen.



Fylkestinget i Vestland vedtok å overføre kontrakten for tenestepensjon for fylkeskommunalt tilsette frå KLP til Storebrand.



Nye Askøy vidaregåande skule kostar 707 millionar kroner å bygge. Fylkestinget vedtok tidenes investering på Askøy.



Vestland fylkeskommune innfører nærskuleprinsippet ved inntak til vidaregåande skule. Det inneber at ikkje berre karakterar, men også kvar eleven bur, vil ha noko å seie.

Dei fullstendige nyhendesakene finn du på vestlandfylke.no



Anleggsgartneraren er blitt urban etter at Stend vidaregåande skule, endeleg etter 16 år, fekk utdanning for anleggsgartnerar og ein gartnerhall på 400 kvadratmeter.



Arkeologar fann spor 2000 år lengre tilbake i tid enn tidlegare kjent på jernalderunet på Modvo i Luster kommune. Her fann dei spor av jordbruk heilt tilbake til bronsealderen, så tidleg som rundt 1800 f. Kr.



Vestland fylkeskommune fekk andre plass i klimaprisen til KLP for grøn omstilling i drosjenæringa.



Litteratur, metal, jazz og eit kunstproduksjons-samarbeid i Fjaler, om mellom anna lyskunst, er blant prosjekta som fekk støtte frå Kulturelt utviklingsprogram. I alt 7,2 millionar kroner vart delt ut.



Fagskolen i Hordaland vann den nasjonale prisen for kvalitet i utdanning på ein million kroner.



Fylkeskommunen gav 13 millionar kroner til innovasjon og næringsutvikling i Vestland. Pengane gjekk mellom anna til auka kunnskap om villaks og aure, kompetanseutvikling for lokalmatprodusentar og gode buforhold for innvandrarar.



Fredag 1. desember var ein historisk dag i Bergen då 102 elbussar og 10 trolleybussar vart sette i drift. Og med det vart alle bussane i Bergen sentrum utsleppsfree.



Eit årsbudsjett for 2021 med store satsinger og gode tenester vart vedteke av fylkestinget. Fylkeskommunen satser på ungdom, auka gjennomføring i vidaregåande skule og at fleire skal ut i lære.



På Bakka i Nærøyfjorden vart eit eldhus datert til 1270-talet. Det er dermed det eldste ikkje-kyrkjelege mellom-alderhuset Vestland fylkeskommune har datert i denne regionen så langt.

OKTOBER



17 kunstnarar fekk 40 000 kroner kvar i kunstnarstipend frå Vestland fylkeskommune.



Nye Åsane vidaregåande skule vart offisielt opna. Skulen er eit flaggskip for yrkesfag.



Fylkeskommunen gjorde nybrotsarbeid for fylkeskommunale råd med å arrangere opplæring for råda i 36 kommunar med over 400 deltagarar.

NOVEMBER



Prosjektet «Eit modig vedtak» vann trafikktryggingsprisen. Den gjekk til Bergen kommune som var først i landet med å opprette hjartesone rundt skulane.



Vestland fylkeskommune vedtok å utvikle Selja Kloster som besøksmål i samarbeid med Stad kommune.

For 30. gong vart den norske julegrana tent i Cardiff. Lord Mayor of Cardiff, Rod McKeith, sa at dette stadfestet det sterke vennskapet mellom Cardiff og Vestland.


DESEMBER



Tradisjonen tru skapte julegrana frå Vestland julestemning og lyste opp for julstida i både den skotske hovudstaden Edinburgh og på øygruppa Orknøyene.



Fylkestinget vedtok å bruke 100 millionar kroner på å bygge nytt undervisningsfartøy ved Måloy vidaregåande skule.



Langhaugen vidaregående skole skal bli utvida for 189 millionar kroner. Det vil betre tilhøva for mellom anna kroppsøving, musikk og dans.



«I ein krevjande koronaperiode har eg opplevd tettare og styrka dialog med kommunar, næringsliv, kulturinstitusjonar og statlege beslutningstakrar. Vi er godt i gang med å forme rolla som samfunnsutviklar og ser fram til det vidare arbeidet med å byggje både fylket og organisasjonen!»

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Administrativ organisering – organisasjonskart



Sterkare saman

Året 2020 har vist at vi er sterkare saman enn kvar for oss. Måten vi som samfunn har møtt koronapandemien illustrerer dette. Styrken som ligg i samspel og fellesskap har også vore avgjeraende for dei resultata nye Vestland fylkeskommune oppnådde i det første driftsåret.

Det var med stor spenning og forventing vi tok fatt på 2020. Etter grundige førebuingar var 6000 dyktige og dedikerte tilsette klare til å ta fatt på det viktige samfunnssoppdraget med å utvikle Vestland. 9. januar markerte vi dette med felles kakefest for både elevar og tilsette over heile fylket.

Berre to månader seinare vart verda bokstaveleg talt snudd på hovudet av det som vart kåra til årets nyord i Noreg: Koronanen. Nærast over natta gjekk vi over til heimekontor, digital undervisning og tilpassa drift av kollektivtransport og tannklinikkar. Pandemien førde til store endringar i arbeidsmåtar og samarbeidsformer resten av året. Med positiv innstilling, endringsvilje og kompetente medarbeidrarar lukkast vi likevel med å opprettehalde tenestetilbodet til innbyggjarane innanfor rammene av aktuelle smitteverntiltak. Investeringane vi gjorde i forbetra IKT-løysingar i samband med fylkessamanslåinga var òg ein avgjeraende faktor i dette biletet.

Den store innsatsen som er lagt ned i 2020, viser tydeleg att i omtalen av kvar avdeling i denne årsmeldinga og dei flotte resultata som er oppnådde. Eg vil trekke fram noko av det organisasjonen har levert, som støttar opp under visjonen vår om å vere nyskapande og berekraftig:

- Frå årsskiftet overtok fylkeskommunen fullt ansvar for fylkesvegane. Ein ny fylkeskommunal sektor kom i drift på rekordtid og har levert gode tenester frå starten. Fylkesvegnettet er stort i Vestland og har mykje å seie for busetnad og næringsliv i heile fylket.
- Store miljøsatsingar vart gjennomførte med elektrifisering av ferjeflåten i tidlegare Hordaland og overgang til elektrisk bussdrift i Bergen som merkepunkt. Neste miljøsatsing er snøggbåtdrifta i tidlegare Sogn og Fjordane, der arbeidet med nye kontraktar er starta opp.

- Vi har opna nye Åsane vidaregåande skule og kulturhus, som nyttar geovarme og solceller som hovudenergijkelder. Vi har også starta bygginga av nytt bygg ved Sogndal vidaregåande skule avdeling Kaupanger i heiltre/tre, der CO₂-avtrykket berre er 50 prosent av det eit normalbygg vil ha etter gjeldande byggjeforskrifter.

- Vi har opna Nordens største ladepark for drosjar på Flesland, og Vestland har som det første fylket i landet vedteke ein eigen plaststrategi.
- Innanfor kulturområdet har fylkeskommunen fått leiinga for ei nasjonal nynorsksatsing i Den kulturelle skulesekken og i tillegg starta prosjektet «Nyskapande aktivitetsanlegg».
- Vi har gjennomført Vestlandsscenario 2020, som er ein analyse av moglegheiter og utfordringar for grøn omstilling i møte med globale utfordringar. Analysen vart også kåra til beste konsulentrapport i Noreg.
- Heile organisasjonen har gjennomført eit stort digitalt kompetanseløft. Fleire avdelingar har sett i drift nye system som forenklar og effektiviserer drifta, og vi har teke i bruk virtuelle assistenter (robotar) på ei rekke område.

Oppstarten av Vestland fylkeskommune var også prega av ein økonomisk utfordrande situasjon. Ferjekostnadane auka vesentleg samanlikna med 2019, og med låg vekst i dei samla inntektene måtte nivået på driftsutgiftene reduserast. Fylkestinget vedtok difor ein samla reduksjon på 500 mill. kr i den første økonomiplanperioden for Vestland fylkeskommune for å få driftsutgiftene i samsvar med inntektssida.

Med eit slikt krevjande bakteppe er det gledeleg å konstatere at årsrekneskapen for 2020 enda på plussida med margin på 216 mill. kr. Netto driftsresultat vart 7,4 prosent. Tek ein omsyn til tekniske justeringar for å sjå resultatet over tid, kjem vi over måltalet for berekraftig drift på 4 prosent. Dette

gjev Vestland fylkeskommune eit betre utgangspunkt for å handtere driftsutfordringane framover enn vi hadde ved inngangen til året. Det må likevel strekast under at dei statlege kompensasjonane i form av ekstra ferjetilskot og koronastøtte var heilt avgjerande for det gode resultatet.

Det er sjølv sagt ikkje ideelt å starte opp ein ny organisasjon midt i ei krisetid. Som fylkesrådmann vurderer eg likevel at Vestland fylkeskommune har kome godt ut frå startblokka. Saman med politisk leiing er det arbeidd for å etablere ein samspelskultur med kommunar, arbeids- og næringsliv, utdanningsinstitusjonar, kultur, idrett og frivillig sektor. Vi opplever at denne tilnærminga er teken godt imot av samarbeidspartnarane våre.

Den nye fylkeskommunen uttrykte tidleg ein ambisjon om å nytte handlingsrommet som ein sterk regional utviklingsaktør og bidra til vekst og utvikling i heile fylket. Dette vert spegla i utviklingsplanen for Vestland for perioden 2020–2024, som er tufta på berekraftsmåla til FN. Planen vil få administrativt

hald verte understøtta av konkrete tiltak og aktivitetar i kvar avdeling. På den måten vil vi i nært samspel med samarbeidspartnarane våre arbeide for å setje strategisk retning, engasjere og samordne utviklinga av fylket vårt.

Fylkesrådmannen vil avslutte med å takke alle tilsette for fantastisk innsats i 2020 under krevjande tilhøve. Arbeidet som organisasjonen i fellesskap har lagt ned, har medverka til at Vestland fylkeskommune kunne avslutte det første driftsåret på ein god måte. I tida framover skal vi halde fram med å utvikle oss, vidareføre merksemda på digitalisering og halde på viljen til å ta ansvar og gjennomføre det vi set oss føre. I tillegg skal vi jobbe aktivt med å oppnå måla i utviklingsplanen for Vestland og ta dette arbeidet frå ord til handling.

Lærdommen frå 2020 er klar: Sjølv hindringar som i utgangspunktet kan synast uoverkommelege, kan forserast dersom vi bestemmer oss for å klare det. Og når vi står saman, er vi mykje sterkare enn kvar for oss. Takk for innsatsen!



Rune Haugsdal
fylkesrådmann



Fylkeshuset på Leikanger.



Fylkeshuset på Sandsli i Bergen.

Trenden med lysande hjarte på bygg breidde om seg i heile landet seinhausten i 2020. Det starta på ein byggeplass i Førde, og med ein tanke om å spreie litt glede i eit år som var tungt for mange. Administrasjonsbygga til Vestland fylkeskommune på Leikanger, Sandsli og i Førde vart pynta med lyshjarte då vi gjekk inn i adventstida.



Storehagen Atrium i Førde.

Styring og kontroll av verksemda

Det vert arbeidd målretta og systematisk med oppfølging av drifta med risikovurderingar og andre kontrolltiltak. Som følgje av koronapandemien har det i 2020 vore gjort særskilte slike vurderingar for å sikre tenestetilbodet og den operative drifta av fylkeskommunen.

Kontrollutvalet

Etter kommunelova § 23-1 skal kontrollutvalet føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltinga på vegne av fylkestinget. Dette vert m.a. gjort gjennom reknesaksrevisjon, eigarskapskontollar (tidlegare kalla selskapskontollar) og forvaltingsrevisjonar.

Fylkestinget handsama tre selskapskontollar etter innstilling frå kontrollutvalet og ein forvaltningsrevisjon i 2020.

I tillegg til dette handsama fylkestinget plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020–2024 og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020–2024.

Kontrollutvalet gav også uttale til årsrekneskapane for 2019 for tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vidare gjennomførte kontrollutvalet oppfølging av ei rekke tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontollar i løpet av året.

Risikovurdering

Fylkesrådmannen har høg merksemd på risikokartlegging og -styring av den operative drifta. Kvar fylkesdirektør har i det årlege oppdragsbrevet sitt fått særskilt ansvar for å gjenomgå og oppdatere risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til drifta i eiga avdeling/sektor. Det nye felles kvalitetsstyringssystemet inneheld m.a. ein eigen modul for ROS-analysar, som avdelingane skal nytte i dette arbeidet.

I 2020 var det særleg merksemd på risikokartlegging og såkalla «kontinuitetsplanlegging» innan dei ulike tenesteområda i samband med koronapandemien.

Etikk og habilitet

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til høg etisk standard, jf. kommunelova. Dei vart vedteke av fylkesutvalet i desember 2019. I samsvar med verdiane til fylkeskommunen skal tilsette alltid tenkte og oppstre etisk, òg i situasjonar som ikkje er direkte nemnde i retningslinjene. Tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere medvitne om samfunnsansvaret sitt, oppstre på etisk forsvarleg vis, og slik at det ikkje skadar omdømet til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen er med i organisasjonen Transparency International Norge og nyttar organisasjonen sitt verktøy "Antikorrupsjonshåndbok for kommuner". Handboka er lagt ut i det sentrale kvalitetsstyringssystemet til fylkeskommunen.

Med utgangspunkt i dei etiske retningslinjene, vart det hausten 2020 starta eit arbeid med å utvikle eit nettbasert kurs med fokus på aktuelle etiske dilemma. Kurset vart lansert i januar 2021 og er obligatorisk for alle tilsette. Vidare er det utvikla eit nettbasert kurs i dei sentrale habilitetsreglane i forvaltningslova. Dette opplegget var klart i januar 2021 og er obligatorisk for alle tilsette i fylkesadministrasjonen og rektorane. Det vert arbeidd vidare med å utvikle ytterlegare opplæringsopplegg som skal ta for seg aktuelle problemstillingar for tilsette i ulike sektorar i fylkeskommunen.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS) – internkontroll

Vestland fylkeskommune har organisert HMS-arbeidet sitt med eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU) for heile fylkeskommunen og lokale AMU på alle skular, administrasjonsstadar og i ei rad avdelingar og seksjonar. Eit eige AKAN-utval er òg etablert. Det er utpeikt lokale HMS- og kvalitetskoordinatorar i alle avdelingar og på alle skular. Vernetenesta er sett opp med fylkeshovudverneombod i full stilling og assisterande fylkeshovudverneombod i 60 prosent stilling. Det er inngått avtale med bedriftshelseteneste frå Avonova (tidlegare Stamina). HR-seksjonen har ei eiga faggruppe, HR-HMS og kvalitetsstyring, som følgjer opp HMS-arbeidet, utarbeider nye rutinar og retningslinjer og syter for informasjon og kurs i det systematiske HMS-arbeidet.

For 2020 er det utarbeidd ny metodikk for HMS-rapportering, som vert gjennomført første kvartal 2021. Denne årlege rapportrutinen er eit viktig element i etterleving av internkontrollforskrifta. Vidare er det nye kvalitetssystemet/e-handboka (sjå avsnitt om kvalitetsstyring) eit sentralt verktøy for denne etterlevinga. Her finn ein mål for HMS-arbeidet, oversyn over ansvar og organisering, og retningslinjer for det lokale arbeidet med kartlegging, risikovurdering, handlingsplanar og årshjul. Fylkesrådmannen vil rapportere om arbeidet med internkontroll og resultat av statlege tilsyn i 2020 til fylkestinget i juni 2021.

Det vart gjennomført tre rundar med HMS-grunnkurs i 2020, alle på digital plattform. Til saman ca. 100 leiarar, verneombod og AMU-medlemmar gjekk gjennom grunnkursa.


Kvalitetsstyring

Ved oppstart 1. januar 2020 hadde fylkeskommunen operativt eit nytt digitalt kvalitetssystem. Opplæringsbehovet er stort, men planar for kurs og samlingar vart tidleg råka av koronatiltaka. Vi fekk likevel gjennomført ein del digital opplæring. I tillegg var det månadlege møte i eit kvalitetsforum, der HMS- og kvalitetskoordinatorane frå alle avdelingane og enkelte seksjonar var med.

Kvalitetssystemet inneheld fleire modular: dokument, avvik, årshjul, risiko og stoffkartotek. I dokumentmodulen, som kan lesast av alle tilsette via e-handboka, var det pr. desember 2020 publisert til saman 1749 dokument. I mappa for rutinar, retningslinjer og liknande som gjeld for heile fylkeskommunen, var det same tid publisert 144 dokument. Bruken av kvalitetssystemet er svært ujamn rundt om i organisasjonen, og det er stort behov for meir informasjon og opplæring. Det vert eit viktig satsingsområde framover.

For tilsette utan særskilte oppgåver i kvalitetstarbeidet, står systemet fram som ei e-handbok, der ein kan lese og skrive ut dokument, melde avvik, registrere varsel, slå opp i stoffkartotek og finne relevante lover, forskrifter og avtalar. Ein kan også finne dokument og melde avvik direkte frå intranettet til VLKF, sidan dette er saumlaust integrert med kvalitetssystemet/e-handboka.

Figuren viser statistikk for meldingar om uønskte hendingar og avvik m.m. i 2020





Therese Wathne (t.v.) tok til som personvernombod og juridisk rådgjevar i Vestland fylkeskommune 1. september. Her saman med Signe Rauboti, som også er juridisk rådgjevar i seksjon for juridiske tenester.

Varsling

Det er utarbeidd ny rutine for varsling av kritikkverdige forhold i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen har oppnemnt eit varslingsutval som i 2020 bestod av tre tilsette. Seksjon for juridiske tenester har hatt sekretariatet.

Varsel kan sendast via avviksmodulen i kvalitetssystemet. Tilsette kan velje mellom å sende varselet til nærmeste leiar eller til varslingsutvalet. Fleire av varsla varslingsutvalet fekk inn via avviksmodulen, viste seg i realiteten å vere meldingar om avvik. Desse vart overførte til «varslnaren» sin nærmaste leiar for vidare oppfølging.

Varslingsutvalet fekk inn to varslingssaker i 2020. I begge sakene var varslarane anonyme. Ei av sakene vart avslutta i 2020.

Personvern

Vestland fylkeskommune er lovpålagt å ha personvernombod. I 2020 hadde fylkeskommunen to ulike mellombelse personvernombod frå starten av året og fram til utgangen av august. Eit permanent personvernombod overtok funksjonen

1. september. I tillegg hadde fylkeskommunen gjennom store delar av året ein mellombels personvernrådgjevar, då det viste seg krevjande å rekruttere slik kompetanse i marknaden. Arbeidet med personvern i 2020 var såleis prega av lite kontinuitet og for liten kapasitet. Ny permanent personvernrådgjevar vil tiltre stillinga i mars 2021. Alle avdelingar har dessutan peikt ut eigne personvernkoordinatorar som skal handtere aktuelle oppgåver og problemstillingar i dei ulike einingane i nært samarbeid med sentral personvernrådgjevar og personvernombodet.

Fylkeskommunen skal varsle Datatilsynet dersom det har skjedd brot på personopplysningstryggleiken, og dersom det er sannsynleg at brotet vil medføre risiko for dei registrerte sine rettigheter og fridomar.

Tabellen under syner nokkeltal for arbeidet gjennom 2020

Avvik behandla i 2020	Lukka	Ikkje lukka
Behandling av interne avvik	7	7
Avvik behandla av linja (nærmeste leiar)	16	12
Avvik meldt til Datatilsynet	7	7

Medarbeidarundersøking

Den første medarbeidarundersøkinga i Vestland fylkeskommune vart gjennomført hausten 2020. Totalt deltok 88 prosent av dei tilsette. Arbeidet med å gå gjennom og presentere resultata starta opp før jul og oppfølging i einingane vil skje frå januar 2021.

Analyse av data viser at det er små forskjellar i svara til tilsette som kom frå tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, frå Statens vegvesen og dei som er nyrekrytterte inn i Vestland fylkeskommune. Det er heller ikkje store forskjellar mellom dei som sit fysisk lokaliserte saman med den nærmaste leiaren sin, og dei som praktiserer fjernleiing. Mange er også nögde med leiaren sin, opplever at dei får god støtte, og at arbeidet deira blir verdsett av leiinga. Dei aller fleste opplever at det er god tillit både mellom leiing og medarbeidarane, og mellom kollegaer.

Fleire tilsette gjev uttrykk for at dei ikkje opplever at sjølve samanslåinga av dei to tidlegare fylkeskommunane er godt nok grunngjeven. Det er gjennomgåande høgt arbeidstempo i fylkeskommunen. Mange har også ønskje om å få utvikle fagkompetanse sin vidare.

Medarbeidarundersøkinga hadde eigne spørsmål om uønskt seksuell merksemd og seksuell trakassering. 0,5 prosent av arbeidstakarane svarte at dei hadde opplevd dette. Temaet vart drøfta med alle leirarar ved gjennomgang av resultatet frå undersøkinga. HR-seksjonen jobbar systematisk med å sette dette på dagsorden, særleg i einingar som har mange tilsette med statistisk høg risiko for å bli utsette for denne type hendingar. Vidare rapporterte 7,7 prosent av dei tilsette at dei har opplevd mobbing på arbeidsplassen det siste året.

Det er på same nivå som andre fylkeskommunar i referansegrunnlaget, men er likevel ikkje akseptabelt. Det vert arbeidd vidare med nærmare analysar og tiltak knytt til dette, for å sikre eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for alle tilsette. Fylkesrådmannen vil saman med fylkesdirektørane peike ut nokre overordna område for utvikling og bevaring i organisasjonen som heilskap. Alle avdelingar og einingar skal dessutan arbeide vidare med eigne tiltak for forbetring og ivaretaking.

Eksterne tilsyn

Vestland fylkeskommune har hatt ei rekke eksterne tilsyn i 2020. Mange av tilsyna er knytte opp mot skuleanlegga, i form av lokale branntilsyn, eltilsyn, heistilsyn osb. I 2020 har det vore gjennomført statlege tilsyn og revisjonar/sertifiseringar i regi av Sjøfartsdirektoratet, Fiskeridirektoratet og Arbeidstilsynet opp mot maritime vidaregåande skular, yrkesfaglege skular og fagskulane. Fylkesmannen i Vestland gjennomførte tilsyn med Vestland fylkeskommune som skuleeigar opp mot voksenopplæringa, der innrettinga ved utvalde skular vart gjennomgått. I tillegg har Riksrevisjonen gjennomført revisjon av fengselsundervisninga, som sorterer under Åsane vgs.

Det vert arbeidd med å etablere eit felles system i Vestland for oppfølging av ansvaret som skuleeigar etter § 13-10 i opplæringslova og felles rutinar for oppfølging av eksterne tilsyn.

Fylkesrådmannen vil rapportere særskilt om arbeidet med internkontroll og resultat av statlege tilsyn i 2020 til fylkestinget i juni, jf. kommunelova § 25-2.

Sentrale nøkkeltal og rapportering

Tilsette

Ved utgangen av 2020 var det 6006 (5394*) tilsette i Vestland fylkeskommune. Av desse arbeider 4072 (3609) i opplæringssektoren, 501 (426) i tannhelsetenesta og 1433 (1360) i fylkesadministrasjonen, der egedomsdrift, reinhaldstenester og IKT-skule inngår i talet. Utanom dei tre sistnemnde områda er talet på tilsette i fylkesadministrasjonen 1031 (1014).

*) tala i parentes viser årsverk

Kjønnsfordeling

59 prosent av dei tilsette i Vestland fylkeskommune er kvinner. Tannhelsetenesta har størst kvinnedel med 92 prosent. I opplæringssektoren er kvinnedelen 57 prosent.

Blant IKT-konsulentane i skule er det menn som dominerer med 92 prosent av dei tilsette, medan kvinnene er i klart fleirtal blant reinhaldarane med 91 prosent.

Ser vi på kjønnsfordelinga i leiande stillingar, er det ei lita overvekt av kvinner med 55 prosent mot 45 prosent menn.

Tilsette i deltidsstillingar

Ved utgangen av 2020 var det registerert 1680 tilsette i deltidsstillingar. Dette utgjer 28 prosent av alle tilsette i VLFK. Dei som jobbar deltid fordeler seg med 70 prosent kvinner og 30 prosent menn. Totalt er 33 prosent av alle kvinnelege tilsette i fylkeskommunen i deltidsstillingar, medan delen av menn utgjer 20 prosent. Det vil bli gjennomført ei kartlegging av delen ufrivillig deltid i 2021.

Likestilling

Kjønnsbalansen er relativt god på dei fleste nivå når det gjeld leiarstillingar. Ved utgangen av 2020 var det 28 mannlege og 19 kvinnelege rektorar, i stillinga som assisterande rektor 16 menn og 20 kvinner. Vidare er halvparten av dei fire regionsleiarane i opplæringssektoren kvinner. I tannhelsetenesta er det berre kvinner i leiargruppa. Dei fem områdeleiarane er kvinner, og 21 av dei 24 klinikksjefane er kvinner. Blant stabs-/seksjonsleiarane i fylkesadministrasjonen er det 40 menn og 39 kvinner. Blant fylkesdirektørane er det 5 menn og 2 kvinner.

Det er ikkje avdekkja systematiske lønsforskjellar mellom kvinner og menn i fylkeskommunen. Eventuelle kjønnsbaserete lønsforskjellar vert forsøkt avdekkja og retta opp i dei årlege lønsforhandlingane. I samband med fylkessamanslåinga er det dessutan starta opp eit kartleggingsarbeid med mål om lønsharmonisering mellom tilsette i tilsvarande stillingar hos dei to tidlegare fylkeskommunane, der dette er rimeleg.

Nye reglar i likestillings- og diskrimineringslova om aktivitets- og utgreiingsplikt gjer at Vestland fylkeskommune frå 2020 må ha sterkare merksemd på likestillings- og diskrimineringsarbeidet. Administrasjonen vil i 2021 leggje fram sak til administrasjonsutvalet der ein gjer greie for status knytt til aktuelle nøkkeltal og eventuelle problemstillingar ein ser i organisasjonen.

Tal på tilsette*	2020
Totalt Vestland fylkeskommune	6 006
Kvinner	3 539
Menn	2 467
Sektorvis fordeling	
Fylkesadm./andre**	1 031
Kvinner	522
Menn	509
Opplæring***	4 072
Kvinner	2 333
Menn	1 739
Egedomsdrift og reinhald****	
Kvinner	217
Menn	117

IT-konsulentar på vgs****	68
Kvinner	5
Menn	63
Tannhelse	501
Kvinner	462
Menn	39

Tilsette i deltidsstillingar	2020
Totalt i fylkeskommunen	1 680
Kvinner i deltidsstillingar	1 183
Kvinner i deltidsstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	33,4 %
Menn i deltidsstillingar	497
Menn i deltidsstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	20,1 %

Årsverk	
Totalt fylkeskommunen	5 394
Kvinner	3 125,2
Menn	2 269,1
Sektorvis fordeling	
Fylkesadm./andre**	1 014
Kvinner	512
Menn	502
Opplæring***	3 609
Kvinner	2 027
Menn	1 582
Eigedomsdrift og reinhald****	303
Kvinner	192
Menn	111
IT-konsulentar på vgs****	43
Kvinner	4
Menn	40
Tannhelse	426
Kvinner	391
Menn	35

* inkl. heiltidspolitikarar

** inkl. Skyss, Bybanen utbygging, eigedomsavdelinga utan seksjon drift, adm. opplæring og heiltidspolitikarar

*** gjeld alle skular + rettleiing + områdeleiarar

**** gjeld eigedomsavdelinga - seksjon for drift og vedlikehald

*****gjeld SUD - IT seksjon tenesteleveranse

Likestillingsbarometer per 31.12.2020	Kvinner	Totalt
Opplæring		
Rektorar	19	47
Ass. rektorar	20	36
Tannhelsetenesta		
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl. områdeleiarar	6	6
Klinikkleiarar	21	24
Fylkesadministrasjonen		
Fylkesdirektørar og fylkesrådmann	2	8
Stabs-/seksjonsleiarar*	39	79
Skyss og Bybanen utbygging - leiatar	8	22

* Utan tannhelse, kontrollsjef og rådmann m. fylkesdirektørar.
Med områdeleiarar opplæring.

Tilsette i leiane stillingar	2020
Kvinner	251 (54,6 %)
Menn	209 (45,4 %)

Prosentfordeling tilsette etter kjønn	
Kvinner	58,9 %
Menn	41,1 %

Likeverd

Vestland fylkeskommune følgjer likeverdsplanen som vart vedteken av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune i 2017. Målet er å fremje formåla i likestillings- og diskrimineringslova når det gjeld etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Planen skal reviderast i 2021. Som arbeidsgjevar søker fylkeskommunen å ta vare på likeverdet gjennom å legge likestilling og inkludering til grunn ved all rekruttering og personaloppfølging. Fylkestinget vedtok i juni 2020 at Vestland fylke skal vere antirasistisk sone. Administrasjonsutsvalet har fått eit særleg ansvar for å følgje opp aktuelle tiltak knytt til dette viktige arbeidet i eigen organisasjon.

Mangfold

Ved inngangen til 2020 var det 467 tilsette med innvandrarbakgrunn i Vestland fylkeskommune. Det utgjer 8,2 prosent av alle tilsette i fylkeskommunen. Dei fordeler seg med 249 tilsette i opplæringssektoren, 73 i tannhelsetenesta og 145 i fylkesadministrasjonen, Skyss, Bybanen Utbygging og eigedom (drift/reinhald).

Fordelinga etter landbakgrunn viser at det er 238 tilsette fra EU-/EØS-området, USA med fleire og 229 tilsette utanom dette området ("ikkje vestlege land"). Sistnemnde gruppe utgjer 4 prosent av den totale arbeidsstyrken. For tannhelsetenesta og eigedomsavdelinga er fleirtalet av dei tilsette med innvandrarbakgrunn frå "ikkje vestlege land".

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i Vestland fylkeskommunen var i 2020 på 5,78 prosent. Som følgje av samanslåinga av dei tidlegare fylkeskommunane har vi fått eit brot i statistikkgrunnlaget. Det gjer det problematisk å samanlikne 2020 med 2019. Samanlikning med nasjonale tal er også vanskeleg, fordi det i skrivande stund ikkje ligg føre tal for 4. kvartal 2020. Dei fire siste kvartala på nasjonalt nivå peiker likevel mot eit sjukefråvær i heile Noreg på ca. 6,1 prosent.

Kjønnsskilnaden i fråværet i fylkeskommunen er tydeleg og på line med norsk arbeidsliv elles. Fråværet for kvinner var på 7,23 prosent, medan det for menn var på 3,81 prosent.

Tannhelse er den sektoren som har høgst sjukefråvær. I 2020 var fråværet her på 11,6 prosent. For skulane og rettlei-

ingstenesta var sjukefråværet på 5,2 prosent, og for fylkesadministrasjonen på 5,1 prosent.


Forholdet mellom eigenmeldt og legemeldt fråvær held seg stabilt, og er på linje med dei nasjonale tala. Prosenten med eigenmelding er noko lågare enn det som har vore vanleg i dei to tidlegare fylka. Ei naturleg forklaring er at det vart mindre behov for eigenmelding under koronatiltaka med bruk av heimekontor og digital undervisning.



Sjukefråværet fordelt på fråværslengd viser at størstedelen av fråværet varer over åtte veker.

Sjukefråvær VLFK 2020, samla og kjønnsfordelt



Eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær VLFK





Lønsoppgjer

Lønsoppgjeren i 2020 vart spesielt på grunn av koronapandemien. Lønseksten vart lågare enn venta, og resultatet enda med ein årlønsvekst på 1,7 prosent (same som frontfaget). Innan KS-området var allereie 1,6 prosent bunde opp av overheng og lønsgliding. Det gav eit datotillegg på 0,3 prosent per 1.9 for kapittel 4, medan ramma/datotillegget i kapittel 3 og kapittel 5 i VLFK var på høvesvis 0,6 prosent og 0,7 prosent pr. 1.5.

Det var store utfordringar knytte til det lokale lønsoppgjeren (kap. 3 og 5) i 2020. Som følgje av flytting av det sentrale lønsoppgjeren måtte også det lokale oppgjeren utsetjast. I tillegg fekk ein kort frist til gjennomføring. Oppgjeren var krevjande, og det kom til brot med sju organisasjonar. Lokal kretsmeklar gav VLFK medhald i dei sju sakene som gjekk til lokal nemndsbehandling. Mellom anna fekk VLFK tilslutnad til gjennomføringa av eit forenkla lønsoppgjer i 2020 ved at det vart gitt eit flatt tillegg til alle som var omfatta av det lokale lønsoppgjeren.

Samarbeid med tillitsvalde

Det er tillitsvalde for 25 arbeidstakarorganisasjonar i Vestland fylkeskommune, og dei største organisasjonane er tildelt frikjøpsressurs heilt eller delvis. Pr. 31.12.2020 var det tildelt 1440 prosent til frikjøp av hovudtillitsvalde. I tillegg er det sett av ressursar på skulane til plasstillitsvalde for dei største organisasjonane. Vidare har dei to fylkeshovudverneomboda 160 prosent frikjøp.

Medråderetten for dei tillitsvalde vert utøvd gjennom representasjon i lovbestemte og andre utval/møteorgan (administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, informasjons- og drøftingsmøte, partssamansette arbeidsgrupper m.m.).

I 2020 vart det gjennomført tolv informasjons- og drøftingsmøte på konsernnivå pluss ein evalueringskonferanse om medråderetten. I tillegg kjem samhandlingsmøte på avdelings- og/eller einingsnivå.

Lærlingar og trainee

Fylkeskommunen hadde hausten 2020 totalt 79 aktive lærekontraktar. Det er ein auke på sju lærlingar samanlikna med det dei to fylkeskommunane hadde før samanslåinga. Det er stort behov for læreplassar, og fylkeskommunen skal vere ein aktør som tar samfunnsansvar ved å tilby læreplass innan dei faga som naturleg fell inn under oppgåvene til verksemda.

VLFK er også oppteken av å gje nytdanna relevant jobberfaring. Fylkesadministrasjonen har kvar haust ein ny trainee som gjennom eitt års engasjement får nyttig erfaring innan aktuelle fagfelt. Traineeordninga gjev fylkeskommunen nye impulsar og nytdanna med bachelor- eller mastergrad ein spennande veg inn i arbeidslivet. Det vert arbeidd for å kunne utvide denne ordninga.




Dei vidaregåande skulane våre gjer yrkesfagelevane klare for arbeidslivet og lærlingtilværet. Sjølv hadde fylkeskommunen 79 aktive lærekontraktar i 2020.

Mobbeombodet i Vestland

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn, elevar i grunnskulen og føresette i Vestland. Gjennom råd og rettleiing bidreg ombodet til at barn og unge skal få oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

I 2020 fekk mobbeombodet totalt 185 førespurnader knytt til barns psykososiale miljø – hovudsakleg frå barnehage, grunnskule og SFO, men òg frå vidaregåande opplæringsfelt og fritidsorganisasjonar. I tillegg har vi fått generelle spørsmål frå tilsette i barnehage, skule og kommune om førebyggning og god handtering. På bakgrunn av førespurnadene legg ombodet fram oppmodingar i årsmeldinga til fylkestinget. Årsmelding for barnehage- og skuleåret 2019–2020 vart lagt fram for fylkestinget i september.



Ombodet held øg føredrag og innlegg for tilsette, føresette og elevar. På grunn av koronapandemien har det vore nokre færre i 2020 enn tidlegare år, men fleire har blitt gjennomførte digitalt.

Mobbeombodet arbeider aktivt for å dele kunnskap om kva rettar barn og unge har til eit trygt og godt miljø. Det gjer vi mellom anna ved å vere tilgjengelege på sosiale medium og ved å delta i samfunnsdebatten og i mediesaker.

Elev- og lærlingombodet i Vestland

Elev- og lærlingombodet er fylkeskommunen sitt ombod for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring. Ombodet arbeider på eit fritt og sjølvstendig grunnlag, og skal bidra til å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får teke i vare rettane sine.

Elev- og lærlingombodet har flest førespurnader som gjeld lærlingar og læretid. Førespurnadene er varierte, og kan omhandle alt frå spørsmål om manglande fag og tilrettelegging, til heving av lærekontrakt.

Oversikt over førespurnader til elev- og lærlingombodet

År	Gjeld elevar	Gjeld lærlingar	Generelle/ andre	Totalt
2020	113	262	6 *	381

*eksempelvis førespurnader som gjeld grunnskule/fagskule, som er utanfor mandatet til ombodet.

På bakgrunn av førespurnadene legg ombodet fram tilrådin-gar i årsmeldinga si til fylkestinget.

Fleire av førespurnadene til elev- og lærlingombodet i 2020 var prega av situasjonen med korona. Det var til dømes spørsmål som omhandla fråværsreglement for elevar eller permittering og manglande gjennomføring av fagprøve for lærlingar. Det vart utført færre skulebesøk enn normalt i periodane med stengte skular og heimeundervisning.



F.v. elev- og lærlingombod Sigrid Isdal, mobbeomboda Aina Drage og Mari-Kristine Morberg og elev- og lærlingombod Venke Nordeide.

Samfunnsoppdrag – visjon – verdiar

Frå ord til handling

Ved oppstart av Vestland fylkeskommune 1. januar 2020, var samfunnsoppdrag, visjon og verdiar alt på plass. Dette skal nyttast i arbeidet med å bygge felles organisasjonskultur for alle tilsette.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar vart til gjennom ein inkluderande identitetsprosess vi arbeidde med gjennom heile 2019. Både tilsette, innbyggjarar og folkevalde var involverte gjennom spørjeundersøkingar, intervju, dialogmøte og samlingar. Målet var å samstemme ønska og forventningane til innbyggjarane med den nye organisasjonskulturen. Fylkesrådmannen og leiargruppa hans stod sjølve for arbeidet med å analysere all informasjon som kom inn og å utvikle dei endelige formuleringane. Det var ein styrke for vidare bygging av organisasjonskulturen at det nye Vestland fylkesting samröstes vedtok resultatet av arbeidet.

Utfordringa gjennom heile 2020 har vore å «gjere ord til handling». Vestland som ein nyskapande og berekraftig fylkeskommune – basert på åtferdsverdiane kompetent, open og modig

– vert først ein realitet når orda får konsekvens for arbeidet i organisasjonen.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar er utgangspunktet for alle overordna strategiar og planar. Trekløveret set slik ei felles retning for alt fylkeskommunen gjør. Leiarar har eit særleg ansvar for aktualisere verdiane og handlingsreglane i det daglege arbeidet i avdelingane. Fylkesrådmannen gjekk føre og formidla denne bodskapen i ein internvideo då dei første verdiplakatane vart hengde opp i fylkeshuset på Sandsli. Leiarar fekk samstundes presentasjonsmateriell dei kan bruke som hjelpemiddel for kulturbygginga. Det har elles blitt utarbeidd plakatar og anna materiell i ny grafisk profil. Det er distribuert til skular, tannklinikkar og administrasjonsbygg i heile fylket.

Dette er berre starten på eit langsiktig kulturbyggingsarbeid som i røynda aldri tek slutt. Det er viktig at samfunnsoppdrag, visjon og verdiar er tema i kvardagen og gjenstand for diskusjon.




Fylkesrådmann Rune Haugsdal bidrog til å få verdiplakatane på plass på veggen på fylkeshuset på Sandsli. I samband med det vart det publisert ein video om verdiarbeid på intranettet og sendt ut power pointar i eit leiaropplæringsprogram.



Verdiar

Kompetent <ul style="list-style-type: none">• Vi utviklar og deler kompetanse• Vi ser heilskapen og prioriterer• Vi tek brukaren sitt behov på alvor og søker effektive løysingar	Open <ul style="list-style-type: none">• Vi er nysgjerrige på nye perspektiv og idear• Vi involverer og søker dialog og samarbeid• Vi er ærlege, og alt vi gjer toler dagens lys	Modig <ul style="list-style-type: none">• Vi vågar å utfordre oss sjølv og andre• Vi tek kunnskapsbaserte val og står for det vi meiner• Vi tør å gå føre og lærer av feila våre
--	---	---



Bilete av ekpressbåten som legg til kai i Sogndal, sett frå fugleperspektiv.

Overblikk – vår visuelle identitet

Vestland fylkeskommune sin visuelle identitet viser forenkla utsnitt av fylket sett frå lufta. Konseptet har fått namnet "Overblikk".

Den visuelle identiteten er knytt til fylkesvåpenet til Vestland. Mens fylkesvåpenet er ei attgjeving av kystlinia sett ståande framanfrå, har designkonseptet «Overblikk» teke utgangspunkt i eit perspektiv ovanfrå. Overblikk sier noko om kontroll, oversikt og inkludering og er ein fin metafor for heile fylkets verke. I fugleperspektiv har vi eit overblikk over heile fylket, med dei karakteristiske fjordene og den tagete kystlinia.



Kort med motiv frå dekorelementet i alle dei forskjellige profilfargane.

Elementa i profilen består av logo, fargepalett, dekorelement, skrifftype, ikonsett og fotostil. Profilhandboka forklarer korleis alle desse elementa skal brukast for at kommunikasjon frå fylket vere tydeleg og framstå som attkjenneleg og einsarta i alle kanalar.

Logo


Logoen er sjølvе symbolet på fylkeskommunen. Han er samansett av våpenskjoldet og fylkesnamnet. Berre unntaksvis kan fylkesvåpenet nyttast åleine utan namneteksten.

Logo skal alltid vere med på publikasjonane våre og må framstillast etter retningslinene for bruk av logo:

- Plasser aldri avdelingsnamn, slagord eller anna tekst inn som en del av sjølvе logoen.
- Avstanden frå logo til andre grafiske element skal vere minimum avstanden til breidda på fylkesvåpenet i logo.
- Ikke plasser logo på urolege bakgrunnar.
- I oppramsing gjeld heraldiske reglar for rekkefølgje. Først riksvåpen, så fylkesvåpen, kommunevåpen og til slutt andre.

Skrifftype

Roboto er profilfonten vår. Skriftypen er godt lesbar, og med eit klart og tydeleg preg som eignar seg godt både i store storleikar og i lita skrift.



Dekorelement

Dekorelement i profilen er ei forenkla framstilling av landskapet i fylket sett ovanfrå. Det er teikna inn fjord, skog, by/tettstad, isbre, vêr, og dei fylkeskommunale tenestene veg, vidaregåande skular og tannklinikkar. Alle desse kjenneteikna har fått kvart sitt visuelle mønster. Gjennom dette overblikket kan vi ta utsnitt av større eller mindre deler av fylket, og på den måten skape eit variert visuelt bilet med mange variasjonsmogeligheter.

Fargar

Fargepaletten til «Overblikk» består av tolv fargetonar som framhever den djupe blå fargen i fylkesvåpenet.

Profilfoto

Akkurat som det geografiske kartet er brukt som tilleggselement er fotomotiva tekne i fugleperspektiv i ulik avstand til objekta. Profilbileta i fotostilen brukast på same måte som dekorelementet. Vanlege foto skal som hovedregel vere tekne i realistiske situasjoner og omgjevnader, og skal vere tekne i Vestland fylke.


Ikonsett

Vestlands ikon har eit enkelt uttrykk med solide linjer og få detaljar. Dei brukast hovedsakleg på digitale flater.

Bomber

Bombane er organiske og følger formspråket til dei geografiske elementa i kartet. Bombane brukast for å framheve viktig informasjon som til dømes søknadsfristar, dato for arrangementer. Dei kan opptre i alle fargar i Vestlands fargepalett, i tillegg til svart eller kvit.

Thin	Medium	Thin
<i>Thin Italic</i>	Medium Italic	<i>Light</i>
Light	Bold	<i>Regulag</i>
<i>Light Italic</i>	Bold Italic	Bold
Regular	Black	
<i>Regular Italic</i>	Black Italic	





A vertical photograph on the left side of the page shows a child's arm and hand gripping a green metal bar of a playground structure. The child is wearing a blue cap and a light blue t-shirt with small red and yellow patterns. The background is blurred green foliage.

Vi utviklar Vestland

Alle politiske saker i Vestland fylkeskommune har ein bok som heiter vurderingar og verknadar. Her omtalar vi kva konsekvensar vedtaket vil ha for utviklingsplanen, økonomi, klima og folkehelse. I dette kapittelet tek vi føre oss desse fire tema.

Vedtaket av Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 er den store milepålen i 2020. Han set kurs, og syner korleis alle skal dra i same retning. Vestland fylkeskommune gjorde opp årsrekneskapen for annleisåret 2020 med eit solid resultat. Klima og miljø er premiss for samfunnsutviklinga, og Vestland skal vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Vi jobbar for å fremje god helse og livskvalitet for folk i fylket, mindre sosiale ulikskapar, og for å leggje til rette for eit samfunn som er tilgjengeleg for alle.

Folkehelsearbeidet til fylkeskommunen femner breitt. Ein del av det er å leggje til rette for at alle i fylket skal kunne vere fysisk aktive kvar dag, som her i klatreparken i Førde.

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024

Fylkestinget vedtok utviklingsplanen for Vestland fylke (regional planstrategi) i september. Fylkeskommunen, statlege organ og kommunar skal legge utviklingsplanen til grunn for planarbeidet sitt og verksmeda si. Utviklingsplanen er



lovpålagt, og han er laga i samsvar med dei nasjonale forventingane regjeringa har til regional og kommunal planlegging. Gjennom året gjorde vi eit omfattande arbeid både med medverknadsprosessar og med å utarbeide sjølvé planen.

Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling er sentrale stikkord. Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling. Dei 17 berekraftsmåla til FN er sentrale, overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.

Fire hovudmål

Utviklingsplanen har følgjande hovudmål:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping

Kvart hovudmål er knytt opp mot relevante berekraftsmål. I tillegg er det knytt strategiar til hovudmåla for å setje nærmare retning for korleis måla kan nåast.

Det viktige arbeidet med å lage indikatorar for å omsetje berekraftsmål til vårt bruk starta i 2020. Gode indikatorar for å følge opp berekraftsmål – og dermed hovudmåla i utviklingsplanen – er sentralt for å kunne vurdere at vi går i rett retning.

Det vert òg arbeidd med korleis vi skal kople målsetjingane i utviklingsplanen opp mot utviklingsarbeidet internt i fylkeskommunen. Vi ser på korleis vi kan lage sektorvisse tiltak knytt til strategiane for kvart av hovudmåla i planen. Arbeidet med gode indikatorar er sentralt også her for å sikre at resultata av tiltaka kan målast på ein god måte.



Utvikling og økonomi

Utviklingsplanen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap. I følgje kommunelova § 14-1 skal fylkeskommunen utarbeide samordna og realistiske planar både for eiga verksemder og økonomi og for utvikling i regionen. Tydeleg samanheng mellom utviklingsplanen og økonomiplanen er avgjeraende for om plansystemet fungerer godt, og for om det i praksis vert lagt til grunn for økonomiske prioriteringar.

I utviklingsplanen går det fram at alle regionale planar skal gjøre greie for korleis dei kan bidra til å støtte opp om hovudmåla i utviklingsplanen. Det gjeld også økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Utviklingsplanen kan dermed hjelpe oss med eit blikk på tvers av sektorar som grunnlag for prioriteringar og budsjett. Det er vesentleg for at planlegging og tiltak i sum skal bidra til å oppnå berekraftsmål til FN.

Gjenomføring av utviklingsplanen inkluderer også underliggende regionale planar, strategiar og temaplanar. Handlingsprogramma i planane er sentrale grunnlag for budsjett. Vestland fylkeskommune arbeider systematisk med desse for å styrke samordninga på tvers av avdelingar og inn i budsjettprosessen. Utviklingsplan for Vestland prioriterer planprosessar som skal skje i perioden fram til 2024. Utviklingsplanen vart vedteken i september, og det er difor ikkje gitt ei fullstendig rapportering med utgangspunkt i planen i årsmeldinga for 2020.



Utviklingsplanen set kursen for Vestland dei neste åra. Eitt av dei fire måla er at lokalsamfunna skal vere ramme for gode kvardagsliv i heile fylket, som her på Leikanger.

Vestland fylkeskommune

Mål 1

Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådriver for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Strategiar

1.1 Vestland fylke skal medverke til å minimer skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følge av pålagde tiltak knytt til handteringen av koronapandemien.

1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurranseskraft og entreprenørskap.

1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeidsopp mønstringssiv basert på regionale fortynn, forskning og innovasjon.

1.4 Vestland fylke skal aktivt seke dei mogleghetene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Vestland fylkeskommune

Mål 2

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Strategiar

2.1 Vestland skal vere ein pådriver for klimaomstilling og nullutslipp.

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturarv.

2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Vestland fylkeskommune

Mål 3

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv

Strategiar

3.1 Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.

3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Vestland fylkeskommune

Mål 4

Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategiar

4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.

4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.

4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Godt økonomisk resultat

Statleg støtte, færre fysiske møte, mindre reising og innsparing i drifta gav eit godt resultat for Vestland fylkeskommune. Rekneskapen for 2020 vart gjort opp i balanse, samstundes er disposisjonsfondet til fylkeskommunen styrkt med knapt 216 mill. kr.

Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
+ Skatt og rammetilskot	10 360,6	10 277,9
+ Andre driftsinntekter	4 176,4	3 195,6
- Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	12 650,0	11 931,0
= Brutto driftsresultat	1 887,0	1 542,5
- Netto renteutgifter	188,4	259,5
- Avdrag	617,4	616,0
= Netto driftsresultat	1 081,2	667,0
Driftsmidl. til investeringar	655,2	655,2
Avsetjing til bundne fond (netto)	364,2	187,0
Avsetjing til disp.fond (netto)	244,9	8,1
Bruk tidlegare års mindreforbr.	-183,1	-183,3
Sum disponeringar	1 081,2	667,0

Driftsrekneskapen for 2020 vart gjort opp i balanse, i samsvar med den nye rekneskapsforskrifta. Ved rekneskapsavslutninga vart det avsett 215,8 mill. kr til disposisjonsfond. Vidare strauk ein budsjettert bruk av disposisjonsfond på 70 mill. kr.

Budsjettavvik

Fellesinntekter og fellesutgifter

Som omtala over vart det totale budsjettavviket for Vestland 215,8 mill. kr. Hovudforklaringa på dette positive avviket er å finne på budsjettområda for fellesinntekter og fellesutgifter.



Då revidert nasjonalbudsjett kom i mai, vart det lagt inn 150 mill. kr til miljøvennlege ferjeløysingar, og Vestland fekk over halvparten med 77,5 mill. kr. Dette er noko av forklaringa på det positive budsjettavviket Vestland fylkeskommune hadde i 2020.

Det største bidraget til det gode resultatet kom frå sentrale inntekter som ikkje var med i det vedtekne budsjettet til Vestland. For det første vart det i revidert nasjonalbudsjett som kom i mai, lagt inn 150 mill. kr til miljøvennlege ferjeløysingar i 2020. Vestland fylkeskommune fekk over halvparten av denne summen: 77,5 mill. kr. Utgiftene til Vestland sine elektriske ferjer var alt innarbeidde i fylkesbudsjettet. Den ekstra summen vart difor sett av som ein reserve, noko som gav eit positivt budsjettavvik.

Den andre inntekta frå staten som bidrog til det gode resultatet, var utbetalinga frå havbruksfondet. Nivået på desse utbetalingane har variert frå år til år, og for 2020 hadde Vestland i opphoveleg budsjettet med berre 2 mill. kr frå dette fondet. Utbetalinga vart 61,9 mill. kr, og dette gav følgjeleg eit større positivt budsjettavvik.

Vidare var det også eit stort positivt avvik på rentekapittelet. Netto innsparing for renteutgifter og renteinntekter samla var på 57,7 mill. kr. Dette er ei direkte følgje av pandemien og eit rentenivå langt under det ein normalt kan rekne med. Noregs Bank senka våren 2020 styringsrenta til 0 prosent, under renteføresetnadane som Vestland hadde i det opphoveleg budsjettet for 2020.



Når det gjeld skatteinntekter fekk Vestland i 2020 inntektsført ein skatteinngang på 3 995 mill. kr. Dette gav eit positivt budsjettavvik på 18,6 mill. kr. Her må nemnast at skattebudsjettet det vert målt mot, vart sett ned med 160 mill. kr etter 1. tertial. Årsaka til reduksjonen var dårlegare konjunkturar og skatteprognosar i 2020 grunna pandemien.

Konsesjonskraftinntektene fekk negativt resultat i 2020. Årsaka til dette var låge kraftprisar i store delar av 2020. På slutten av året fekk prisane eit kraftig oppsving, men det kunne ikkje vege opp for det låge prisnivået tidlegare i 2020. Det negative budsjettavviket på området vart på 36,8 mill. kr.

Sektorresultata

Sektorane fortener ros for økonomifokus og -styring gjennom eit turbulent år. Dei fleste sektorane har positive budsjettavvik som skuldast verknadar av pandemien. Gjennomgåande kjem innsparingane av færre fysiske møte, seminar og kurs. Det har òg vore langt mindre reising enn det ein tok høgde for i budsjettet for 2020. Under er ein kort gjennomgang av sektorane sine resultat.

Det største budsjettavviket blant sektorane hadde opplæring og kompetanse eit positivt resultat på 47 mill. kr. I tillegg fekk

Vestland ei statleg overføring på 13 mill. kr, som var kompensasjon for verknadar av pandemien i opplæringssektoren. Denne inntekta vart liggende utanom resultatet til opplæring, fordi det av tidsomsyn ikkje var mogleg å gjere vedtak om å flytte midlane til sektoren sitt budsjet. Vidare var det innsparinger på totalt 32 mill. kr innan følgjande område: rekruttering og kompetanse, gjesteelevar, tilpassa opplæring, vaksenopplæring og privatisteksamen. I tillegg hadde sektoren vakansar som medførte innsparing på 14 mill. kr. Skulane sine fond vart netto reduserte med om lag 14 mill. kr.

For mobilitet og kollektiv syner rekneskapen eit negativt budsjettavvik på 26,5 mill. kr. Også for mobilitet og kollektiv kom kompensasjonsmidlar frå staten heilt på slutten av året. På same måte som for opplæring vart desse heller ikkje inntektsført på sektorbudsjettet. For mobilitet og kollektiv utgjorde dette 56,5 mill. kr. Dersom ein reknar inn desse midlane, ville sektoren enda opp med eit positivt resultat på 30 mill. kr. Hovudårsaka til eit såpass godt resultat i 2020 for kollektivsektoren på tross av pandemien er altså at staten har føgt godt opp. Det er gjeve full kompensasjon for dei tapte kollektivinntektene i perioden med nedstenging og smitteverntiltak.

Infrastruktur og veg hadde eit negativt resultat på 16,9 mill. kr. Dette resultatet kan i hovudsak tilskrivast tilhøve ved avviklinga av ordninga med sams vegadministrasjon. I samanhend med avviklinga måtte dei to gamle fylka i 2019 setje av midlar til faktura som gjaldt 2019, men som vart bokført i 2020. Desse avsetningane viste seg å ikkje vere tilstrekkelege; summert for begge fylka utgjorde dette 14 mill. kr. Elles er det nokre mindre negative budsjettavvik innanfor sektoren.

Tannhelsetenesta hadde budsjettoverskridning på 2,1 mill. kr i 2020. Tannhelse hadde ein monaleg inntektssvikt i 2020. Av eit samla budsjett for pasientinntekter på over 100 mill. kr, fekk ein ikkje inntektsført meir enn om lag 60 mill. kr. Dette gav eit inntektstap på over 40 mill. kr i 2020. Til forskjell frå kollektivsektoren har ikkje staten kompensert inntektstapa innan tannhelse, og dette har medført eit stort negativt avvik på inntektssida. Vidare hadde TkVestland negativ drift, og fekk eit negativt budsjettavvik på 5,5 mill. kr. Det som likevel har gjort at sektoren har klart å få eit relativt lite negativt samla resultat i denne situasjonen, er stram økonomistyring som har gjeve store innsparingar på ulike driftskostnadars og mindre lønskostnadars grunna vakansar.

Organisasjon og økonomi hadde eit positivt resultat på 36,6 mill. kr. I dette resultatet ligg innsparingar på ulike område som i hovudsak skuldast pandemien: personaltiltak, HMS-kostnadars og leiarutvikling. I tillegg har ein oppnådd ulike kostnadsreduksjonar i avdelingsdrifta. Samla står desse innsparingane for om lag 15 mill. kr av det positive resultatet. Eigedomsavdelinga inngår i organisasjon og økonomi, og avdelinga hadde innsparingar på samla 20 mill. kr i 2020.

Av dette er 8 mill. kr knytt til lågare vikarkostnadar, og 12 mill. kr skuldast vakansar og lågare nivå i 2020 på mellom anna reiser, samlingar og energi enn det ein budsjetterer med i eit normalår.

Den andre stabsavdelinga, strategisk utvikling og digitalisering, hadde eit positivt resultat på 2,3 mill. kr. Hovudårsaka til at ein har oppnådd eit positivt resultat er vakansar og innsparinger grunna korona. IKT-området, som er del av denne stabsavdelinga, hadde eit større negativt budsjettavvik i 2020.

Budsjettområde for politisk styring og kontrollorgan hadde eit positivt budsjettavvik på 11,1 mill. kr. Dette kan delast inn i positive resultat på 7,5 mill. kr for politisk styring og 3,6 mill. kr for kontrollorgan. Desse avvika skuldast pandemien, og gjeld reduserte reise- og møtekostnader som følgje av at ein i stor grad har nytta digitale møteformer.

Innovasjon og næringsutvikling og kultur, idrett og inkludering hadde høvesvis 3,0 mill. kr og 0,6 mill. kr i positive budsjettavvik. Begge desse resultata kan forklaraast gjennom vakansar og lågare driftskostnadar i sektorane enn det som er budsjettet, hovudsakeleg på grunn av redusert møte- og reiseverksamhet.

Oppsummert budsjettavvik

Samla sett kan størstedelen av det positive resultatet til Vestland i 2020 knytast til avvik som skuldast høgare inntekter frå staten enn det som var budsjettet. Ut over dette har verknadar av pandemien gjeve positive økonomiske utslag for sektorane og for nokre felles budsjettområde.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Politisk styring og kontrollorgan	52,9	64,1	11,1
Organisasjon og økonomi	659,4	696,0	36,6
Strategisk utvikling og digitalisering	166,4	168,7	2,3
Tannhelsetenesta	269,7	267,6	- 2,1
Opplæring og kompetanse	3 447,1	3 494,0	47,0
Mobilitet og kollektiv	2 900,9	2 874,4	- 26,5
Infrastruktur og veg	1 153,6	1 136,8	- 16,9
Kultur, idrett og inkludering	300,6	301,2	0,6
Innovasjon og næringsutvikling	255,0	258,0	3,0
Fellesinntekter og utgifter	- 9 421,3	- 9 260,8	160,5
	- 215,8	- 0,0	215,8

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekka. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere 4 prosent av driftsinntektene.

Vestland fylkeskommune hadde eit svakt utgangspunkt, då både Hordaland og Sogn og Fjordane hadde netto driftsresultat på under 1 prosent i 2019. Men ein fekk god hjelpe av at statstilskotet til rassikring i 2020 vart lagt inn i rammetilskotet. Dette har tidlegare vore eit øyremerk tilskot til investeringar. Denne tekniske omlegginga betra netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune med over 2,8 prosent, og ein kunne starte med eit budsjett der netto driftsresultat ikkje var langt unna 4 prosent.

Rekneskapen enda opp med eit netto driftsresultat på heile 7,4 prosent. Noko av betringa kan forklaraast med auke i frie inntekter, som til dømes tilskotet til el-ferjer og utbetalinga frå havbruksfondet. Størstedelen av betringa kan likevel forklaraast ved at bundne driftsfond har auka med netto 364,2 mill. kr. Dette gjev eit utslag i netto driftsresultat på 2,5 prosent. Fylkeskommunen har altså fått øyremerkte tilskot frå staten, som ikkje vart nytta innan årets utgang.


Bundne driftsfond har auka med 331 mill. kr innan mobilitet og kollektivtransport og 115 mill. kr innan opplæring og kompetanse. Sektorane innovasjon og næring og kultur, idrett og inkludering har hatt nedgang i bundne driftsfond.

Når midlane frå bundne driftsfond blir brukte dei komande åra, vil netto driftsresultat gå tilsvarende ned. Nivået på netto driftsresultat i 2020 er derfor ikkje venta å bli permanent.

Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter fordeler seg slik på avdelingar/sektorar:

	Mill. kr
Politisk styring og kontrollorgan	57,1
Organisasjon og økonomi	800,3
Strategisk utvikling og digitalisering	197,9
Tannhelse	412,4
Innovasjon og næring	521,8
Opplæring og kompetanse	4 186,7
Kultur, idrett og inkludering	713,1
Mobilitet og kollektivtransport	4 128,2
Infrastruktur og veg	1 452,6
Fellesfunksjonar	47,7
Aktivitetar utanfor fylkeskom. område	132,2
Sum brutto driftsutgifter	12 650,0



Finansielle måltal

I budsjett dokumentet for 2020 var det sett opp fire finansielle måltal. Dette er nøkkeltal som gir indikasjoner om den økonomiske stoda. Alle tala er rekna i prosent av sum driftsinntekter. I tabellen er det også indikert mål for kvart av nøkkeltala.

	Resultat	Mål
Netto driftsresultat	7,4 %	4 %
Netto gjeldsgrad	92,8 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	6,2 %	5 %
Disposisjonsfond	8,4 %	10 %

Nøkkelta er nyttige, men dei gjev ikkje full informasjon om tilhøva som ligg bak. Som nemnt framfor er netto driftsresultat i 2020 påverka av store statstilskot og oppbygging av bundne driftsfond. Men ein har likevel eit godt utgangspunkt for å kunne halde netto driftsresultat på minst 4 prosent over tid.

Eit mål som har hatt mykje fokus er at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 prosent. Dette er eit mål som gjeld for økonomiplanperioden. På lang sikt er målet å kome ned mot 75-80 prosent.

I 2020 auka driftsinntektene meir enn gjelda. Ein av faktorane som medverka til auka inntekter var overgangen frå netto- til bruttokontraktar i ferjedrifta. Endra kontraktsform aukar både inntekter og utgifter, men dette aukar ikkje fylkeskommunen si evne til å handtere gjeld.

Rente- og avdragsbelastning er ein interessant storleik, til dømes når ein samanliknar seg med andre fylkeskommunar. Jo større del av inntektene som går med til renter og avdrag, dess mindre har ein igjen til anna drift. Likevel er det ikkje slik at dette nøkkeltalet bør vere så lågt som råd. Vestland fylkeskommune betalte i 2020 nær 170 mill. kr meir i avdrag enn minimumsavdraget ein var pliktig til etter kommunelova. På kort sikt kunne ein difor sett ned avdragsbetalinga og fått lågare rente- og avdragsbelastning. På lang sikt er det likevel fornuftig å betale høgare avdrag for å bremse veksten i gjelda.

Som følgje av det gode resultatet i 2020 auka disposisjonsfonda til 8,4 prosent av driftsinntektene. Dette gjev fylkeskommunen ein god «buffer».

Resultat 2020 samanlikna med tidlegare år

Vestland fylkeskommune starta drifta frå 2020 som ein ny organisasjon. Det var ei samanslåing av dei tidlegare fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane, men det er likevel vanskeleg å få samanliknbare tal mellom Vestland sitt første driftsår og dei føregåande driftsåra for dei to tidlegare fylkeskommunane.

Finansielle måltal	2019 HFK	2019 SFFK	2019 VLFK	2020 VLFK	Mål
Netto driftsresultat	0,9 %	0,5 %	0,8 %	7,4 %	4 %
Netto gjeldsgrad	110,3 %	68,3 %	99,5 %	92,8 %	< 115 %
Rente- og avdragsbelastning	9,0 %	4,3 %	7,8 %	6,2 %	5 %
Disposisjonsfond	2,7 %	21,0 %	7,4 %	8,4 %	10 %

Hovudgrunnen til dette er endringar som skjedde i finansieringa av fylkeskommunen frå 2020. Inntektssystemet står for nær $\frac{3}{4}$ av fylkeskommunen sine inntekter. Frå 2020 vart dette systemet endra og tilpassa den nye fylkesinndelinga. I tillegg vart det statlege tilskotet til rassikring omgjort frå eit øyremerka investeringstilskot til å gå inn som del av dei frie midlane i inntektssystemet. Ei tredje årsak er at ordninga med sams vegadministrasjon vart avvikla frå årsskiftet 2019/2020.

Fylkesrådmannen har i tabellen over sett på nokre overordna nøkkeltal, som kan gje ein peikepinn på stoda i Vestland fylkeskommune ved utgangen av 2020 samanlikna med dei to tidlegare fylkeskommunane ved utgangen av 2019.

Vurdering av den økonomiske stoda

Ved budsjettet hendsaminga både for 2020 og 2021 vart det slått fast at Vestland fylkeskommune står i ein krevjande situasjon. Driftsutgiftene auka kraftig i 2020 som følgje av overgang til elektrisk ferjedrift. Ei tilsvarende omlegging for snøggbåtar står for tur. Høgt investeringsnivå gjer at renter og avdrag vil auke dei komande åra.

I denne situasjonen var det gledeleg at det første driftsåret for den samanslattede fylkeskommunen var positivt økonomisk. Året har vist at det er mogleg å kutte i driftsutgifter. Ein god del av innsparingane kan tilskrivast pandemien, men det bør vere mogleg å til dømes redusere reise- og møtekostnader på permanent basis.

For å saldere 2020-budsjettet vart det lagt inn 70 mill. kr frå disposisjonsfond (overskot frå 2018). I staden for å bruke av disposisjonsfond, har ein greidd å auke avsetjingane, slik at ein no har disposisjonsfond på over 1,2 mrd. kr. Dette er ein reserve som det er godt å ha i bakhand.

Eit netto driftsresultat på 7,4 prosent gjev handlefridom. Om ein korrigerer nøkkeltalet for auken i bundne driftsfond, får ein likevel eit netto driftsresultat på 4,9 prosent. Dette er over det tilrådde nivået.

At netto gjeldsgrad vart lågare enn budsjettet og enda på 92,8 prosent er positivt. Gjeldsgraden er likevel godt over det tilrådde nivået, så ein må difor framleis vere etterhalden med å setje i gang nye investeringar. Det viser likevel at det ikkje er urealistisk å redusere gjeldsgraden på lang sikt, så sant ein får ein viss vekst i inntektene.

Investeringar

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2020	Budsjett 2020
Administrasjonslokale	257,3	356,6
Opplæring og kompetanse	455,1	522,4
Andre bygningar og utstyr	47,6	91,6
Mobilitet og kollektivtransport	2 087,8	2 414,3
Infrastruktur og veg	2 015,8	2 328,8
Aksjar og avdrag på lån	25,8	7,5
Sum investeringsutgifter	4 889,5	5 721,1

	Reknesk. 2020	Budsjett 2020
Finansiering:		
Kompensasjon mva.	433,0	548,3
Tilskot og refusjonar	2 343,2	2 548,6
Sal av anleggsmidlar	44,6	50,0
Mottatt avdrag på utlån	17,2	0,0
Bruk av lån	1 030,8	1 394,9
Overført frå drift	655,2	655,2
Bundne investeringsfond (netto)	-158,6	0,0
Ubundne investeringsfond (netto)	524,1	524,1
Sum finansiering	4 889,5	5 721,1

Det vart investert for 4 889,5 mill. kr i 2020. Dette må seiast å vere høgt, men var likevel godt under budsjettet som følgje av seinka framdrift for nokre investeringsprosjekt.

Dei to avdelingane mobilitet og kollektivtransport og infrastruktur og veg hadde kvar investeringar på i overkant av 2 mrd. kr. Desse to avdelingane stod for nær 84 prosent av fylkeskommunen sine investeringar.

Det største prosjektet er bybane til Fyllingsdalen, der det vart brukt 1 692 mill. kr i 2020. I tillegg vart det investert for nær 98 mill. kr i bybanevogner. Ei anna gruppe av prosjekt var ladeanlegg på ferjekaiar med samla investeringar på 217 mill. kr.

Av store vegprosjekt kan nemnast rassikring 495 mill. kr, miljøloftet 353 mill. kr, tunneloppgradering 137 mill. kr, Askøypakken 196 mill. kr og Bømlopakken 163 mill. kr.

Det største prosjektet under opplæring var Åsane vgs. som vart opna hausten 2020. Dette året gjekk det med 164 mill. kr.

Investeringane vert finansiert frå fleire ulike kjelder. Største summen i tabellen framfor er tilskot og refusjonar. Her inngår bompengar med 1 085 mill. kr, 700 mill. til bybaneutbygging og 385 mill. til veginvesteringar. Vidare gjev staten store tilskot, i første rekke til bybaneutbygginga. Dette prosjektet skal i prinsippet finansierast fullt ut med bompengar og stats-tilskot, men det kan skje at løvingane frå staten ikkje kjem heilt i takt med forbruket.

Nær 1 031 mill. kr av investeringsutgiftene var finansiert med lån, 655 mill. kr med midlar frå drifta og 524 mill. ved bruk av investeringsfond.

Utvalde tal frå balansen

Tal i mill. kr

	31.12.2020	01.01.2020
Bankinnskot og kontantar	4 381,6	4 226,6
Obligasjonsfond	215,3	210,5
Sum likvide midlar	4 596,9	4 437,1
Dispositionsfond	1 221,7	1 159,9
Bundne driftsfond	1 035,4	671,2
Ubundne investeringsfond	464,4	988,5
Bundne investeringsfond	227,6	68,9
Sum fond	2 949,1	2 888,5
Langsiktig gjeld	14 298,4	13 692,7

Likviditet

Sum likvide midlar var 4 596,9 mill. kr ved utgangen av 2020. Fylkeskommunen har med dette svært god likviditet. Likviditeten var nær 160 mill. kr betre enn i starten av året. Det var venta at likviditeten skulle gå noko ned i løpet av året, først og fremst fordi ein har brukt 524 mill. kr frå investeringsfond. Men bruken av desse midlane vart meir enn oppvegen ved at andre fond vart tilført midlar, jf. avsnittet om fond.

Fond

Sum fond utgjorde 2 949,1 mill. kr ved utgangen av året. Dette er ein auke på 60,6 mill. kr. Både bundne driftsfond og bundne investeringsfond har auka kraftig i 2020. Disposisjonsfond har auka med 61,8 mill. kr til 1 221,7 mill. kr. Ubundne investeringsfond har gått ned med 524 mill. kr.

Lån

Lån utgjorde 14 298,4 mill. kr, ein auke på 605,7 mill. kr. Det vart teke opp litt mindre nye lån enn budsjettet dette året. Likevel vart ikkje alt av nye lån nytta innan årets utgang som følgje av seinka framdrift for nokre investeringsprosjekt. Ubrukte lånemidlar auka med 219 mill. kr til 544 mill. kr.

Netto gjeldsgrad gjekk ned frå 99,5 prosent til 92,8 prosent i 2020. Det var venta at gjeldsgraden ville passere 100 prosent. Men det vart altså brukt mindre lånemidlar enn budsjettet, og driftsinntektene auka meir enn venta.

Fylkeskommunen betalte 265 mill. kr i rente på låna, og ein fekk 40 mill. kr i rentekompensasjon.

Premiss for løying

Budsjettet for Vestland fylkeskommune for 2020 vart utarbeidd i samarbeid mellom dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, der felles-nemnda var øvste politiske organ fram til fylkestingsvalet hausten 2019.

Budsjettarbeidet var prega av kva samla budsjettrammer ein kunne leggje til grunn for den nye fylkeskommunen. Den viktigaste premissen for inntektssida er det statlege inntekts-systemet, der fylkeskommunen sitt rammetilskot kjem fram. Andre viktige budsjett-premissar på inntektssida er kollektivtrafikkinnektene.

Budsjettet er vedteke på rammenivå for dei ulike sektorane. Budsjettreglementet regulerer fullmakter til å gjøre budsjettendringar både på politisk og administrativt nivå.

På administrativ side det utarbeidd ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen til fylkesdirektørane. Breva viser kva fylkesrådmannen ventar gjennomført av fylkesdirektørane i året og det vert peika på direktøren sitt ansvarsområde, under dette samla budsjetttramme. Fylkesrådmannen har regelmessige statusmøte for å sikre framdrifta og følgje opp økonomistyringa. Som det går fram av årsmeldinga,


har kvar avdeling nyttar målsetjingane i dei tildelte ansvars- og oppdragsbreva som utgangspunkt for rapportering av måloppnåing i 2020.

Utviklingsplanen for Vestland fylke (regional planstrategi) vart vedteken av fylkestinget i september 2020. Planen har målsetjingar med tilhøyrande strategiar og i første halvår 2021 vil dette verte følgd opp med avdelingsvise tiltak og måleindikatorar.

Effektiv og resultatorientert planlegging krev god kopling mellom handlingsprogram, tiltaksplanar og økonomistyringa. Som ein del av oppfølginga av utviklingsplanen

vert det arbeidd med å styrke system og rutinar som koplar plansystem og økonomisystem.

Tabellen under viser årshjul for økonomiplanarbeidet og for arbeidet med handlingsprogram og tiltaksplanar for å oppnå god kopling mellom desse. Økonomiplanen vert rullert årleg og er eit sentralt verktøy for å samordne dei politiske målsettingane og planane innanfor dei økonomiske ramme i fylkeskommunen. Status planarbeidet og oppdaterte handlingsprogram vil slik inngå som ein del av grunnlaget for økonomiplanarbeidet.



Rutinar for oppfølging

Budsjettoppfølging gjennom året følgjer to løp, eit politisk og eit administrativt.

Politisk nivå har budsjettoppfølging gjennom rapportar til fylkestinget kvart tertial i tillegg til godkjenning av rekneskapen etter at denne er lagt fram. Fylkestinget handsamar to tertialrapportar gjennom året, pr. april og pr. august. Tertiアルrapportane gjennomgår utviklinga så langt i året og har prognose for resten av året både for investerings- og driftsbudsjetten. T.d. vert framdrift for store investeringsprosjekt vurdert, der fylkestinget gjennomfører budsjettendringar ved større avvik frå premissen for bruken av løyvinga. Det same gjeld for driftsbudsjetten, der pandemien frå mars 2020 førte til vesentlege endringar i budsjettpremissane.

For finanssektoren vert det gjennom året lagt fram eigne rapportar til fylkestinget kvart tertial. I første kvartal vert det i tillegg lagt fram ein årsrapport for finans, der ein ser utviklinga i året m.a. opp mot det vedtekne finansreglementet.

I samband med budsjettvedtaket gjer fylkestinget vedtak om såkalla verbalpunkt. Dette er politiske premissar for einskilde delar av budsjetten, for spesielle saker eller område. Verbalpunktet er i mange tilfelle initiativ som krev utgreiing og sakshandsaming. Det er lagt opp til kvartalsvis rapportering av framdrifta for desse punkta til fylkestinget i 2021.

Administrativt nivå har i tillegg kvartalsvis budsjettoppfølging. Fylkesrådmannen har sektorvise møte med fylkesdirektørane med gjennomgang av budsjettutviklinga. Til desse møta er det utarbeidd sektorvise prognosar for rekneskapen mot slutten av året opp mot vedteke budsjett. I tillegg gjennomgår ein sektoren si oppfølging av fylkestinget sitt budsjettvedtak for å sikre at fylkestinget sine premissar for løyvinga vert gjennomførte.

Vurdering av risiko

Vestland fylkeskommune sitt budsjett er stort og femner om ulike sektorar. Risikovurderingane er difor ulike frå sektor til sektor.

Størst økonomisk risiko er det innanfor premissane som er lagt for kollektivtrafikkintektene. I budsjettet for 2020 var det lagt til grunn vekst i passasjertalet, men pandemien som slo til frå mars 2020 endra denne budsjettetpremissen vesentleg.

Eit anna område der det er risiko, er utviklinga i rentenivået. Vestland fylkeskommune har høg gjeld og utviklinga i rentenivået er ein premiss det er stor merksemrd i budsjettarbeidet.

I årsmeldinga elles er det omtalt verknader av pandemien innanfor ulike sektorar og utslag den har fått for budsjettet.

KOSTRA – Kommune – stat – rapportering

Nedanfor går det fram nokre nøkkeltal som Statistisk sentralbyrå publiserte 15.03.2021. Ein kan her samanlikne Vestland fylkeskommune med gjennomsnittet av fylkeskommunane utanom Oslo.

Tal i prosent av brutto driftsinntekter	Vestland 2020	Landet u/ Oslo 2020
Netto driftsresultat	7,4 %	5,4 %
Arbeidskapital	19,9 %	19,9 %
Netto renteeksponering	46,4 %	28,5 %
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktning	98,4 %	79,9 %
Fri eigenkapital drift	8,4 %	12,8 %
Brutto investeringsutgifter	35,4 %	18,8 %
Eigenfinansiering av investeringane i % av totale bto. inv.	80,0 %	65,0 %
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	16 218	13 983

Netto driftsresultat for Vestland fylkeskommune vart 7,4 prosent, som er 2 prosentpoeng over landsgjennomsnittet.

Arbeidskapital er eit mål på likviditet. Likviditeten er vurdert å vere svært god i Vestland. Likevel ligg ein akkurat på same nivå som landsgjennomsnittet.

Netto renteeksponering gir ein indikasjon på kor mykje av fylkeskommunen si gjeld som er eksponert for rentesvingingar. Kostratala inneheld ikkje opplysningar om rentebinding, men ein ser på total gjeld og reduserer for den delen som vert vege opp av innskot og rentekompensasjonsordningar. Når renteeksponert gjeld utgjer 46,4 prosent av driftsinntektene, er konsekvensen at 0,46 prosent av driftsinntektene vil gå med for å dekke inn ein renteoppgang på 1 prosentpoeng.

Tabellen over viser at langsiktig gjeld utgjer 98,4 prosent av driftsinntektene. Vestland fylkeskommune har elles nytta om

grepet «netto langsiktig gjeld» i sine nøkkeltal. Då vert gjelda redusert med utlån og unytta lånemidlar. Rekna på denne måten utgjer netto gjeld 92,8 prosent av driftsinntektene.

Fri eigenkapital drift vil seie disposisjonsfond, eventuelt korrigert for meir- eller mindreforbruk i rekneskapen. SSB reknar at ein har stor grad av økonomisk handlefridom dersom nøkkeltalet er over 8 prosent. Ein ser likevel at landsgjennomsnittet er ein god del høgare med 12,8 prosent.

Brutto investeringsutgifter i Vestland utgjer 35,4 prosent av driftsinntektene. Dette er nesten dobbelt så høgt som landsgjennomsnittet. Dette speglar at eigenfinansieringa er høg i Vestland. Som eigenfinansiering vert rekna alt anna enn lånefinansiering, dvs. at både statstilskot og bompengar er definert som eigenfinansiering.

Siste linje i tabellen viser frie inntekter (dvs. skatt og rammetilskot) per innbyggjar. Vestland ligg kr 2 235 (16 prosent) over landsgjennomsnittet.

Vidaregåande opplæring	Vestland 2020	Landet u/ Oslo 2020
Netto driftsutgifter per innbyggjar 16-18 år	171 831	176 218
Netto driftsutg. til vidaregåande utd. av samla netto driftsutg.	40,5 %	47,3 %
Ungdom 16-18 år i vidaregåande opplæring	94,4 %	94,3 %
Elevar per skole	423	465
Elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram	53,8 %	52,3 %
Elevar per lærarårsverk	8,5	8,6
Elevar	24 398	177 749

Netto driftsutgifter til vidaregående opplæring i Vestland utgjer kr 171 831 per innbyggjar 16–18 år. Dette er 2,5 prosent lågare enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til vidaregående utdanning utgjer 40,5 prosent av Vestland sine totale driftsutgifter, medan landsgjennomsnittet er 47,3 prosent. Dette er relativt stor skilnad. På samferdselsområdet er det motsett. Der brukar Vestland vesentleg meir enn landsgjennomsnittet.

94,4 prosent av ungdom mellom 16 og 18 år er i vidaregåande opplæring. Dette er om lag som gjennomsnittet for landet med 94,3 prosent. Noko større del av elevane er i yrkesfaglege utdanningsprogram i Vestland (53,8 prosent) enn gjennomsnittet for landet (52,3 prosent).

Vestland har færre elevar pr. skole enn landsgjennomsnittet, 423 mot 465. Elevar pr. lærarårsverk er 8,5 i Vestland mot 8,6 for landet.

Samferdsel Tal i kr pr. innbyggjar	Vestland 2020	Landet u/ Oslo 2020
Brutto driftsutgifter til samferdsel	9 518	6 367
Brutto investeringsutgifter til samferdsel	6 865	2 581
Netto driftsutgifter til kollektivtransport (buss, båt, bybane)	2 961	2 272
Netto driftsutgifter til fylkesvegferjer	1 476	618
Netto driftsutgifter til fylkesveg per kilometer	308 277	229 762
Reiser med kollektivtransport per innbyggjar	83	51
Brukavar av transportordninga for funksjonshemma per 1000 innb.	25	19

Av tabellen går det fram at Vestland har vesentleg høgare utgifter til sine samferdselsføremål enn landsgjennomsnittet. Ikke minst gjeld dette investeringar.

Tannhelse	Vestland 2020	Landet u/ Oslo 2020
Barn og unge 1-18 år under tilsyn	95,5 %	85,6 %
Eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon under tilsyn	80,7 %	71,2 %
Del 5-åringer utan karies	82,3 %	81,0 %
Gjennomsnittleg tal tenner med hol hos 12-åringar	2,31	2,42
Avtalte tannlegeårsverk per 10 000 innbyggjarar	7,8	7,6
Avtalte tannlegespesialistårsverk per 10 000 innbyggj.	1,3	0,9
Avtalte tannpleiarårsverk per 10 000 innbyggjarar	2,3	1,9
Netto driftsutgifter per innbyggjar	490	507

Tala i tabellen tyder på at Vestland har ei effektiv tannhelse-teneste. Både delen av prioriterte grupper under tilsyn og talet på årsverk ligg over landsgjennomsnittet. Likevel er netto driftsutgifter per innbyggjar under landsgjennomsnittet, 490 kr mot 507 kr.

Klima



Økologiske Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland kom på andre plass i klassen for små skular i noregsmeisterskapen i klima i 2020.

Klima og miljø er viktige tema i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 og skal vere premiss for samfunnsutviklinga i fylket. Planen slår fast at fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. I tillegg skal vi sikre og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar og bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Klimaomstillingsarbeidet i Vestland fylkeskommune tek utgangspunkt i Regional plan for klima og energi, Hordaland, og Regional plan for klimaomstilling, Sogn og Fjordane, i tillegg til gjeldande planar for dei ulike sektorane. Arbeidet med ny klimaplan for Vestland starta seinhaustes 2020.

Å klimaomstille samfunnet er eit systematisk, tverrfagleg og langsiktig arbeid, som skal vere forankra, og som heile organisasjonen skal arbeide med. Klimaomstilling er ein prosess der vi skal bli eit låg- eller nullutsleppssamfunn. Omstillinga må skje innanfor tolegrensene til naturen. Det er ei samfunnsendring, der vi både reduserer klimagassutsleppa til vestlandssamfunnet og tilpassar oss klimaet i dag og i framtida. Omstillingsprosessen gjeld heile fylket: innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen.

Internt i fylkeskommunen har vi etablert eit tverrfagleg klimanettverk for å styrke arbeidet og samhandlinga innan klima. Vi følgjer også opp handlingsprogrammet for intern miljøstyring og er miljøsertifiserte etter Miljøfyrtårn-ordninga. I 2020 har fylkeskommunen også jobba spesielt med klima i budsjettarbeidet knytt til investeringar. Klima- og miljørekneskapen syner mykje av det interne arbeidet med klima og miljø i fylkeskommunen.

Vi gir vidare her eit samla overblikk på det mest sentrale klimaomstillingsarbeidet på ulike fagområde i organisasjonen, for å synleggjere felles innsats og ambisjonsnivå.

Infrastruktur og veg

Det største klimafotavtrykket innan infrastruktur og veg er knytt til bygg og infrastruktur, og det er viktig å ha merksemål på framtidige tiltak for utsleppskutt. Vestland fylkeskommune arbeider med å stille gode klima- og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at vi i stor grad kan setje krav til klima og miljø.

I arbeidet med Regional transportplan 2022–2033 blir det gjort fleire utgreiingar som vil medverke til lågare klimagassutslepp, til dømes ein strategi for god massehandtering. Betre handtering av massar frå fylkesvegprosjekta våre kan bidra til lågare klimagassutslepp, dersom det finst lokale prosjekt som kan nytte massane. Dette vert gjort i varierande grad i dag. Eit godt døme på klimavenleg massehandtering er frå fylkesveg 500 i Kvinnherad. Her blir tunnelmassar frå det eine vegprosjektet brukte til punktvis vegutbetring på ei nærliggande vegstrekning.

Auke i kapasiteten til kollektivtransport og tilrettelegging for meir bruk av sykkel og gonge ligg inne i mange av fylkesvegprosjekta og er i tråd med dei gjeldande planane. Det medverkar til at fleire vel andre transportløysingar enn privat bil i kvardagen, som igjen fører til lågare klimagassutslepp.

Innovasjon og næringsutvikling

Den nye regionale planen for innovasjon og næringsutvikling får namnet Berekraftig verdiskaping og er på høyring våren 2021. Hovudmålet er at Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Måla frå utviklingsplanen er lagt til grunn, og målet for grøn næringsutvikling er at næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033. Fylkeskom-


munen har løvd seks mill. kr til grøn konkurransekraft og klimainnovasjon. Slik har vi fått i gang ni viktige prosjekt for grøn næringsutvikling innan hydrogen, fornybar energi og sirkulærøkonomi.

Fylkesutvalet vedtok i mars 2020 strategi for infrastruktur for nullutslepp. Opning av Nordens største ladestasjon for drosjar på Flesland taxidepot, er viktig for nødvendig infrastruktur for vedtaket om nullutsleppdrosjar frå 2024. Fylkeskommunen støtta bygging av 14 nye lynladarar og 10 hurtigladarar i distriktsområde i 2020 og starta i juni samarbeidsforum for å få elfly til Vestland.


Klimapartnere Vestland har etablert seg i den nordlege delen av fylket, og klimanettverket inkluderer no 62 verksemder i heile fylket. Det lanserte den grøne løysingbanken med over 100 innovative løysingar i desember.

Vestland fylkeskommune er ein av nærmare 40 partnarar i nyoppstarta SFI Climate Futures, som skal varsle klimarisiko frå 10 dagar til 10 år framover. Senteret skal samprodusere betre metodar og praksis for handtering av klimarisiko. Vestland fylkeskommune deltek i arbeidet knytt til landbruk.

Fylkeskommunen støttar klimaarbeidet i landbruksnæringa blant anna ved at Vestland bondelag har fått støtte til forprosjekten «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket». Partane i landbruket har forplikta seg til å redusere det samla



Fylkesutvalet vedtok i mars 2020 ein strategi for utvikling av hurtiglading for nullutsleppstransport i Vestland. Det første punktet i vedtaket seier at Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile fylket. Foto: Pål Kielland



Fylkeshuset i Agnes Mowinckels gate i Bergen vart jamna med jorda hausten 2020. Byggekontrakten sette krav om minst 90 prosent sortering av alt avfall. Berekraft skal vere eit gjennomgåande tema i utbygging, renovering og vedlikehald av bygg i Vestland fylkeskommune.

klimagassutsleppet med fem millionar tonn CO₂-ekvivalentar innan 2030.

Regionalt Forskningsfond (RFF) liste ut 12 millionar til forsking som bidreg til innovative løysingar innan anten klimaomstilling og det grøne skiftet eller samfunnstryggleik og beredskap.

Kultur, idrett og inkludering

Vestland fylkeskommune arbeider vidare med eit grønt vegkart for kunst og kulturfeltet. Målet er å vise status, setje konkrete mål og foreslå tiltak for å redusere klimaavtrykket i kunst- og kultursektoren.

Vestland fylkeskommune har samarbeidd med kommunane om ein bibliotekturné på folkebiblioteka, med tema korleis leve grønare. Kristine Ulland, bloggaren bak "Grønare kvardag" og leiar i Zero Waste Norge, heldt føredrag. I alt 20 folkebibliotek fekk besök, anten i biblioteket eller digitalt.

Fylkeskommunen heldt i 2020 fram samarbeidet med Kunstgress 2021 (KG2021), der målet er å skape kunstgrasbaner utan gummigranulat. Vestland fylkeskommune har òg teke initiativ overfor Vestland idrettskrets om ein samarbeidsavtale knytt til berekraftig anleggsutvikling. Målet er å gje betre råd for etablering og rehabilitering av idrettsanlegg.

På konferansar har vi sett nærmare på berekraft i idrettsarrangement. Det er eit kriterium i tilskotsordninga «Arrange-

mentstilskot til større nasjonale og internasjonale junior og seniormeisterskap» at arrangørane skal ha ein klar og tydeleg miljøprofil.

Mobilitet og kollektiv

Arbeidet med klimaomstilling er omfattande og handlar både om å innføre ny teknologi, utvikle nye energikjelder og endre åtferd og reisevanar. Overgang til elektrisk drivne ferjer og bussar har vore, og er eit viktig satsingsområde. I desember vart 102 nye elektriske bussar sette i drift i Bergen, og dermed nådde vi målet om fossilfri busstrafikk i bergensområdet. I tillegg kom 10 trolleybussar til byen. Dei skal setjast i drift når Olav Kyrresgate opnar i mai 2021. Vidare vedtok fylkestinget i mars 2020 å innføre nullutsleppskrav for drosjenæringa i tidlegare Hordaland frå april 2024. Fylkeskommunen har fått mykje merksemd for omlegginga til utslepps-frie kollektivløysingar. Det er eit viktig bidrag inn i den samla klimarekneskapen for Vestland.

Nullvekstmålet for personbiltransport er det overordna målet for partnarskapen Miljøløftet og byvekstavtalen. Partnarskapen arbeider også aktivt med klimaomstilling og klimavennlege transportformer. Ein del av kommunikasjonsarbeidet er retta mot ulike grøne mobilitetstenester og oppmuntring til å endre reisevanar gjennom informasjonsarbeid og ulike arrangement. Vi har mellom anna samarbeida med Miljøløftet om den internasjonale mobilitetsveka i september. Innanfor avtaleområdet (Bergen, Askøy, Alver, Øygarden og Bjørnafjorden) var det mellom anna tilbod om sykkelservice.

Opplæring og kompetanse

Dei vidaregåande skulane i Vestland arbeider med klima- og miljøspørsmål både knytt til fag og i større fellesprosjekt. Berekraft er eit sentralt tema, og ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er å gjere elevane i stand til å tenke og handle etisk og miljøbevisst.

I samsvar med plaststrategien, som fylkestinget vedtok sommaren 2020, jobba skulane mykje med plastutfordringa i 2020. Ellege skular tok del i utfordringa i Vestland, som varde i 14 dagar. Slåtthaug vgs. vart nasjonal vinnarskule, og hestefagklassen på Voss vgs. vart beste klasse i landet. Hadde alle vore like flinke til å seie nei til plastposar som desse er, ville det redusert det norske forbruket med heile 26 prosent.

I tillegg har mange av skulane teke del i lokale ryddeaksjonar slik som t.d. Austevoll vgs. Dei samla inn tre tonn plast i kommunen. Den årlege samlinga for skulane sine klima- og miljøkontaktar koncentrerte seg om teoretisk og praktisk miljøarbeid ved skulane, med eksempel frå blant andre Firda vgs.

Ni fylkeskommunale vidaregåande skular deltok i noregsmesterskapen i klima i januar/februar 2020. Der konkurrerte dei om å redusere eigne CO₂-utslepp i kvardagen. Målet var å skape medvit om at handling skapar endring. Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland fekk andre plassen i klassen for små skular, medan Firda vgs. kom på fjerdeplass og Eid vgs. på femteplass i klassen for store skular.

Organisasjon og økonomi

Fylkeskommunen har ein stor bygningsmasse med mange bygg som varierer i alder og standard. For å oppretthalde venta levetid på bygga må eigedomsseksjonen ta omsyn til moglege verknader av auka klimabelastning. Berekraft skal vere gjennomgåande i planlegging av utbygging/renovering og i drift av bygga. Det inneber arealbruk, materialval, energibruk, utslepp, bruk av ny teknologi osb. Målet er at bygga skal vere tilpassingsdyktige og ta omsyn til behov både i dag og i framtida.

Vestland fylkeskommune arbeider med å oppfylle FNs berekraftsmål om reduksjon av negativ påverknad på miljøet med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandsaming. Det gjer vi gjennom følgjande krav og tiltak:

- Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal tilfredsstille krava til sertifiseringsstandarden BREEAM excellent.
- Investeringsprosjekt skal ha 90 prosent sorteringsgrad på bygningsavfall.
- 90 prosent av alle skulebygga skal ha etablert rutinar og praktisering for avfallsortering ved gjennomføring av vernerundar våren 2021.



Fylkestinget vedtok i juni plaststrategi for Vestland, der visjonen er ein plastfri natur og eit plastfritt hav. Aud Karin Oen (t.v.) som i si tid tok initiativ til planen, tok i samband med vedtaket turen til Balsvågen i Øygarden saman med fylkesvaraordførar Natalia Golis. Her har det blitt gjort ein formidabel ryddeinnsats dei siste åra, og det er eit døme på at plastryddinga nyttar – til inspirasjon for andre.

Arbeidet med nytt bygg ved Sogndal vgs, avdeling Kaupanger er verdt å trekke fram i 2020. Det vert bygd i heiltre/tre, og CO₂-avtrykket her er berre 50 prosent av det eit normalbygg vil ha etter gjeldande byggjeforskrifter. Vidare vil vi framheve nye Åsane vgs og kulturhus med geovarme og solceller som hovudenergikjelder. Ved Firda vgs er det starta eit arbeid med å bore geobrønnar for overgang til geovarme, og i Bergen vart Fagskolen i Hordaland knytt opp til fjernvarmenettet i kommunen.

Vidare arbeider vi med å etterleve berekraftsmåla til FN om ansvarleg forbruk og produksjon gjennom følgjande krav og tiltak:

- Alle nybygg med investeringskostnad over 100 mill. kr skal maksimalt ha CO₂-utslepp på 60 prosent av det som følgjer av den byggetekniske forskrifta.
- Alle prosjekt med investeringskostnad over 100 mill. kr skal vere fossilfrie og ha krav knytt til bruk av utslepps-frie anleggsmaskiner.
- Det skal nyttast tre i berekonstruksjonar på nybygg dersom den tekniske løysinga er akseptabel.
- Det er eit mål å oppnå årleg reduksjon på 3 prosent i tilført ekstern energi i drifta av den totale bygningsmassen.

Rivinga av fylkeshuset i Bergen i samband med nybygg har vore eit stort arbeid i 2020. Byggekontrakten set krav om minimum 90 prosent sortering av alt avfall. Betong og armering er skilt frå kvarandre, og giftig måling og asbestplater er fjerna frå betongen. Det er også tatt testar etter andre moglege giftstoff i betongen. Betongen er deretter knust og vil bli brukt om igjen som fyllmasse på andre prosjekt.

Fylkeskommunen kjøpte varer og tenester for 9,6 mrd. kr (inkludert investeringar) i 2020. Det gjev rom for å stille tydelege krav til leverandørane våre og påverke samfunnsutviklinga i ønska retning. Dette speglar seg den nye innkjøpspolitikken, som fylkestinget vedtok i 2020.

Vestland fylkeskommune deltek i eit pilotprosjekt knytt til sirkulær anskaffing av møblar saman med Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Det er søkt Miljødirektoratet om klimasatsmidlar til eit forprosjekt som undersøker klimaeffekten av deling og gjenbruk av møblar mellom dei tre organisasjonane i eit sirkulær økonomi-perspektiv. Svar på søknad er venta i juni 2021. Forprosjektet dannar grunnlag for eit eventuelt vidare arbeid.

Det er også arbeidd med den vedtekne plaststrategien til fylkeskommunen. I første omgang er merksemda retta mot å

kartlegge aktuelle markandar og diskutere/avklare løysingar for å auke gjenvinning og bruk av resirkulert plast, potensial for å velje bort unødvendig plast, og moglegheiter for å ta i bruk ny teknologi, samarbeid med næringslivet og andre aktuelle aktørar. Formålet er å kartlegge dei økonomiske konsekvensane av strategien, og innverknaden strategien har på konkurransen i ulike marknadar.

Vi har også merksemd på å kunne tilby ernæringsmessig sunn og kortreist mat i kantinane ved skular og i administrasjonsbygga. I kantineavtalane vert det stilt krav til eit sunt og variert tilbod, der også økologi, berekraftige varar, lokale leverandørar, bruk av palmeolje og emballasje er sentralt.

Strategisk utvikling og digitalisering

Ein konsekvens av koronapandemien var betrakteleg redusert reiseaktivitet i 2020. Dei digitale løysingane som avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har lagt til rette for, bidreg sterkt til at dette er mogleg. Det gjer at vi kan gjennomføre både møte, konferansar og politisk aktivitet på eit tilfredsstillande måte. Digitale samlingar og møte har gjort det lettare å samle deltakarar frå heile fylket, og vi kan anta at fleire har kunna delta på ein effektiv måte. Desse positive erfaringane må vi ta med oss slik at organisasjonen kan ha eit lågare reisebehov også etter pandemien.

Standardisering av utstyr og felles innkjøp av IKT-utstyr reduserer ressursforbruket og dermed klimabelastninga. Felles innkjøp betyr at det er IKT-seksjonen som har ansvar for innkjøp av alt personleg utstyr til tilsette i fylkeskommunen. Standardisering av utstyr betyr at fylkeskommunen brukar færre ressursar per komponent i drift i levetida, då drift og vedlikehald av komponentar er lik i heile organisasjonen. Det gir ein positiv økonomi- og klimaeffekt. Når vi standardiserer innkjøpet kjøper vi inn større parti og har større moglegheit til å målbere klimakrav i innkjøpsprosessen.

Fylkeskommunen og kommunane har behov for eit oppdatert og godt kunnskapgrunnlag innan klima. I 2020 har vi utvikla interaktive kart og grafikk for klimagassutslepp for fylket og kommunane, basert på data frå Miljødirektoratet og ei løysing utvikla av Viken fylkeskommune.

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har ansvar for å rettleie og gi fagleg støtte til kommunane innan samfunns- og arealplanlegginga. Dette gjeld også innan klima-området. Vi jobbar aktivt med klima- og miljødimensjonen av berekraft. I 2020 var vi med og arrangerte fleire større digitale samlingar, m.a. Nasjonal klimaomstillingskonferanse og Klimathon.

Klima- og miljørekneskap 2020



Vestland fylkeskommune har til saman 17 elektriske arbeidsmaskiner. Verdas første og einaste batteridrevne borerigg starta i haust arbeidet med bybanetraseen til Fyllingsdalen. Foto: Marit Hommedal.

Summen av direkte klimagassutslepp rapportert frå Vestland fylkeskommune var 122 943 tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. Kjøpte transporttenester står for opp mot 99 prosent av dette.


Det samla CO₂-utsleppet frå transporttenestene går tilbake med om lag 24 prosent frå 2019 til 2020. Klimagassutsleppet frå den fylkeskommunale drifta er redusert med om lag 40 prosent frå 2019 til 2020.

Klima- og miljøleiing i Vestland fylkeskommune

Klima- og miljøleiinga i Vestland fylkeskommune inkluderer både arbeid med klimabudsjett for avdelingane i eigen organisasjon og miljørekneskap for sentraladministrasjonen og alle einingane. Vestland fylkeskommune følgjer opp handlingsprogrammet for intern miljøstyring og er sertifisert som Miljøfyrtårn på konsernnivå. Fylkeskommunen deltek aktivt i Klimapartnere Vestland.

Klimagassutsleppet går tilbake i 2020

Det rapporterte klimagassutsleppet til Vestland fylkeskommune inkluderer rapporterte forbrukstal frå Skyss og eiga drift av verksemda (Ikke Bybanen AS) (figur 1).



Vestland fylkeskommune har inngått kontraktar som vil kutte klimagassutsleppa frå kollektivtrafikken monaleg dei neste åra.

Tabell 1: CO₂-utslepp frå fylkeskommunal kollektivtransport i Vestland

	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	Endring
Buss	44 700	29 200	-35 %
Båt	46 800	41 700	-11 %
Ferje	67 600	50 300	-26 %
Totalsum	159 100	121 200	-24 %

Fylkeskommunal drift

Utsleppa frå eiga drift står for 1 prosent av det rapporterte CO₂-utsleppet. Det inkluderer køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser og energibruk i bygg. Klimagassutsleppet frå den fylkeskommunale drifta er redusert med om lag 40 prosent frå 2019 til 2020. Redusjonen er i stor grad knytt til digitale arbeidsmåtar og redusert reiseaktivitet grunna pandemien.

Statistikken viser ein auke i utslepp for fylkeskommunale køyretøy. Det heng saman med eit betre statistikkgrunnlag i 2020 når det gjeld innrapportert forbruk av fossile drivstoff i vidaregåande skule, og dermed ei underrapportering i 2019. Brensel til oppvarming er knytt til bruk av gass. Olje er no fasa ut som oppvarmingskjelde.


Kollektivtenester

Transporttenester frå Skyss står for størstedelen av klimagassutsleppa. Det samla CO₂-utsleppet frå kollektivtenestene går tilbake med om lag 24 prosent frå 2019 til 2020.

Den største reduksjonen heng saman med innføringa av berekraftsertifisert og palmeoljefritt biodrivstoff og aukande bruk av biogass i bergensområdet. Elektrifiseringa av bussar i Bergen vart gjennomført først i desember 2020 og har lite effekt på tala for heile året. (Årsrapport for Skyss 2020 gir meir detaljer om nedgang i CO₂-utslepp frå kollektivtrafikken og føresetnader.)

Også ferjedrifta har stor utsleppsreduksjonen. Likefullt har det vore større forseinkinger i elektrifiseringa, og mellombels vert det nytta fossilt drivstoff i ferjekontraktane. Difor er utsleppsreduksjonen så langt lågare enn venta.

Utsleppsreduksjonen for båt heng saman med lågare produksjon på ruta mellom Bergen og Flåm på grunn av pandemisituasjonen.



Tabell 2: CO₂ utslepp frå eiga drift

	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	Endring	Kommentar
VLFK Køyretøy**	581	887	53 %	Auke grunna betre datagrunnlag frå fleire vgs.
Km-godtgjersle	523	326	-38 %	
Flyreiser	1161	145	-88 %	
Fjernvarme	342	286	-16 %	
Brensel til oppvarming	277	99	-64 %	Bruk av oljefyr forbode frå januar 2020.
Totalsum	2884	1741	-40 %	



Klimathon2020 samla om lag 60 deltagarar frå kommunar, fylke, konsultselskap, forskingsmiljø og andre for å diskutere klimarisiko, klimautfordringar, og korleis samarbeid kan bidra til utsleppskutt. Vestland fylkeskommune var ein av arrangørane.

Nøkkeltal miljørekneskap 2020

Nøkkeltala er sentrale indikatorar for utviklinga av direkte utslepp av klimagassar i fylkeskommunen. Det er indikatorar som blir nytta i intern miljøleiing og for å oppfylle vilkåra som Miljøfyrtårn.

Elektrifisering av køyretøy i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune hadde per januar 2021 totalt 99 elektriske køyretøy av samla bil- og maskinpark på 549 køyretøy. I tillegg disponerer avdeling for infrastruktur og veg 59 køyretøy gjennom leasingkontraktar. Leasingbilane er ikkje elektriske køyretøy.


Person- og varebilar

Tidlegare budsjettløyvingar frå Hordaland fylkeskommune på 2 mill. kr per år har gjort at Vestland fylkeskommune no eig 73 elektriske personbilar. I 2020 utgjorde dei 45 prosent av

den fylkeskommunale personbilparken og er i stor grad knytt til opplæringssektoren. Til saman eig fylkeskommunen også 9 elektriske varebilar. Det har vore ønske om å kjøpe elektriske minibussar, men dei har ikkje funnest på marknaden så langt.

Arbeidsmaskinar

Vestland fylkeskommune har 17 elektriske arbeidsmaskiner. 14 av dei er elektriske truckar. Med tilskot frå Klimasats har Voss og Stend vgs. klart å byte ut ei fossil maskin med kvar sin batteridrivne elektriske minilastar. Med 50 prosent tilskot frå intern miljøhandlingsplan har Stend vgs. anskaffa ein elektrisk traktor i 2020. Men som figur 2 viser, er det framleis mange fossile køyretøy i drift i Vestland fylkeskommune.



Figur 2: Fordeling av køyretøy i Vestland fylkeskommune pr. januar 2021

Reising i teneste

Tenestereiser med privat bil

- Det er utbetalt kilometergodtgjersle for totalt 2 463 053 km i 2020. Køyring med fossibil står for 86 prosent av dette og svarer til utslepp av 326 tonn CO₂ i 2020. Det er ein nedgang i klimagassutslepp frå tenestereiser med privat bil på 38 prosent frå 2019 til 2020.

Tenestereiser med fylkeskommunale bilar og leigebilar

- Det er køyrt 288 529 km med elbilane til Vestland fylkeskommune i 2020.
- Totalt har elbilane til fylkeskommunen redusert klimagassutsleppet med 37 tonn CO₂ i 2020.
- Når det gjeld leigebilar, er det ikkje brukt elbil i 2020.

Flyreiser

- Det vart i 2020 flydd 1 246 477 km for Vestland fylkeskommune. Berre i Hordaland fylkeskommune vart det flydd 4 598 364 km i 2019. Nedgangen i talet på flykilometer for ein samla Vestland fylkeskommune frå 2019 til 2020 er estimert til om lag 78 prosent. Grunna sammanslåinga kan desse tala vere usikre.
- Klimagassutsleppet frå flyreisene til Vestland fylkeskommune i 2020 blir oppgitt av reisebyrået til å vere 145 tonn CO₂-ekvivalenter. Dette gir 88 prosent reduksjon i klimagassutsleppa frå 2019.
- 50 prosent av CO₂-utsleppa kjem frå innanlandsreiser i 2020.

Miljøsertifisering

- Totalt var følgjande einingar sertifiserte som Miljøfyrtaarn i 2020: 20 av 44 vidaregåande skular, 14 av 28 tannklinikkområde, Skyss, Bybanen utbygging og fylkesadministrasjon (hovudkontor).
- Vestland fylkeskommune stiller miljøkrav i innkjøp. For varetransport ønskjer fylkeskommunen som oppdragsgjevar at varetransporten skal vere mest mogleg fossilfri og ber om årleg statistikk for klimagassutslepp. For 2020 rapporterte avfallsleverandørane eit samla klimagassutslepp på 38,5 tonn CO₂ i samband med fylkeskommunale oppdrag.

Energibruk i fylkeskommunale bygg

- Energibruken i Vestland fylkeskommune var på 61 GWh i 2020. 93,6 prosent av dette er i vidaregåande skule.
- Energibruken i vidaregåande skule var 57 197 390 kWh (57Gwh) i 2020. Fjernvarme stod for 17,8 prosent dette. 6,5 prosent av energien kjem frå pellets- og flisfyring. 74,6 prosent av energibruken i dei vidaregåande skulane kjem frå innkjøpt elektrisitet.
- Nye Åsane vidaregåande er den første skulen med kjøling av bygget. Det vart i 2020 nytta 90 900 kWh til dette. Dei har dessutan fått 3 047 kWh frå eigenprodusert solenergi i 2020.

Tabell 3: Energibruk i vidaregåande skular delt på energikjelde

Energikjelde	kWh	Prosentdel
Elektrisk	42 658 137	74,58 %
Bio-olje	133 798	0,23 %
Gass	420 787	0,74 %
Fjernvarme	10 190 766	17,82 %
Fjernkjøling	90 900	0,16 %
Pellets- og flisfyring	3 699 956	6,47 %
Solenergi	3 047	0,01 %
Sum energiforbruk i vidaregåande skule	57 197 391	100 %

Avfall

- Det er registrert 1722 tonn avfall frå Vestland fylkeskommune i 2020. Kjeldesorteringa ligg på 40,6 prosent, og mykje av dette er glas/metall og trevirke.
- Det var 53 tonn matavfall, hovudsakleg frå dei vidaregåande skulane.
- Det er sortert ut 15,26 tonn plast. Det er nok framleis også plast i restavfallet.

Tabell 4: Innsamla plastfraksjonar i 2020, tonn

Plastfraksjon	Mykplast	Emballasjeplast	Hardplast	Anna plastavfall
Tonn	2,249	5,034	1,09	6,863

Folkehelse



Universell utforming og tilrettelegging for alle er viktig for å sikre at alle i fylket kan delta i vestlandssamfunnet.

Ambisjonen i utviklingsplanen er at folkehelsearbeidet skal bidra til å skape eit samfunn som fremjar god helse for alle innbyggjarane. Særleg viktige tema er barn og unge og utjaming av sosial ulikskap. Folkehelsearbeid er eit systematisk, tverrfagleg og langsiktig arbeid, og vi skal arbeide med det i heile organisasjonen. Arbeidet innan folkehelse er forankra i Regional plan for folkehelse – fleire gode levekår for alle og Regional plan for folkehelse og dei ulike sektorplanane.

Vestland fylkeskommune har internt etablert Folkehelseringen for å gjere eit godt tverrfagleg arbeid innan folkehelse. Denne skal gi eit løft innan folkehelse på tvers av avdelingane. I 2020 har vi vidareutvikla samhandlinga i det nye fylket. Fylkeskommunen har ansvar for, og skal vere ei pådrivar for, å samordne folkehelsearbeidet i fylket. Eksternt har vi etablert Folkehelseforum Vestland som eit samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen deltek også i ulike statlege satsingar innan folkehelse.

Vi skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og kva faktorar som kan verke inn på denne. Folkehelseinstituttet (FHI) publiserer folkehelseprofilar og oppvekstprofilar for kommunar og fylke. Fylkeskommunen har vidareutvikla dei til interaktive kart og grafikk og publisert det for kommunane i Vestland. Slik ser vi lettare resultat over tid og på tvers av kommunar. Arbeidet har fått positiv merksomd både i kommunane og FHI.

Folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid er viktige oppgåver i den offentlege tannhelsetenesta. Vi har ein stor fordel i og med at alle barn og unge skal ha ei statusundersøking (tann- og munnundersøking) når dei er 3, 5, 12, 15 og 18 år gamle. Slik kan tannhelsetenesta starte arbeidet med å førebygge og stoppe sjukdomsutvikling tidleg. Det gjeld også rettleiing i kosthald, ernæring og personleg munnstell. Les meir om tannhelse i kapittelet om avdeling for strategisk utvikling og digitalisering. Vi gir vidare her eit samla overblikk på det mest sentrale folkehelsearbeidet på ulike fagområde i organisasjonen, for å synleggjere felles innsats og ambisjonsnivå.

Infrastruktur og veg

Særleg viktig i folkehelsearbeidet innan området infrastruktur og veg er fysisk tilrettelegging og å sikre deltaking for alle grupper. Det er i tråd med mål fire i utviklingsplanen – å skape like mogleigheter til å delta i verdiskaping.

Etablering av fysisk infrastruktur for gåande og syklande er viktig for at fleire trygt kan transportere seg sjølve i kvaraden sin, uansett alder. Universell utforming av infrastruktur som gang- og sykkelvegar bidreg til at alle, uansett utfordringar, kan nyte dei og delta i samfunnet. Fylkeskommunen planlegg og bygger gang- og sykkelvegar i dei aller fleste fylkesvegprosjekta i heile fylket.

Trafikktryggleiksarbeidet bidreg til å redusere talet skadde og drepne i trafikken, og er såleis eit viktig bidrag i folkehelsearbeidet. Drift og vedlikehald er viktig for at alle brukarar skal kunne ferdast trygt, og for at tilbodet skal vere attraktivt og invitere til meir aktivitet.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) løyvde 16,4 millionar kroner i 2020 (meir informasjon i kapittelet om infrastruktur og veg).

Innovasjon og næringsutvikling

Forslag til regional plan for berekraftig verdiskaping vart utarbeidd i 2020. Eitt av satsingsområda heiter innovative og inkluderande samfunn. Planen vert vårt viktigaste styringsdokument i åra som kjem og har store innslag av folkehelse i seg.

Vestland fylkeskommune har på feltet for innovasjon og næringsutvikling ulike tilskot og tiltak som skal bidra til eit berekraftig næringsliv og gode lokalsamfunn. Begge delar er svært viktig for folkehelsa.

LivOGLyst er eit program som gir støtte til prosjekt som vil fremje gode og inkluderande lokalsamfunn. Medverknad fra innbyggjarane er sentralt. Gode lokalsamfunn og nærmiljø er òg grunnlaget for busetnad i distrikta – og for næringsutvikling i heile fylket.

Å vere i løna arbeid er viktig for folkehelsa. Vi jobbar for at heile fylket skal ha tilstrekkeleg arbeidskraft og for eit inkluderande arbeidsliv. Vestland fylkeskommune løyver meir enn 99 mill. kr til Innovasjon Norge sine låne- og tilskotsordningar i distrikta, bedriftsnettverkordninga, mentortenesta for gründerar, etablerar tilskot og Siva sine næringshage- og inkubatorprogram.

Koronatid, oljeprisfall og stor arbeidsløyse er eit bakteppe som gjer at etterspurnaden etter karriererettleiing har skote

i vêret det siste året. Karriere Vestland tilbyr karriererettleiing til alle vaksne over 19 år, og har eit særskilt program mot nykomne flyktningar.

I 2020 har Vestland fylkeskommune utlyst og tildelt i overkant av 24 mill. kr i midlar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar). Måla med BIO-midlane er auka kompetanseheving for å hindre utestenging frå arbeidslivet, og å motverke uehdige konsekvensar av koronasituasjonen som permitting. Grovt rekna har 1 500 personar fått ei eller anna form for opplæring med støtte frå ordninga.

Ein føresetnad for å få støtte frå handlingsplan for næringsutvikling i Vestland, er at prosjektet jobbar for berekraftig næringsutvikling. Ei omstilling av næringslivet til grønare vekst vil ha positive ringverknader for helse og trivsel i fylket.

Kultur, idrett og inkludering

Vestland fylkeskommune bidreg på folkehelsefeltet i ulike nettverk med aktuelle fag- og forskingsmiljø, blant andre POLYFON, som er ei kunnskapsklynge for musikkterapi. Vi jobbar for at alle – og særleg barn, unge og seniorar – skal få oppleve profesjonell kunst og kultur nær der dei bur. Det skjer blant anna gjennom Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken og kan bidra til å jamne ut sosiale skilnadar i fylket.

Tilgjengeleghet og universell utforming er viktige tema når det gjeld friluftsliv. Vestland fylkeskommune har som mål at alle skal ha høve til å vere fysisk aktive kvar dag. Fylkeskommunen samarbeidde i 2020 med Bergen og Hordaland Turlag og Bergen og Omland Friluftsråd om ei kartlegging av tilgjenge og universell utforming av totalt 40 turvegar i 12 kommunar. Målet var å få oversikt og å auke kunnskapen om universell utforming i fylkeskommunen, i friluftsorganisasjonane og hos kommunane. Kartverket bidrog med 50 000 kr, i tillegg til fylkeskommunale ressursar.

Gjensidigestiftinga lyste ut midlar til naturopplevelingar i nærmiljøet, det som vert kalla «Naturmøteplassen». Fylkeskommunen samarbeidde med seks kommunane om søknadar om universell utforming og andre tiltak i Luster, Kinn, Alver, Vaksdal, Gloppen og Masfjorden.

Mobilitet og kollektiv

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for å legge til rette for mobilitetenester for alle aldersgrupper, også for dei med nedsett funksjonsevne.

I 2020 utvikla og samordna vi kollektivtransporten, inkludert tilrettelagt transport-tenesta (TT-tenesta), for å sikre eit enkelt og forutsigbart tilbod i heile fylket. Eit anna viktig arbeid var å etablere tilpassa løysingar på mindre stadar med avgrensa passasjergrunnlag. I februar 2020 opna tingings-



Vestland fylkeskommune har ansvar for kollektivtilbodet i fylket og legg til rette for transport for alle aldersgrupper gjennom både ordinært tilbod og meir tilpassa ordningar.

tenesta HentMeg i Odda, og 9506 passasjerar nytta tilbodet dette året. HentMeg har vore eit pilotprosjekt, og evalueringa viser at dei unge har vore meir nøgde med dette tilbodet enn det ordinære busstilbodet. Dei eldre er mindre komfortable med den teknologiske løysinga, og opplever at tilbodet er noko uføreiseieleg. Vidare har prosjektet «aldersvennleg transport i Bergen» vore eit viktig satsingsområde for å nå ulike brukargrupper.

Eit viktig mål med tilrettelegging av miljøvenlege reisealternativ er å fremje aktiv transport og bidra til å redusere utslepp. Fylkeskommunen gir innspel og samarbeider med kommunane i heile Vestland i ei rekke plansaker og utviklingsprosjekt der dette er tema. Det er særskilt merksemd på universell tilrettelegging, tilgang til kollektivtilbod og trygge skulevegar. Vi deltek òg i prosjektet «Hjertesone» i samarbeid med mellom anna Bergen kommune. Målet der er å skape trygge tilhøve kring alle grunnskulalar. Vi er opptekne av å løfte prinsippa i prosjektet inn i kommuneplanlegginga i heile Vestland.

Opplæring og kompetanse

Opplæringslova § 9a-1 understrekar korleis helsefremjande arbeid skal vere del av skulekvardagen: Alle elevar i grunn-

skular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor samfunnsutfordring. Tiltak for å auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring, kan verke positivt inn på helsa til ungdomane.

Det vart i 2020 innført gratis skulefrukost til alle elevane i Vestland fylkeskommune, etter at fylkestinget vedtok dette i desember 2019. Vestland fylkeskommune ser det som viktig at alle elevane i fylket får eit gratis måltid i løpet av dagen. Skulefrukost er eit tiltak som fremjar folkehelse, trivsel og læring, og som kan vere med å jamne ut sosiale skilnadar. Fylkeskommunen har starta eit samarbeid med Folkehelseinstituttet om skulematundersøking. Resultata frå forskinga vil bli brukte i arbeidet med å gjere skulen til ein god plass å vere for alle, og å gi elevane gode føresetnader for å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Fylkestinget vedtok i desember 2019 å sette av midlar til vaksinar til alle elevar, med føresetnad om at kommunane skulle dekke halve kostnaden. Vestland fylkeskommune innførte difor tilbod om gratis meningokokkvaksine til elevar på dei vidaregåande skulane i 2020. Ikkje alle skulane rakk å vaksinere ferdig før koronatiltaka blei sett i verk i mars 2020, men elevar som ikkje fekk tilbod i 2020, vil få det i 2021. Fylkeskommunen deltek i ulike prosjekt og program innan opplæringssektoren for å styrke folkehelsearbeidet, blant andre desse:

- **Livet på timeplanen.** Opplæringsprogram og nettressurs som kan nyttast som verktøy for å fange opp barn og unge som skadar seg sjølv eller har sjølvmordstankar. Det gjekk i Fana/Ytrebygda byområde skuleåret 2019/2020 og blir implementert i Bergenhus/Årstad byområde 2020/2021. Programmet er eit tiltak i Bergen kommune sin Handlingsplan for selvmordsforebygging i Bergen.
- **Helsefremmende miljø på sosiale medier.** Målet er å utvikle nye tiltak som inkluderer sosiale medium i det helsefremjande og førebyggande arbeidet i dei vidaregåande skulane. Amalie Skram vgs og Arna vgs er prosjektskulalar, og i 2020 har det vore pilotundersøking ved Knarvik vgs og spørjeundersøkingar ved vidaregåande skular i Bergen kommune. Innovasjonsprosjektet blir leia av Bergen kommune i samarbeid med Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet og Folkehelseinstituttet.
- **Kroppsøvingsprosjektet.** I 2020 deltok Os, Årstad og Voss vgs i prosjektet som arbeider for å redusere fråværet til og forfallet frå kroppsøvingsfaget. Idrettscampus Bergen/Idrettsklynge Vest har regi på prosjektet.



Skulefrukost vart innført i heile fylket i 2020. Tiltaket skal fremje folkehelse, trivsel og læring.

Organisasjon og økonomi

Arbeidet med folkehelse i organisasjons- og økonomiavdelinga går først og fremst på interne tilhøve som kan verke positivt inn på helse og trivsel hos tilsette. Vi prioritærer systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit for å sikre eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for alle.

Fylkeskommunen gjennomførte i 2020 ei omfattande medarbeidarundersøking (sjå eigen omtale i kapittel om styring og kontroll av verksemda). I tillegg hadde vi ei eiga undersøking knytt til koronapandemien og bruk av heimekontor. Det har vore særskilt merksemd på ulike aspekt ved det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet til tilsette i samband med koronaen. Fylkeskommunen har forsøkt å leggje best mogleg til rette i denne spesielle situasjonen.

Med rundt 6000 tilsette er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgjevarane i fylket. Det er ein viktig del av samfunnsoppdraget og det overordna arbeidet med folkehelse å legge til rette for at flest mogleg får delta i arbeidslivet og vere med på den felles verdiskapinga i samfunnet. Dette speglar også utviklingsplanen for Vestland. Fylkeskommunen arbeider langs fleire spor for å leggje til rette for eit inkluderande

arbeidsliv, til dømes gjennom den overordna arbeidsgjevarpolitikken, rekrutteringspolitikken og samarbeid med NAV.

Strategisk utvikling og digitalisering

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har ansvar for leiarrolla og sekretariatsfunksjonen til Folkehelseforum Vestland, som vart konstituert hausten 2020. Målet med samarbeidet er todelt. Det skal styrke strategisk og heilskapleg satsing på folkehelse i Vestland, og styrke avtalebasert samarbeid og samordning mellom fylkeskommunen, kommunane, FoU-miljø og andre relevante samarbeidspartar. Folkehelseforumet har òg ein rådgjevande funksjon i val av kommunar og tiltak i folkehelseprogrammet.

Den statlege programsatsinga barn og psykisk helse er ei omfattande folkehelsesatsing, og per no deltek 15 kommunar i Vestland. Arbeidet med opptak av nye kommunar til programsatsinga er i gang, og det er etablert ei FoU-arbeidsgruppe som bidreg. Satsinga skal bidra til at alle kommunane i fylket får styrka arbeidet sitt innan barn og psykisk helse.





Infrastruktur og veg

Avdeling for infrastruktur og veg har ansvar for forvaltning, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Vestland. Vi overtok mange oppgåver fra Statens vegvesen i 2020, og har brukt store delar av året på å etablere den nye avdelinga.


I skredssikringsprosjektet fv. 53 Ljoteli blir det bygd tunnel og om lag 700 meter ny veg i svært bratt og utfordrende terrenge i Årdal kommune.



«Eg er imponert og stolt over innsatsen til dei tilsette på avdelinga dette første året i ein helt ny organisasjon. Det er mykje som ikkje vart slik vi såg føre oss på starten av året, likevel har dei tilsette gripe sjansen til å gjennomføre oppgåvene og utvikle fagområda på ein god måte».

Dina Lefdal
fylkesdirektør infrastruktur og veg

Infrastruktur og veg – organisasjonskart



Tal tilsette: 299

Visjon: Nyskapande og berekraftig

**Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:**

- etablert det fartsdempande tiltaket Actibump
- planlagt kompositbruer
- utvikla Fylkesatlas
- teke i bruk 3D-modellar
- teke i bruk nye kontraktsformer

Ny vegavdeling med nye oppgåver

Før 2020 var det sams vegadministrasjon, der fylkeskommunen var vegeigar og løyvde midlar, medan Statens vegvesen utførte oppgåvene knytt til fylkesvegnettet. Sams vegadministrasjon vart avvikla frå 1. januar 2020, no gjennomfører fylkeskommunen desse oppgåvene sjølv. Mange tilsette i Statens vegvesen vart overførte til Vestland fylkeskommune. I tillegg har vi rekruttert ein del eksternt for å ha ressursar til å gjere oppgåvene på ein god måte.

Året starta med mange tilsette på ulike kontorstader, og utan at alle system og naudsynt utstyr var på plass. Vi har prioritert arbeidet med eit styrings- og kvalitetssystem for avdelinga, og å etablere gode rutinar for arbeidet, inkludert økonomistyring, innkjøp og HMS. Det har vore eit mål å forenkle og betre arbeidet gjennom digitalisering og å prøve ut nye kontraktsformer. Vegavdelinga har mykje kontakt med publikum og møter folk i fylket gjennom ulike kanalar som nettsider og sosiale medium, og vi har ein eigen vakttelefon for media. Grunnlaget for det som skal bli ein robust organisasjon, som handterer daglege oppgåver, utviklar fagområdet og taklar ekstra utfordringar, er på plass. Fagmiljøet har høg kompetanse, og rekrutteringa er god. Framover er det viktig å halde på og vidareutvikle kompetansen.

I tillegg til å etablere og bygge ei ny, stor avdeling i fylkeskommunen i 2020, skulle vi bruke ressursar på å etablere ein felles organisasjonskultur. Det vart ikkje heilt som planlagt, då nedstenginga i samband med korona-pandemien gjorde det vanskeleg å møtast fysisk og bli kjende med kvarandre.

Kulturbygging blir ei viktig oppgåve framover, når samfunnet forhåpentlegvis normaliserer seg, og gjer det mogleg med fysiske møte att.

Avdelinga er ny leverandørar av mange tenester og har hatt dialogmøte både med konsulentbransjen og entreprenørorganisasjonar om korleis vi er organiserte, arbeider, og kva som kan vere framtidige oppgåver. Ved starten av 2020 var eitt av måla våre at trafikantane ikkje skulle merke den store omorganiseringa, og det trur vi at vi har fått til.



Lett synleg på vegen – tydleg kven som er fylkesvegeigar med profilerte bilar.

Fylkesvegprosjekt

Avdeling for infrastruktur og veg gjennomførte mange små og store investeringsprosjekter i 2020. Totalt vart det produsert for omlag 1,9 milliardar kroner.

Dei største fylkesvegprosjekta er finansiert med bompengar:

- **Nordhordlandspakken:**
Gjennomført ein totalentreprise med forhandling på det største prosjektet i pakken, Marås–Soltveit. Oppstart 2021.
- **Bømlopakke 1:**
Blir avslutta med ferdigstillinga av Sakseid–Hestaneset del 1 våren 2021.
- **Bømlopakke 2:**
Søknad om bompengefinansiering for å fullfinansiere pakken blir sendt til KS2-handsaming hjå Samferdselsdepartementet tidleg 2021.
- **Askøy-pakken:**
Prosjektet Lavik–Haugland blir lyst ut i 2021. Vi undersøker moglegitetene for forlenging av innkrevningstida for bompengar, slik at vi får gjennomført alle prosjekta i pakken.
- **Kvinnherad-pakken:**
Delfinansiert med fylkeskommunale midlar og rassikringsmidlar, søknad om bompengefinansiering ligg hjå Samferdselsdepartementet. Furubergfossen bru er ferdig bygd, og tunnelprosjektet Folgefondtunnelen–Årsnes er starta.
- **Førdepakken:**
Samarbeidsprosjekt mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen. Sju av tjue tiltak er fullførte, tre er i anleggsfasen.
- **Miljøloftet:**
Prosjektet på Hjellestadvegen, Bergen kommune er i sluttfasen.

Gjennomslag er viktige milepålar i tunnelprosjekta. Vi hadde gjennomslag i tre tunnelar i 2020: fv. 5742 Blaksettunnelen, fv. 5722 Veslebygda–Flo og fv. 53 Ljoteli.

Rehabilitering av fv. 5633 Seimsdalstunnelen i Årdal starta også i 2020.



Etter 800 sprengsalver kunne fylkeskommunen og lokalsamfunnet feire gjennomslag i Flotunnelen i skredskiringsprosjektet fv. 5722 Veslebygda–Flo. Tunnelen skal stå ferdig sommaren 2022. Frå venstre framme: Dina Lefdal, fylkesdirektør, Gunnar Solbakken, leiar utbygging Nord og Øystein Tytingvåg, prosjekteigar.

Nyskapande prosjekt

Avdelinga er framtidsretta og testar ut nytt materiale og nye tekniske løysingar. På vegsida er det planlagt to gangbruar i kompositt. Den eine kjem på Paradis i Bergen og blir den lengste i landet, den andre kjem i Austrheim. Materialet er lett og vedlikehaldsfritt, og bruene blir raskare å montere og difor billegare enn ordinære betongbruar.

På Bømlabrua i Sunnhordland testa vi ein ny og klimavenleg metode for vedlikehald. Eldre måling vart fjerna ved at sand vart blåst mot målinga, samtidig som ein støvsugar syg inn både sanden og målingsrestar. Slik unngår vi store utslepp av gamal måling som blir til mikroplast, og sanden kan brukast på nytt.

Ferjeavløysingsmidlar

Fylkestinget stadfesta i desember at arbeidet med Ytre Stein-sund bru i Solund kommune kan starte opp i 2021 som eit ferjeavløysingsprosjekt. Dette er eit stort veg- og bruprosjekt.

Konkurs hjå entreprenør

Konkurs hjå ein entreprenør skapte utfordringar i fleire fylkesvegprosjekt i 2020. Eit delprosjekt i Askøypakken vart forseinka og blir lyst ut på nytt i 2021.

Ved Åstrandhaugen vart kritiske skredvollar ferdige før snøen kom, takka vere ny entreprenør. Resterande arbeid med ny gang- og sykkelveg i Svelgen må også lysast ut på nytt våren 2021.

Rassikring

Vestland har eit stort behov for rassikring av fylkesvegnettet. Vi må gjere utsette strekningar trygge å ferdast på og redusere stengetid på vegen. Rassikringsmidlar er ei viktig kjelde til finansiering av fylkesvegprosjekt. Rassikringsprosjekt i Vestland som er godt i gang i 2020 er:

fv. 500 Folgefonna-tunnelen–Årsnes

fv. 5722 Flovegen

fv. 53 Ljoteli

Kommunedelplanen for fv. 551 Tokagelelet er godkjent, og arbeidet med reguleringsplan for fv. 55 bru over Esefjorden er i gang. Vi gjennomfører også fleire mindre skredsikringsprosjekt

Nye kontraktsformer

Som del av arbeidet med å få meir veg for pengane har Vestland tatt i bruk nye konkurranseformer for nokre av dei store fylkesvegprosjekta. Det er også ein del av arbeidet med byggherrestrategien for investeringsprosjekt. Dette vil også bidra positivt til ein god klima- og miljørekneskap.

I fylkesvegprosjektet Folgefonna-tunnelen–Årsnes nyttar vi til dømes "Konkurranseprega dialog og totalentreprise med samspele". Fordelen med forhandling og samspel i totalentreprise er at entreprenøren blir med tidleg i prosjektet. Då kan vi unngå blant anna kostbare reguleringsendringar i prosjekterings- og byggefase og få bedre utnytting av masseoverskottet, noko som syner seg i miljørekneskapen.



Tunnelen gjennom Ljoteli på fv. 53 i Årdal kommune skal sikre trafikantane gjennom ei svært skredutsatt strekning i bratt terrenn. Det var gjennomslag i tunnelen i juli 2020, og han skal stå ferdig hausten 2021.

Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet

Etter samanslåing av fylka og avvikling av sams vegadministrasjon, er dei tolv driftskontraktane på fylkesveg framleis felleskontraktar med Statens vegvesen. Vi lyste i 2020 ut dei to første eigne driftskontraktane for fylkesveg: Bergen–Os–Austevoll og Sunnfjord Sør, med oppstart i 2021.

Fylkeskommunen utarbeider no ein strategi for driftskontraktar, og saltbruk på fylkesvegnettet er noko som engasjerer mange. I framtidige kontraktar vil vi kompensere for utført arbeid uavhengig av kor mykje salt som er brukt, mot at det tidlegare vart betalt etter mengde. Det er venta at omlegginga vil redusere saltbruken og gi både økonomisk og miljømessig gevinst.

Dei stramme økonomiske rammene i driftskontraktane gjev lite rom for å gjøre tilleggsarbeid og uføresett arbeid. Vi har heller ikkje midlar til å førebygge mot flaum og uvêr, samstundes som vi må ta kostnadane med å reparere. Det er utfordrande i arbeidet framover.

Vedlikehald

Avdelinga utarbeider langsigchte planar for dekke- og bruvedlikehald, mellom anna for å vite når store tiltak kjem og for å betre moglegheitene for samkjøring med anna arbeid. På dekkelegging og dekkekvalitet er det utfordringar grunna svært stram økonomisk ramme. Innan vedlikehald har vi konsentrert oss om å bygge sterke fagmiljø ved å samle fagkompetanse i einingane.

Oppgradering etter tunnel-sikkerheitsforskrifta

83 tunnelar i Vestland er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta. 41 av dei fyller ikkje krava i forskrifta i dag og må utbedrast. Fylkeskommunen jobbar med å prioritere framtidige prosjekt og å få på plass bemanning. Behovet for tunneloppgradering er større enn den totale økonomiske ramma, og vi



Ei klatremaskin som kan jobbe i opptil 40-graders helling må til for å sikre ny gang- og sykkelveg mot jordskred langs fv. 607 mellom Leirvik og Heggebø.



Brøytekantane på Sognefjellet blir fort ti meter høge! Snøbrøyting er ein viktig del av driftsoppgåvene til fylkeskommunen.

har søkt om utvida frist for gjennomført oppgradering av alle tunnelane til 2030.

Ferdig utbetra i 2020

- fv. 57 Lyngfjelltunnelen, Alver kommune
- fv. 55 Tussviktunnelen, Høyanger kommune
- fv. 609 Kvernbergtunnelen, Sunnfjord kommune

Arbeid i gang, ferdigstilling i 2021

- fv. 49 Haukanestunnelen, Samnanger kommune
- fv. 55 Vadheimstunnelen, Høyanger kommune

Ferdig planlagde, blir lyste ut i 2021

- fv. 207 Bjørøytunnelen, Bergen og Fjell kommunar
- fv. 566 Tirsåstunnelen, Osterøy kommune

Beredskap

Når ei krisje eller uønskt hending skjer, skal vi ha god beredskap for ta i vare tryggleik, tenesteproduksjon og økonomiske verdiar knytt til fylkesveg og infrastruktur. ROS-analysen til avdelinga vart fullført i februar 2021, og beredskapsplanen vil

inngå i det totale planverket for beredskap i Vestland fylkeskommune. Desse planane vart ferdigstilte i 2020:

- beredskapsplan for INV
- krisekommunikasjonsplan for INV
- kontinuitetsplan ved pandemi

Vegavdelinga vil nytte styringssystemet CIM for heilskapleg styring av sikkerheit og beredskap. Det er installert og bygd opp og vil vere i drift før sommaren 2021.

Beredskapsordning for skred

Skred og steinsprang skaper farlege situasjonar langs fylkesvegane våre. Vi har etablert ein beredskapstelefon, og ei vaktordning med skredfagleg ressurs på vakt. Vakta rykker ut på ein til to timars varsel i nærområdet og får elles tak i ressursar i eige fagmiljø eller hjå Statens vegvesen.

Alternative transportløysingar ved stengt veg

Fylkestinget vedtok i september 2020 at fylkeskommunen har ansvaret for å sette opp alternativ transport for skuleskyss når ei uønskt hending stenger vegen. Ved langvarige stengingar etablerer fylkeskommunen alternative ruteopplegg frå dag fire.

Trafikktryggingsarbeidet

Uluksesutvikling

Førebelse tal for Vestland syner at sju personar omkom i vegtrafikkulukker i 2020, mot elleve året før. Det er lågare enn snittet på 12,8 for perioden 2014–2019. Koronaen har ført til ein trafikknedgang nasjonalt, noko vi reknar med har påverka ulukkestala. Dei største ulukkestypene i fylket er framleis utforkøyringar og møteulukker. Talet på ulukker med mjuke trafikantar er også vesentleg.

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) løyvde 16,4 millionar kroner i 2020.


Utvælet

- innvilga 29 tilsegner om tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- gav tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar i tolv kommunar
- innvilga 44 søknadar om tilskot til trafikktryggingsaktivitetar, til blant anna skular, barnehagar og idrettslag

Vestland fylkeskommune viderefører samarbeidsavtalen med Trygg Trafikk.

Ny fartsdempande teknologi

Vestland fylkeskommune har i eit prøveprosjekt etablert landets første Actibump på fv. 585 Nattlandsveien i Bergen. Actibump er aktiv, dynamisk fartsdemping, og gjer det mogleg å påverke berre dei som kører for fort. Anlegget består av ei kasse i vegen med toppluke i plan med køyrebanan. Ein radar registerer køyretøy over fartsgrensa, og luka fell då ned 6 cm. Sjåføren opplever eit markert dunk. Vi evaluerer tiltaket med ei før- og etterundersøking.



Om du kører for fort i Nattlandsveien i Bergen, vil «Actibumpen» gje deg ein vekkar med ei plate i vegen som fell 6 cm ned. Trond Hollekim, senioringeniør i INV inspirerer prøveprosjektet.

Forvaltning av fylkesvegnettet


Saks mengda innan forvaltning var stor. I 2020 sendte forvaltningseininga ut om lag 5000 brev. Søknadar om avkjørslar, dispensasjonar frå byggjegrenser og grave- og framføringsløyver er blant forvaltingsoppgåvane vi har ansvar for, og det er viktig for oss at innbyggjarane i Vestland skal merke minst mogleg av regionreforma. Det er det lagt vekt på å opprette god dialog med både innbyggjarar, kommunar og andre offentlege etatar.

Digitalisering

Avdeling for infrastruktur og veg betrar mange prosessar og oppgåver gjennom digitalisering.

Fylkesatlas

Mange store og små fylkesvegprosjekt genererer enorme mengder data. Fylkeskommunen har utvikla eit system for datalagring der nøkkelinformasjon kan hentast ut frå ei og same plattform. Alle data blir presenterte i kartløysinga fylkesatlas.no/veg. Her får vi oversikt over fylkesvegprosjekta med tilhøyrande informasjon, som eigedomsdata, plandata, kulturminne og vegbilde. Dette gjer dei interne prosessane meir effektive. Innbyggjarar, entreprenørar og andre samarbeidspartar kan òg finne informasjon enkelt og raskt i Fylkesatlas, og ei publikumsløysing vil bli lansert i 2021.



I Fylkesatlas.no/veg finn du informasjon og data frå fylkesvegprosjekta, som plan- og eigedomsdata og kulturminne.

Foto: skjermdump

Frå teikning til 3D-modell

Vi kan no enkelt lage digitale 3D-modellar og visualiserigar til ulike prosjekt. Som ein av dei første byggherrane er vi i gang med implementering av AR, augmented reality, i vegprosjekta våre. Her ser ein modellen saman med terrenget ute i felten på til dømes ein mobilskjerm, og det er enklare å følge opp ein byggeprosess eller forstå prosjekteringsgrunnlaget. Avdeling for infrastruktur og veg jobbar òg med optimalisering av metodikken BIM, bygnings-informasjonsmodell, med å gå frå tradisjonelle teikningar til å nytte informasjonsrike 3D-modellar. Det skal sikre betre kontroll og kvalitet i prosjekta.

Digital innbyggardialog

For at publikum skal kunne medverke meir og ha større kunnskap om planprosjekta våre, har vi lansert Digital innbyggardialog. Det er ei nettbasert løysing med detaljar i kart, der ein kan gje innspel og høyringssvar til planprosessane våre.

Storymap

I kommunikasjons- og formidlingsarbeidet har vi tatt i bruk verktøyet Storymap. Det er ei interaktiv presentasjonsform som kombinerer visning av bilde, videoar og kart, og slik kan formidle større prosessar på ein oversiktleg og forståeleg måte.

Dei langsiktige prioriteringane

Fylkestinget i Vestland leverte i mai 2020 innspel til prioriteringane i Nasjonal transportplan 2022–2033. I forkant hadde fylkeskommunen ein prosess med brei medverknad, med m.a. fire opne dialogmøte rundt om i fylket. Trygge vegar, ein ras-sikra E16, å redusere forfallet på fylkesvegnettet og utbetring av Vossebana mellom Bergen og Voss har høg prioritet. Ferje-fri E39 er framleis eit mål og fleire andre riksvegar har og store behov. Stortinget vedtek ny NTP 2022–2033 i 2021.



3D-modell av fylkesvegprosjektet fv. 562 Lavik–Haugland gjev betre forståing av byggeprosessen. Foto: skjermdump

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Oppfølging av avviklinga av sams veg-administrasjon	Oppfølging av kostnader: Det er førebels vanskeleg å seie i kva grad overføringa frå staten dekkjer kostnadane fullt ut. Vi har i tillegg ein del «eingongskostnader», blant anna knytt til utstyr/inventar, ikt og oppbygging/etablering av avdelinga.	Vi har arbeidd ein del med dette og prøvd å få best mogleg oversikt, inkl. sikre at løn til stillinger knytt til investering, vert ført på prosjekta. Blir arbeidd vidare med i 2021.	I prosess
	Bemanning: Vi skal sikre rett bemanning til å gjennomføre oppgåvene.	Vi registrerer at vi innan enkelte område ikkje er optimalt bemanna. Bemanningsplanen er basert på ressursregistrering frå SVV, og her kan det vere ulikeheter når det gjeld kva som vart ført på rv. og fv.	I prosess
	Få på plass avtalar for utestasjonerte/pendlarar.	Arbeidet er godt i gang, men noko forseinka. Vert klart våren 2021	I prosess
Kvalitet og styring	Etablering av kvalitetssystem og rutinar for avdelinga.	Her er gjort mykje bra, sjølv om noko står att og må justerast. Ser dette som ein tilnærma kontinuerleg prosess	I prosess
	Digitalisering	Det vert arbeidd godt med digitalisering i mange delar av organisasjonen. Dette arbeidet vil halde fram	I prosess
	HMS – system og rutinar	Dagens HMS-system er ikkje tilpassa vår organisasjon. Vi arbeider med å få på plass betre system, anten gjennom FV-IKT eller som vidareutvikling av HMS-reg.	I prosess
Organisering av økonomistyringa	Etablering av: prosjektøkonomisystem, tidsregisteringssystem, rutinar knytt til økonomi (budsjett og rekneskap) og økonomioppfølging som blir lagt i kvalitetssystemet. Ansvarsdeling mellom stab og linje er avklart.	Gode rutinar er på plass i kvalitetssystemet, desse sikrar lik praksis i avdelinga. Prosjektøkonomisystem og tidsregisteringssystem er implementert. Organisering og ansvarsdeling fungerer tilfredsstillande. Det blir vurdert tekniske justeringar i rapporterings- og budsjetttsmanheng for å oppnå lik praksis og innretning etter fylkeskommunale prinsipp.	Gjennomført
Innkjøpsprosess	Kvalitetssikring av innkjøpsprosessen, gode rutinar, kontraktsstrategiar		Gjennomført
Bygge felles organisasjons-kultur	Oppbygging av internt kvalitetssystem for avdelinga. Felles interne rutinar og dokument, delt i kvalitetssystemet. Digitale møteplassar som faste møte på ulike nivå, quiz og julekalender.	Tilsette har ein felles stad der dei enkelt finn rutineskriv og andre dokument, og har til ein viss grad haldt breiare kontakt med kollegaer. Vi gler oss til å jobbe vidare med kulturbrygging i andre former når smitteverntiltak tillet det.	I prosess

Driftsutgifter – Infrastruktur og veg

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Veg - drift og vedlikehald	1 411 798
FTU-midlar	12 454
Adm. av infrastruktur og veg	25 435
Andre tiltak - infrastruktur og veg	3 497
Sum Infrastruktur og veg	1 453 184
Budsjettavvik nto 2020	
Netto meirforbruk infrastruktur og veg	-16 868

Det er gjort ein korreksjon på 85 mill. kr mellom veg- drift og vedlikehald og FTU-midlar.
Dette gjeld periodisering frå 2019-rekneskrapen som er ført på feil løyvingsnivå i Visma.

Infrastruktur og veg hadde eit negativt resultat på 16,9 mill. kr. Dette resultatet kan i hovudsak tilskrivast tilhøve ved avviklinga av ordninga med sams vegadministrasjon. I samband med avviklinga måtte dei to gamle fylka i 2019 setje av midlar til faktura som gjaldt 2019, men som vart bokført i 2020. Desse avsetningane viste seg å ikkje vere tilstrekkelege; summert for begge fylka utgjorde dette 14 mill. kr. Elles er det nokre mindre negative budsjettavvik innanfor sektoren.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Plan	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar			
Regional transportplan for Hordaland	2017	FT	
Regional transportplan 2018–2027 for Sogn og Fjordane	2017	FT	Kvart 4. år
Regional transportplan 2018–2027	2017	FT	Kvart 4. år
Handlingsprogram for Regional transportplan 2018–2021	2017	FT	Kvart 4. år
Temaplanar			
Gå- og sykkelstrategi 2018–2021 (Sogn og Fjordane)	2017	FT	Kvart 4. år
Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018–2021 (Sogn og Fjordane)	2017	FT	Kvart 4. år
2017–2020 Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (Hordaland og Sogn og Fjordane)	2018	Hovudutval	Kvart 4. år
Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018–2029	2019	FT	Årleg
Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018–2027	2019	FT – som del av budsjettvedtaket	Årleg
Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029	2016	FT	





Innovasjon og nærings- utvikling

Vestland gjekk i 2020 inn i den djupaste økonomiske krisa i moderne tid. Handtering av krisa kravde mykje av fylkeskommunen som regional koordinator og samfunnsutviklar.


Vestland fylkeskommune er med og finansierer klyngeprogrammet der NCE Seafood innovation er ei av fleire klynger. Biletet er frå ei Seafood Traineesamling. Foto: NCE Seafood Innovation



«Dyktige fagfolk snudde seg rundt, følgde opp politisk nivå og sette inn både kortsiktige og langsiktige hjelpe tiltak då koronakrisa trefte næringslivet. Samtidig var vi først ute av fylka med ein scenarioanalyse og har lagt ned ein solid innsats i planarbeidet vårt.»

Bård Sandal
fylkesdirektør innovasjon og
næringsutvikling

Innovasjon og næringsutvikling – organisasjonskart



Tal tilsette: 78

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:

- gjennomført Vestlandsscenarioar 2020 – ei analyse av mogleheter og utfordringar for grøn omstilling i møte med globale utfordringar
- opna Nordens største ladepark for drosjar på Flesland
- hatt hovudansvaret for å utarbeide plaststrategien for fylket, som fylkestinget vedtok i juni
- starta opp pilot for kompetanseutvikling i distriktsområde

Dei næringsretta samarbeidspartnarane i Vestland, samordna av fylkeskommunen, har lenge hatt merksemda retta mot «den store omstillinga» – frå å vere avhengig av fossile ressursar til å bygge nye næringar på berekraftige vilkår. Koronakrisa gjorde at arbeidet vi tenkte vi hadde nokre år på å gjennomføre, no kravde tiltak raskt. Samstundes var det behov for kortsiktige tiltak for næringar i krise.

Koronahjelp til næringslivet

Samla sett formidla fylkeskommunen i 2020 om lag 160 mill. kr til næringsrelaterte tiltak i samband med koronapandemien. Noko av dette var «normal» aktivitet som var bestemt i budsjettet for 2020, anna var ekstraordinære tiltak som har ført til ei ekstrabelastning for avdeling for innovasjon og næringsutvikling. Eit samrøystes fylkesutval vedtok alt i mars å bruke 22,1 mill. kr til å hjelpe næringslivet gjennom koronakrisa. Om lag 18 mill. kr av overskotet frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar i 2019 vart vidare definert til koronarelaterte tiltak for næringslivet. I tillegg kom statlege ekstraløyvingar som fylkeskommunen har formidla, mellom anna 75 mill. kr til kommunale næringsfond.

Det er verd å merke seg at dette har vore gjort utan ekstra ressursar av noko slag. Dei tilsette har gjort ein svært god innsats for å få det til. Fylkeskommunen har fått mange gode tilbakemeldingar på at vi var raskt ute med hjelptiltak.



Planar

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Parallelt har det i 2020 blitt arbeidd med å lage ny regional plan for innovasjon og næringsutvikling for Vestland fylke. Planen skal setje retning for arbeidet dei neste tolv åra. Som regional plan legg han føringar for innsatsen til både kommunar og regionalstat på området. I utarbeiding av planen har over 50 personar frå 30 ulike organisasjonar gitt innspel gjennom arbeidsgrupper. Planen vert lagt fram for politisk handssaming i januar 2021. Tittelen er Berekraftig verdiskaping, og målet er at «Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon». Det er definert tre satsingar:

- grøn næringsutvikling – med mål «Næringslivet i Vestland er klimanøytralt i 2033»
- innovative og inkluderande samfunn – med mål «Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket»
- areal til næringsutvikling – med mål «Rett areal til rett formål til rett tid»

Handlingsplan for næringsutvikling i Vestland 2020

Etter samanslåinga av fylka har det vore rekordstor interesse frå partnarar som ynskjer å bidra til å oppfylle felles mål innan dei sju strategiske satsingsområda i Handlingsplan for næringsutvikling i Vestland (HNV). Det kom inn til saman 198 prosjektsøknader i to utlysingsrundar. Fylkeskommunen er no partnar i 49 nye utviklingsprosjekt, etter vurdering i fagpanel og vedtak i hovudutval for næring. Fylkeskommunen yter omlag 30 mill. kr til delfinansiering av prosjekta, i tillegg til faglege bidrag. Stikkord for resultata er grøn omstilling og samarbeid på tvers av bransjar, kompetanseutvikling i næringslivet, utvikling av prioriterte næringar, distriktsprofil og avbøtande pandemitiltak.

Innovasjon og samarbeid

Oppdrag til Innovasjon Norge og Siva

Fylkeskommunane fekk frå 2020 oppdragsgjevaransvaret for fleire av ordningane til Innovasjon Norge og Siva. Vi overførte totalt vel 99 mill. kr til Innovasjon Norge sine låne- og tilskotsordningar i distrikta, bedriftsnettverkordninga, mentorenesta



Den nye ladeparken for el-drosjar på Flesland kan lade 12 drosjar samstundes og er den største i Norden. Ladeparken blei offisielt opna i januar 2020.



– Vi skal gjøre Vestlandet til den fremste regionen i verda for efly, sa fylkesordførar Jon Askeland og fylkesvaraordførar Natalia Golis, då satsing på fly med nullutslepp vart lansert i juni 2020.

for gründerar, etablerartiskot og Siva sine næringshage- og inkubatorprogram. Innovasjon Norge og Siva skal jobbe i tråd med planar og strategiar for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

Innovasjon Norge, næringshagane og inkubatorane har vore særskilt viktig for å støtte næringslivet i ei utfordrande tid.

Strategiske samarbeidsavtalar

I 2020 hadde fylkeskommunen avtalar med næringsutviklingsaktørar i Vestland for til saman 24 mill. kr. Til avtalane er det knytt eit økonomisk bidrag, men samarbeid og kunnapsdeling er også viktig. Eksempel på avtalepartar er næringshagar, inkubatorar, klynger, nettverk og aktørar som på ulik måte marknadsfører fylket og moglegheitene som finst her. Det kan også vere aktørar som legg til rette for entreprenørskap, kunnskapsutvikling og -formidling og utvikling i bransjar.

Investeringar og bedriftsetableringar

Invest in Bergen er den lokale partnaren til Invest in Norway, som er del av Innovasjon Norge. Gjennom medfinansiering av Invest in Bergen har Vestland fylkeskommune bidrege til fire nyetableringar i 2020.

Breiband som grunnlag for vekst og verdiskaping

Frå 2020 fekk fylkeskommunane eit meir omfattande ansvar, og fleire oppgåver knytte til breiband. Midlane til breiband skal gå til område der det ikkje løner seg å bygge ut kommersielt.

I samarbeid med kommunane har Vestland fylkeskommune lyst ut og lagt til rette for signering av kontraktar for utbygging av breiband i sju kommunar i fylket. Staten, fylkeskommunen og kommunane har bidratt med over 40 mill. kr i desse prosjekta. Fylkeskommunen har brukta 4,4 mill. kr av eige budsjett, og staten har bidrege med 32,5 mill. kr direkte vidarefordelt til enkeltprosjekt. Utbyggingane vil anslagsvis gje breiband til 1400 husstandar, i tillegg til bedrifter og fritidsbustadar. Vi har gjennomført to konferansar om breibandutbygging med kommunane og breibandstilbydarane.

Grøn konkurranse-kraft og klimainnovasjon

Fylkeskommunen har tildelt vel 6 mill. kr i utviklingsmidlar til grøn konkurransekraft og klimainnovasjon. Slik har vi fått i gang ni viktige prosjekt for grøn næringsutvikling innan hydrogen, fornybar energi og sirkulærøkonomi.

Viktige saker i 2020

- Opning av Nordens største ladestasjon for drosjar på Flesland taxidepot. Det var ei viktig brikke i naudsynt infrastruktur for vedtaket om nullutsleppdrosjar fra 2024.
- Fylkeskommunen støtta bygging av 14 nye lynladarar og 10 hurtigladarar i distriktsområde. Med det er det hurtiglading i alle kommunar i Vestland og totalt 422 CCS-ladeuttak per 31.12.2020.
- Strategi for infrastruktur for nullutslepp er vedteken.
- Som første fylke i landet vedtok Vestland ein plaststrategi.
- Landets største samarbeid om elfly hadde take off i juni, med fylkeskommunen som drivkraft.
- Manglar i straumnettet hindrar industrietablering, og det har vore prioritert å få Statnett til å framskunde forbetingar i straumnettet i Vestland.
- Fylkeskommunen jobba for å etablere karbonfangst- og lagringsprosjektet Northern Lights¹. Regjeringa sitt vedtak om Langskipprosjektet er ein milepåle.
- Fylkeskommunen leia fem klimaprosjekt finansiert av statlege midlar frå Klimasats og gir rådgjeving om grøn næringsutvikling.
- Interessa for hydrogen auka sterkt i næringslivet i Vestland, og fylkeskommunen har lagt vekt på å etablere verdikjeder for hydrogen i fylket.
- Interessa for sirkulærøkonomi og klimagassskutt i næringslivet aukar.

¹ Northern Lights er transport- og lagringsdelen av det fullskala CO₂-demonstrasjonsprosjektet til staten



Fotograf Mari Fjellkårstad

I august 2020 var det Kick off i Førde for Klimapartnere Vestland avdeling nord. Over 30 deltakarar frå 20 verksemder var med.

Klimapartnere

Klimapartnere Vestland har etablert seg i den nordlege delen av fylket. Klimanettverket har auka med 17 nye partnarar til 62 verksemder i heile fylket. Klimapartnere arrangerte 24 eigne arrangement fysisk eller digitalt og er etterspurde som innleiarar på eksterne møte. Klimarekneskapet for partnarane viste ein nedgang på 5,6 prosent i direkte klimagassutslepp. Den grøne løysingsbanken med over 100 inspirerande eksempel på klimagassskutt, kom i desember 2020 og er no på nett.

Kompetanse og karriere

Kunnskap og rett kompetanse for framtida er avgjerande for å lukkast med innovasjon og næringsutvikling.

Scenarioanalyse

Som første fylke i landet fekk Vestland fylkeskommune i 2020 utarbeidd ein scenarioanalyse for næringslivet. Analysen la særskilt vekt på grøn omstilling og vegen ut av covid-19. Analysen ble utført av EY i tett samarbeid med partnarskapen, og vart lansert tre stadar i Vestland. Analysen peiker på moglegheiter og utfordringar for næringslivet til å ta ein posisjon i dei nye verdikjedene med størst konkurransefortrinn.

Kompetanseforum Vestland

Kompetanseforum Vestland vart etablert i januar 2020. Det er eit forpliktande samarbeid mellom dei største utdanningsinstitusjonane i Vestland, partane i arbeidslivet og offentleg sektor. Vestland fylkeskommune koordinerer og leiar forumet, som skal

- legge til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet
- avdekke kva kompetansegap som finst i arbeidslivet, og finne løysingar for korleis vi kan tette dei

Partane skal setje framtidas kompetansebehov på dagsorden. Det blir jobba med å etablere regionale kompetanseforum som dekkjer heile det nye fylket.

Bedriftsintern opplæring

Fra 2020 overtok fylkeskommunane ansvaret for tilskotsordninga bedriftsintern opplæring (BIO-midlar) frå NAV. Vestland fylkeskommune lyste ut og tildelte i overkant av 24 mill. kr i BIO-midlar i 2020. Omlag 18 av desse var midlar fylkeskommunen fekk frå dei nasjonale krisepakkane knytte til koronatuasjonen. Industrien har fått mest, med 8 mill. kr. Tema som gjekk igjen i ein stor del av søknadene var opplæring i digitalisering og marknadskommunikasjon.

Kompetansepilot Vestland

Vestland fylkeskommune har fått 4,4 mill. kr av Kommunal- og moderiseringsdepartementet til prosjektet Kompetansepilot Vestland. Prosjektet skal utvikle metodikk som skal identifisere kompetansebehova, og legge til rette for at dei små verksemndene i distrikta får tilgang på kompetansen dei treng. Samarbeidspartnerar i prosjektet er Nordfjordakademiet og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet starta hausten 2020 og skal gå over tre år.

Forsking

Fra 2020 har kvar av dei elleve fylkeskommunane fått sitt eige regionale forskingsfond. Regionalt forskingsfond Vestland hadde sitt første styremøte i februar 2020, med fylkesordførar Jon Askeland som styreleiar. Av ei samla løvving frå Kunnskapsdepartementet på vel 21 mill. kr, har det vore lytt ut og tildelt rundt 10 mill. kr til regionale forprosjekt i bedrifter og kommunar. Ei større utlysing av støtte til hovudprosjekt hadde frist i desember 2020, med vedtak februar 2021.

Gjennom FORREGION-programmet har Vestland fylkeskommune fått i oppdrag å mobilisere til meir forsking i bedriftene. MOBIFORSK og VR14 er prosjekt i Vestland fylke i 2020. Erfaringane vil påverke arbeidet inn i det nye prosjektet FORREGION Vestland.

FoU-forum Vestland vart etablert i november 2020. Forumet skal mobilisere til og samordne forskings- og innovasjonsaktivitetar. I 2020 har forumet arbeidd med innspel på forskingsfeltet til regional plan for innovasjon og næring, og fasilitering av søknader frå Vestland fylke til utlysingar frå Grøn plattform.

Forskningsrådet vedtok i juni 2020 å gi støtte til seks senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), til forskingsmiljø med hovudkontor i Vestland fylke. Fylkeskommunen deltok aktivt i arbeidet med å fram søknadene. Det gjorde vi både med økonomisk støtte til forsterka industriadialog mellom forskingsmiljøa og næringsliv og gjennom Regionalt FoU-forum Hordaland.



Nordfjordakademiet leier prosjektet Kompetansepilot Vestland der Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei sentral rolle. Foto: Øystein Torheim, Frequency.

Internasjonalt samarbeid

2020 var eit krevjande år for internasjonal samhandling. Fylkeskommunen er partner i fire større europeiske prosjekt, der all aktivitet sidan mars 2020 har gått føre seg digitalt. Likevel har alle prosjekta gjennomført aktivitetar og levert viktige resultat knytt til

- kompetanseutvikling
- involvering av innbyggjarar i innovasjons- og planprosessar
- rurale innovasjonsnettverk

I 2020 fekk vi godkjent fire nye internasjonale samarbeidsprosjekt. Tema er vaksenoplæring, ung entreprenørskap i rurale strøk, kompetanseutvikling innan prosessindustri og reiseliv og ein fellessøknad for tverrsektorielle utviklingsprosjekt.



Fylkeskommunen fekk nye landbruksoppgåver frå 2020.

Naturressursar, landbruk og reiseliv

Som følgje av koronapandemien har vi sett i verk ein tiltakspakke for reiselivet på nærmere 10 mill. kr. Slik har destinasjonsselskapet blitt i stand til å hjelpe reiselivsbedrifter i ei krevjande tid. Målet er omstilling i reiselivet, i samsvar med visjonen attraktivitet gjennom berekraft. Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet inngjekk i desember 2020 ei ny avtale med Fjord Norge AS, som gjeld til 2023.

Fylkeskommunen har saman med Innovasjon Norge etablert ei omstillingsgruppe som samordnar innsatsen mot kommunar som har store utfordringar innan næringslivet. Eit nytt nærings- og utviklingsfond skal m.a. kunne delfinansiere omstillingsarbeid i utsette kommunar.

Fylkeskommunen fekk nye landbruksoppgåver frå 2020. Det er etablert eit velfungerande samarbeid i landbrukspartnerskapen, som arbeider saman i tråd med Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020.

Lokalsamfunnspogrammet LivogLyst vart i 2020 utvida til heile Vestland. Vi set i verk ein større innsats innan nærings- og samfunnsutvikling for bygder og lokalsamfunn i 2021. Tiltaksplan 2020 er rettesnor for arbeidet med marin næringsutvikling, og berekraftig havbruk blir gitt ein større innsats. Vestland fylkeskommune har gjennomført dialogmøte med kommunane om viltforvalting og tildelt midlar til vilttiltak.

Nasjonalt arbeid

Avdeling for innovasjon og næring legg vekt på å vere synleg og aktiv på nasjonale arenaer. Arbeidsutvalet i KS-kolleget for næring og plan blir leia av fagdirektør i Vestland fylkeskommune. Nettverket har sidan hausten 2019 brukt mykje tid på regjeringa sin gjennomgang av næringsverkemidla og på å fremme felles standpunkt for fylkeskommunane.

Overtakinga av oppdragsgjevaransvaret for inkubator- og næringshageprogramma i Siva og fleire av ordningane til Innovasjon Norge, set nye krav til koordinering mellom fylkeskommunane. Kollegiet har brukt og brukar framleis mykje tid på å utvikle nye ordningar, som kan heve bedriftene våre til nasjonalt og europeisk toppnivå.

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Oppdragsbrevet til avdeling for innovasjon og næringsutvikling tek utgangspunkt i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 og dei strategiske innsatsområda som er lista opp der.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■■ for ikkje starta.

Punkt i opp-dragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Overordna tiltak	Ny regional plan for innovasjon og næringsutvikling	Planen er berekna å vere endeleg godkjent juni 2021.	I prosess
	Iverksetting av Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020	Har etablert 49 utviklingsprosjekt og disponert 30 mill. kr til delfinansiering av prosjekta.	Gjennomført
Omstilling	Koronarelatert tiltakspakke for reiselivet	Fylkeskommunen gjekk inn med ekstramidlar på nærmere 10 mill. kr til reiselivet.	Gjennomført
	Koronarelatert tiltakspakke i mars	Samla sum 22,1 mill. kr, fordelt slik: • Bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge: 4,4 mill. kr • Reiselivsnæringa, næringshagar og inkubatorar, etter- og vidareutdanning utlyst av fylkeskommunen: til saman 17,7 mill. kr	Gjennomført
	Bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)	Har delt ut 24 mill. kr til bedriftsintern opplæring gjennom ei søknadsbasert ordning (av desse var 18,5 mill. kr ekstramidlar – sjå over).	Gjennomført
	Vestlandsscenarioar 2020	Gjennomført analyse av moglegheiter og utfordringar for grøn omstilling i møte med globale utfordringar.	Gjennomført
Grøn konkurranseskraft og klimainnovasjon	Drosjelading	Nordens største ladepark for drosjar opna på Flesland med VLKF som prosjektleiar.	Gjennomført
	Infrastruktur for nullutsleppkøyretøy	Tilsegn til 28 nye lyn- og hurtigladarar i distriktsområde. Strategi for infrastruktur vedteken.	Gjennomført
	Plaststrategi	Vedteken i fylkestinget i juni 2020.	Gjennomført
	Klimapartnere etablert i heile fylket	Totalt 62 verksemder, inkludert 17 nye partnarar. 5,6 prosent utsleppskutt hos verksemndene.	Gjennomført

Punkt i opp-dragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Vekst gjennom entreprenørskap, nyskaping og internasjonalisering	Oppdrag til Innovasjon Norge og Siva	Totalt 99 277 mill. kr overført til Innovasjon Norge sine låne- og tilskotsordningar i distrikta, bedriftsnettverkordninga, mentortenesta for gründerar, etablerartilskot og Siva sine næringshage- og inkubatorprogram.	Gjennomført
	Strategiske samarbeidsavtalar om næringsutvikling	Etablert avtalar med næringsutviklingsaktørar i Vestland for til saman 24 mill. kr. Eksempel på avtalepartar er næringshagar, inkubatorar, klynger og nettverk.	Gjennomført
	GreenByte, datasenteretableringer	Initiativ overfor fleire kommunar for mogleg etablering av datasenter	I prosess
	Internasjonalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> Fire pågående internasjonale samarbeidsprosjekt Fire nye internasjonale samarbeidsprosjekt godkjent i 2020 innanfor Erasmus+ Bedrifter etablerer internasjonale nettverk og gjennomfører prosjekt som bidreg til nyskaping og grøn konkurransekraft gjennom NORA 	I prosess
Forsking for å styrke innovasjons- evne	Regionalt forskingsfond Vestland	Etablering av RFF Vestland. Tildelt 10 mill. kr til regionale forprosjekt i bedrifter og kommunar.	Gjennomført
	Mobiforsk og VR14	Mobilisering til meir forsking i næringslivet gjennom program finansiert av Forskningsrådet. Kontakt med om lag 120 bedrifter. Det ble løvd midlar til 18 prosjekt: seks forprosjekt, åtte forskar til låns og fire mobilitetsprosjekt.	Gjennomført
	FoU-forum Vestland	Etablering av FoU-forum Vestland.	Gjennomført
	Senter for forskingsdriven innovasjon	Seks senter for forskingsdriven innovasjon etablert basert på tett regionalt samarbeid i søknadsprosessen.	Gjennomført
Kompetanse og karriere	Kompetanseforum	Etablering av Kompetanseforum Vestland.	Gjennomført
	Kompetansepilot	Oppstart av kompetansepilot for å utvikle metodar for kompetanseutvikling i distriktsområde.	Gjennomført
	Karriere Vestland	Har gjennomført 2145 rettleiingssamtalar til 1311 personar.	Gjennomført
	Etablerarkurs	<ul style="list-style-type: none"> Etablerersenteret har gjennomført 13 kurs med 214 deltagarar i tidlegare Hordaland 203 personar har fått individuell rettleiing. Fire etablerarkurs med 31 deltagarar i tidlegare Sogn og Fjordane 	Gjennomført

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Berekraftige byar og samfunn	Breibandetablering	Lagt til rette for signering av kontraktar for utbygging av breiband i sju kommunar i fylket.	I prosess
	LivogLyst	Lokalsamfunnssinnsatsen LivogLyst er utvida til heile Vestland.	Gjennomført
	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling	Innsats for bygder og lokalsamfunn er under utforming og vert iverksett i 2021.	I prosess
Naturressursar – forvaltning og næringsutvikling	Kraftnettsituasjonen	Invest in Bergen har arbeidd med løysingar for å bringe el-kraft fram til store næringsareal ved kysten.	I prosess
	Akvakulturforvalting	Høg aktivitet med 122 vedtak.	Gjennomført
	Vassforvalting	Stor aktivitet med revidert vassforvaltingsplan.	Gjennomført
	Viltiltak	1 mill. kr løyvd til viltiltak.	Gjennomført

Driftsutgifter – Innovasjon og næringsutvikling

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Adm. av innovasjon og næringsutvikling	10 754
Grøn vekst, klima & energi	18 384
Forskning, komp. & intern.	109 589
Naturres., landbruk & reiseliv	78 922
Verdiskaping byar/regionar	293 591
Utviklingsmidler	29 062
Sum	540 303
Budsjettavvik nto 2020	
Netto mindreforbruk innovasjon og næringsutvikling	3 040

Innovasjon og næringsutvikling hadde eit positivt resultat på 3,0 mill. kr i 2020. Dette resultatet har sin årsak i vakansar gjennom året; 2 mill. kr, og noko lågare driftskostnadar, 1 mill. kr.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Plan	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar			
Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 (regional planstrategi)	2020	FU/FT	
Regional plan for verdiskaping 2014–2025, rullert 2018 (Sogn og Fjordane)	2014	FU/FT	2018
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (Hordaland)	2015	FU/FT	
Regional plan for klimaomstilling 2018–2021 (Sogn og Fjordane)	2018	FU/FT	2020
Klimaplan for Hordaland 2014–2030	2014	FU/FT	2020
Regional plan for vassregion Hordaland 2016–2021	2015	Vassregionutval/FT/regjering (kongeleg resolusjon)	
Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane	2012	FT	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015–2026	2014	FT	
Regional strategisk plan for kysten (Sogn og Fjordane)	2018	FT	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2017	FU/FT	
Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018–2027 m/ handlingsprogram 2018–2021	2017	FU/FT	
Regional transportplan for Hordaland 2018–2029	2017	FU/FT	
Regional plan for folkehelse – flere gode levekår for alle 2014–2026 (Hordaland)	2014	FU/FT	
Regional plan for folkehelse 2015–2025 Saman for god helse og trivsel (Sogn og Fjordane)	2015	FU/FT	
Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2019 (Sogn og Fjordane)	2013	FU/FT	
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	2012	FU/FT	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014	FU/FT	
Regional plan for Hardangervidda 2011–2025	2011	FU/FT	
Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026	2016	FU/FT	

Plan	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Andre planar			
Internasjonal strategi	2020	FU/FT	
Strategi for grøn konkurranseskraft i Hordaland 2019	2019	FU	
Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland	2020	FU/FT	
Hydrogen Region Vestlandet - Strategi og handlingsprogram for 2019-2020	2019	FU/FT	
Strategi for biogass	2016	FU/FT	
Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009–2021	2009	FU/FT	
Temoplan for landbruk i Hordaland 2018–2022	2018	FU/FT	
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018–2022, inkl. handelsføresegn (Sogn og Fjordane)	2018	FU/FT	
Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016–2020	2015	FT	
Plaststrategi	2020	FU/FT	
Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016–2025	2015	FU/FT	
Strategi for nullutsleppstransport i Vestland	2020	FU/FT	





Kultur, idrett og inkludering

Koronapandemien råka kultur- og idrettslivet hardt i 2020 og prega mykje av arbeidet til Vestland fylkeskommune på feltet. Men det var òg året der vi fekk ei rekke nye oppgåver – ikkje minst når det gjeld inkludering og integrering. Vi har i tillegg vore med på eit digitalt bibliotekløft, sett nye dagsturhytter kome på plass og jobba mykje med ein ny og heilskapleg museumspolitikk for fylket.


Framsinga «We come from far, far away» var eitt av tilboda i Den kulturelle skulesekken i 2020. Det handlar om menneske – og særleg barn – som er på flukt. Foto: David Zadig.



«Eg er svært nøgd med at vi i eit krevjande år hadde tett dialog med kommunar, lag, organisasjonar og profesjonelle utøvarar. Vi fanga opp og formidla synspunkt, formidla statlege og sette i verk eigne hjelpetiltak. Vi ser innsatsen fører til at det spirer av nyskapande aktivitet i heile fylket. Det lovar godt!»

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur, idrett
og inkludering

Kultur, idrett og inkludering – organisasjonskart



Tal tilsette: 113

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:


- implementert integrering som nytt arbeidsfelt
- fordelt 7,2 mill. kr i støtte frå Kulturelt utviklingsprogram
- fått leiinga for ei nasjonal nynorsksatsing i Den kulturelle skulesekken
- hjelpt folkebiblioteka å auke satsinga på digital formidling, e-bøker og nettstadar
- lansert nye webarkiv for tradisjonsmusikk og historiske foto frå fylket
- starta prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg
- nytta om lag 120 mill. kr til å vare på og utvikle kulturarven i Vestland

Pandemien hadde store konsekvensar for kultur- og idrettsfeltet i 2020, og særleg gjekk det ut over tilbod direkte retta mot publikum og medlemmar. Sjølv om talet på produksjinar gjekk ned, fekk verksemder behalde driftsstøtta. Meir prosjektretta tiltak kunne utsetje eller endre prosjekta. Vi løyvde 17,8 mill. kr i ekstraordinære midlar til profesjonelle og frivillige aktørar innan kulturliv og idretts- og friluftsorganisasjonar. Det var pengar fylkesutvalet sette av alt våren 2020 for å bøte på konsekvensane av koronapandemien.

Tilskotsmidlar til kulturfeltet er eit viktig verkemiddel for å fremje eit sterkt og mangfaldig frivillig og profesjonelt kulturliv.

Fylkeskommunen skal også vere med og leggje til rette for rådgjeving, møteplassar og dialog på kunst- og kulturfeltet. Den årlege kulturkonferansen vart som mykje anna digital i 2020. Temaet var «Kulturens samfunnsbyggande kraft» – Korleis kan kunst og kultur bidra i samfunnsutviklinga og styrke fellesskapa i Vestland? Konferansen hadde om lag 300 påmelde, medan talet på dei som har sett konferansen heilt eller delvis i ettertid nærmar seg 800.

I samband med at vi har starta arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og strategi for frivillig sektor, arrangerte vi saman med Frivillighet Norge digital frivilligkonferanse. Over 100 personar deltok.



Trivelsskogen er eit unikt og tilrettelagt nærturområde på Sandane i Gloppen kommune. Ein del av området er kalla Kjæreliksskogen, og her kan alle som vil bidra med hjarte i trea, på stien, i skogbotnen, i mosen og overalt.

Regional plan og planarbeid

I utviklingsplanen for Vestland er det vedteke å utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Vi har i 2020 førebudd arbeidet, som startar for alvor i 2021. Inntil ny plan er på plass hausten 2022, er dei regionale kulturplanane for dei gamle fylka styrande for kulturpolitikken i Vestland.

Vi fekk i 2020 også på plass rutinar for innspel til kommunale planar, der kultur, fysisk aktivitet og inkludering vert løfta fram. Resultatet er at Vestland fylkeskommune har gitt uttale som går på denne tematikken til 39 kommunale planstrategiar, 13 samfunnsdelar i kommuneplanar og til andre relevante planar. Eitt døme er temaplan i Bergen om mangfald i kunst og kultur.



Denne flatretusjerte, hjarteforma pilspissen i flint er frå sein steinalder eller bronsealderen og vart funnen på fjelltur i Nupsdalen på Haukelifjell i september 2020. Finnaren leverte han inn til fylkeskommunen, som registrerer funn og dokumenterer funnstad. Gjenstandar frå før år 1537 er automatisk freda og dermed staten sin eideom. Foto: Adnan Icagic, Universitetsmuseet i Bergen

Kulturarv

Vestland fylkeskommune skal bidra til å forvalte både den nasjonale og regionale kulturarven vår i eit langsigkt perspektiv. Ein del av arbeidet er arkeologiske registreringar, og vi gjennomførte 64 slike i 2020. Det var i samband med reguleringsplanar og saker for vassdrag og energi, landbruk, mindre private tiltak, tilsyn og meldingar om funn.

I 35 av sakene fann vi nye automatisk freda kulturminne. Dyrkingsspor på Modvo i Luster kommune gjorde at datering av «jernaldergarden» vart endra til overgang mellom steinalder og bronsealder. Frå metallsøking har vi mellom anna funn frå jernalder: to bitar av betalingsgull, ei ringspenne og pilspissar.

Ulike tilskotsordningar er sentrale verkemiddel for blant anna å ta vare på, sikre, vedlikehalde og leggje til rette for bruk av kulturarven i fylket. I 2020 fekk fem prosjekt midlar til skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne. Samstundes heldt prosjektet for lysetsetting av bergkunsten i Vangdal i Kvam kommune fram. Alle desse fekk støtte frå Riksantikvaren, gjennom bevaringsprogramma BARK og BERG.

Fartøy- og bygningsvern

Vestland fylkeskommune har forvaltingsmynde for 50 verna og freda fartøy. Det er den største verneflåten i Noreg. Vi fordele til saman 1,8 mill. kr til sikring og istandsetjing av 18 ulike fartøy i 2020, medan 17 fartøy fekk til saman 2,2 mill. kr til forvalting og drift.

Fylkeskommunen har forvaltingsmynde for over 1100 freda bygningar og kulturminne frå nyare tid. Vi forvaltar tilskotsordninga til freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige og fordele i 2020 32,4 mill. kr i tilskot til 79 ulike kulturminne.

Kulturminne i verdsarvområdet i Nærøyfjorden fekk 4,15 mill. kr, og vi fordele 8 mill. kr til istandsetjing av Bryggen. Fylkeskommunen følgjer forvaltinga av verdsarvområda i fylket tett og følger opp forvaltingsplanane for både Bryggen og vestnorsk fjordlandskap i Nærøyfjorden.

Tre fredingssaker vart ferdigstilte for vedtak i 2020:

- Wittgenstein-huset i Luster
- Singerheimen i Stryn
- den gamle bensinstasjonen i Lars Hillesgate i Bergen



Vestland fylkeskommune sende hausten 2020 forslag om freding av MIL Veteranstasjonen i Lars Hilles gate 27 i Bergen til Riksantikvaren. Bensinstasjonen opna i 1928 og var i drift til 1998.

Vi markerte fredinga av Salhus Tricotagefabrik i oktober 2020. 16 fagskulestudentar har i løpet av 2020 fått opplæring på læringsarenaen for tradisjonelt bygghandverk i Norheimsund.

Museum og verdiskaping

Vestland fylkeskommune fordele om lag 70 mill. kr i driftsmidlar til musea i 2020. Fylkestinget bad i desember 2019 om ein gjennomgang av museumspolitikken i Vestland. Tema er ulik ansvar- og eigarskapsstruktur i dei to gamle fylka, og korleis ein skal byggje saman museumsstrukturen. Museumspolitikken har vore ei prioritert sak i 2020, og etter at saka vart utsett politisk, gjekk ho over til 2021 for endeleg vedtak i fylkestinget.

I krysspunktet kulturarv og verdiskaping vart pilegrimsentera i Bergen og Selje etablerte med støtte frå Vestland fylkeskommune. Det er del av arbeidet med den nasjonale

Kystpilegrimsleia. Eit anna viktig prosjekt er «Vasskrafta sine anlegg og landskap som opplevingsverdiar», som er vidareført i Høyanger og Tyssedal/Odda.

Nye oppgåver

Fylkeskommunen overtok i 2020 forvaltninga av verna og freda fartøy, forskriftsfreda eigedomar i statleg og privat eige og freda tekniske og industrielle anlegg i 2020. I tillegg fekk vi ansvar for å fordele tilskot til

- profane mellomalderbygg
- mellomalderruinar
- tekniske og industrielle kulturminne
- verna og freda fartøy
- brannsikring av tette trehusmiljø

Samarbeid med kommunane

Fylkeskommunen samarbeider med kommunane og Riksantikvaren om prosjektet «Kulturminnekompotanse i kommunane». 24 kommunar har alt vedteke kulturminneplan, medan alle dei andre er i gang med planarbeidet.

Kunst- og kulturutvikling

Vestland fylkeskommune forvaltar ei rekke tilskotsordningar innan både det frivillige og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet. Dei er viktige verkemiddel for å nå måla i dei regionale planane for kultur.

Vi løyvde 79 mill. kr i driftstilskot til om lag 100 verksemder i det regionale kunst- og kulturlivet i 2020. Fylkestinget vidareførte og styrka ordninga Kulturelt utviklingsprogram (KUP) fra Hordaland fylkeskommune, og 25 utviklingsprosjekt fekk til saman 7,2 mill. kr gjennom KUP.

Vi har tilskotsordningar for prosjekt og tiltak i både det frivillige og profesjonelle kulturlivet. I 2020 fekk 39 frivillige


aktørar om lag 1,3 mill. kr, medan 80 profesjonelle aktørar fekk om lag 3,1 mill. kr. Vi delte også ut til saman 860 000 kr i kunstnarstipend og folkemusikkstipend.

Fylkeskommunen har ansvar for å fordele spelemidlane til kulturygg. I 2020 fekk 17 av i alt 46 godkjende kulturygg-porsjekt til saman om lag 6,3 mill. kr i spelemidlar.

I arbeidet med å skape møteplassar innan sektoren er nettverket Nynorskfylket Vestland sentralt. Fylkestinget vedtok i mars å vidareføre og utvide nettverket Nynorskfylket, som fanst i Sogn og Fjordane. Vi arrangerte oppstartsmøte i juni, og fylkesutvalet vedtok mandat for nettverket i november. 20 aktørar frå det offentlege, privat næringsliv og organisasjoner er med.

Kunst i offentlege rom

Fylkestinget har vedteke at fylkeskommunen skal setje av 1,2 prosent av entreprisekostnad til kunst i fylkeskommunale nybygg. Avdeling for kultur, idrett og inkludering jobbar tett med andre sektorar i fylkeskommunen med dette arbeidet. Dei to største prosjekta i 2020 var Bybanen i Bergen og Åsane vidaregåande skule og kulturhus. Store nye prosjekt er fylkeshuset i Bergen og nye vidaregåande skular i Førde og på Askøy.



Åsane vidaregåande skule vart offisielt opna 16. oktober 2020. Bygget er utsmykka med mykje kunst i ulike teknikkar. Kunstnar Njål Lunde har med kunstverket "Rekonstruksjoner" teke utgangspunkt i den lokale faunaen Haukåsmyrane i Åsane. Verket er sett saman av digitaltrykk og svippennteikningar på bjørkefinér og er montert på betongvegg i atriet og bibliotektrappa. Foto: Pål Hoff



Prosjektet «Masker» av Nor@way Home er eitt av kunstprosjekta som fekk støtte frå Vestland fylkeskommune i 2020. Dei tek utgangspunkt i den gamle trikotasjekulturen på Vestlandet og arrangerer både framsyningar og verkstadar. Foto: Nor@way Home

Kulturformidling

Den kulturelle skulesekken (DKS) og Ung kultur møtest (UKM) er viktige for å sørge for at barn og unge får oppleve kunst av fremste kvalitet nær der dei bur. I 2020 vart naturleg nok begge hardt råka av koronapandemien. Fylkeskommunen skal også syte for at seniorar kan få oppleve profesjonell kunst- og kultur i nærmiljøet sitt. Det gjer vi i hovudsak gjennom ordninga Den kulturelle spaserstokken. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for ordninga våren 2020, og alle kommunane i fylket søkte og fekk tilskot.

Den kulturelle skulesekken

For DKS sin del vart alle turnear avlyste då skulane stengde ned i mars. Dei som jobbar med skulesekken, snudde seg likevel rundt og fekk på plass digitale tilbod for alle klassetrinn i grunnskulen. Fleire framsyningar vart tilbydde på digitale plattformer, og vi fekk i stand ein litteraturdugnad, med digitale møte med forfattarar som skulle ha vore på turné. Skuleåret 2020/21 er det første året med program for Vestland fylkeskommune. Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule fekk tilbod, og planen omfatta totalt 91 produksjonar. Pandemien fekk konsekvensar for kva som kunne gjennomførast også dette skuleåret.

Vestland fylkeskommune fekk om lag 33 mill. kr til DKS for skuleåret 2020/21. Rundt 12 mill. kr av dette er til tiltak i grunnskulen og rundt 9 mill. kr til tiltak i vidaregåande skule. Om lag 12 mill. kr er fordelte til kommunane til lokale tiltak i grunnskulen. Vestland fylkeskommune leiar frå 2020 eit nasjonalt prosjekt for å få fram fleire nynorskproduksjonar i DKS.

Ung kultur møtest

UKM-fylkesfestivalen var planlagt som to festivalar, ein i Kinn og ein på Voss. Begge vart erstatta av ei digital løysing. Det er ei aukande satsing på gaming/e-sport i UKM. Sunnfjord kommune er tidleg ute på dette området og vann pris i Vestland for arbeidet sitt med LAN (datatreff) i lokalarrangementet. Dei var også nominerte til turboprisen nasjonalt.

Musikarordningane

Distriktsmusikarordninga er eit samarbeid med fem verstsommunar. Fylkesmusikarordninga vart i 2020 omorganisert til distriktsmusikarstillingar og utvida til fleire delar av fylket. Musikarane har utøvande verksemد med konserter, turnear og prosjekt. Ein del av tiltaka går inn i fylkeskvoten, som er ein musikarressurs der utøvarane er til disposisjon for regionale musikkprosjekt etter søknad.



Vestland fylkeskommune fekk fleire nye oppgåver på integrerings- og inkluderingsfeltet frå 1. januar 2020. Vi gav blant anna tilskot til organisasjonen Papillon, som mellom anna jobbar med å utvikle skuleprosjekt. Bildet er frå undervisningsopplegget «Eg e' Meg». Foto: Papillon

Inkludering og integrering

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) overførte nye oppgåver til fylkeskommunen frå 1. januar 2020. Vi har etablert ei intern tverrfagleg gruppe for å sikre at vi arbeider godt på tvers av sektorane med dette viktige arbeidet. Vi prioritærer også samarbeid med kommunar og regionale aktørar høgt.

Fylkeskommunen har gjeve innspel til IMDi om busetjing av flyktningar, og 24 kommunar er bedne om å busetje nye i 2021.

Vi har fordelt tilskot for opplæring av innvandrarar til fem tiltak innan etablering og tre for mentor- og traineeordninga. Midlar frå IMDi til «Jobbsjansen del B» er sett inn i arbeidet med kombinasjonsklassar i vidaregåande skular, noko som er eit samarbeid med kommunane. I ordninga "Inkludering og mangfold" har vi gitt tilskot til 18 aktørar.

Bibliotekutvikling

Vestland fylkeskommune driv bibliotekfagleg rettleiing og kompetanseheving av bibliotektilsette, gjev råd til kommunane og utviklar folke- og skulebiblioteka. 2020 var året der vi styrka satsinga på digitale tenester i folkebiblioteka.

Digital satsing

Det kom inn 21 søknadar til løyvinga på 450 000 kr til satsinga på digitale tenester. Midlane gjekk til honorar, utstyr, lisensar og kompetanseheving. Nasjonalbiblioteket løyvde i tillegg om lag 330 000 kr til utvikling av digitale tilbod. Gjennom tilskotsordninga «Rom for møte» fordelte vi midlar frå Gjensi-digestifta til dataspel, andre spel og digitale verkstadar. Vi laga eit idéhefte om teknologi, spel og integrering.

I ei nasjonal satsing har Vestland fylkeskommune vore ansvarleg for to av leksjonane i e-læringskurset «23 ting om formidling på nett».

Vi kjøper inn og legg til rette for bruk av e-bøker, digitale tidsskrift og aviser i folkebibliotek og bibliotek i vidaregåande skular. Kommunane bidreg til ordninga, der det i 2020 vart lånt ut om lag 90 500 e-bøker. Nasjonalbiblioteket gav ei ekstraløyving på om lag 1,3 mill. kr til innkjøp. Bergen kommune fekk eigne midlar.

Mange av biblioteka treng eit løft når det gjeld nettstadane. Fylkeskommunen har i 2020 støtta kommunale bibliotek ved å etablere og drifta biblioteknettstadar, kompetanseheving og å produsere artiklar.

Spørjeundersøking

Vi gjennomførte i 2020 ei spørjeundersøking for å få oppdattert kunnskap om biblioteka, kva behov dei har for tenester, og om vi treffer med det vi tilbyr. Vi har analysert resultata og vil bruke dei i det vidare arbeidet vårt.

Klassesett

Vi har ei samling med klassesett til grunnskular og vidaregåande skular i Vestland. Ho tel 340 boktitlar. Hovudvekta er på nynorsk, i tillegg finst det bøker på bokmål og engelsk. I 2020 lånte vi ut om lag 9400 bøker.



Nye Åsane vidaregåande skule husar i tillegg til skule også bibliotek, kulturhus og fleire andre funksjonar. Bygget er såleis eit samlingspunkt for unge og gamle på både dagtid og på kvelden.



Vestland fylkeskommune samarbeider med kommunane og skulane i fylket om å vidareutvikle bibliotektenestene og gje innbyggjarane eit best mogleg tilbod.
Foto: Lene Neverdal

Arkiv

Vestland fylkeskommune skal ta vare på og formidle dokumentasjon frå Vestland. Vi jobbar med faget hovudsakleg med to ulike innfallsvinklar: gjennom kommunearkivordninga og med ikkje-offentlege arkiv.

Kommunearkivordninga i Vestland

Målet med oppgåvefellesskapet er å leggje til rette for at arkiva til medlemmane vert handerte, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova. Samarbeidet kan yte depottenester for både dei papirbaserte og elektroniske arkiva til deltarane – og dessutan tilby ordnings- og digitaliseringstenester. Arkiva vert tilgjengelege for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål.

Bruken av arkiva aukar. Vi har digitalisert store mengder med offentlege arkiv, som er tilgjengelege for publikum i ulike innsynsløysingar. Fylkestinget har vedteke eit samarbeid med offentlege arkivinstitusjonar i Vestland fylke.



Digitalisering er ein viktig del av arbeidet med arkiv i fylkeskommunen. Vi digitaliserer både offentlege og private arkiv og gjer dei tilgjengelege gjennom ulike innsynsløysingar.



Ikkje-offentlege arkiv

Vestland fylkeskommune bevarer og formidlar arkiv og kulturhistorisk kjeldemateriale frå privat sektor. Det omfattar fagområda privatarkiv, foto, tradisjonsmusikk og -dans, lokale stadnamn og digital kulturformidling. Eit viktig innsatsområde er å vidareutvikle bevarings- og formidlingsarbeidet til ei fylkesdekkande teneste i Vestland. Vi lanserte nye webarkiv for foto og tradisjonsmusikk i 2020.

Nokre av tiltaka var i samarbeid med andre kunnskaps- og bevaringsinstitusjonar. Vi har utvida nettverk for privatarkiv til heile Vestland og samarbeidd for å slå saman formidlingstenestene Kulturhistorisk leksikon og Grind. Vi har etablert ei samarbeidsgruppe for å bevare og formidle lokale stadnamn, og vi har utarbeidd prosjekta Skulen min og Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland. Begge fekk støtte frå Arkivverket i 2020.



Dagsturhytta på Vardetangen i Austrheim kom på plass i oktober 2020 og vart dermed den første ferdige hytta i runde to av dagstur-hytteprosjektet.

Idrett og friluftsliv

Vestland fylkeskommune jobbar for at alle i fylket skal ha høve til å vere fysisk aktive kvar dag. Vi forvaltar ei rekke tilskotsordningar som skal vere med å leggje til rette for organisert og eigenorganisert aktivitet, og eit variert friluftsliv.

I samband med regionreforma fekk fylkeskommunane overført statlege oppgåver knytt til forvaltning av statleg sikra friluftsområde og skjergardstenesta.

Fleire kommunar i Vestland vart med i prosjektet Plan for friluftslivets ferdselsårer i 2020. Vi lyste ut tilskot til prosjektet i to rundar. To kommunar har ferdigstilt plan, og 16 kommunar har fått tilskot og er i gang med prosjektet.

99 unge idrettsutøvarar i alderen 16 til 25 år søkte om utviklingsstipend i 2020. Utøvarane var godt fordelte på kjønn, område og greiner, med søkerne fra 21 kommunar

og 36 idrettar. Det var sju stipendvinnarar frå like mange idrettar. Dei fekk 40 000 kr kvar.

Nye dagsturhytter

Dagsturhytteprosjektet vart vidareført og utvida til Hordaland. Så langt har vi etablert 15 dagsturhytter i denne delen av fylket. Dei første hyttene kom på plass i Masfjorden, Fedje og Austrheim i september 2020. Vidare arbeider vi med hytter i Kvam, Samnanger, Vaksdal, Sveio, Austevoll, Børmlø, Fjell (no Øygarden), Bjørnafjorden (to hytter) og Alver (tre hytter).

Nyskapande aktivitetsanlegg

Vi vidarefører samarbeidsavtalen med Lokale og Anlægsfonden i Danmark. I tillegg har vi ein samarbeidsavtale med Tverga, det nasjonale ressurssenteret for eigenorganisert aktivitet. Gjennom prosjektet «Nyskapande aktivitetsanlegg» bidreg vi til at anlegga er baserte på kunnskap og behov. I 2020 har vi hatt fire pilotkommunar.

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Fag	Oppfølging av vedtekne planar med særleg vekt på dei regionale kultur- og idrettsplanane inkl. mål og verkemiddel.	Planane med tilhøyrande handlingsprogram har vore styrande for aktivitet i 2020.	Gjennomført
	Arbeide for å utvikle løysinga av nye oppgåver på integreringsfeltet.	Etablere rutinar for internt samarbeid og for samarbeid med eksterne samarbeidspartar. Kontinuerleg arbeid.	I prosess
	Implementering av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar i organisasjonen.	Køyre prosess for implementering og vitalisering.	I prosess
Økonomi	Utvikle god samhandling med kommunane og utvikle lett tilgjengeleg kulturstatistikk for Vestland fylke i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane.	Gjennomføre dialogmøte med kommunar og kultur- og idrettsaktørane.	I prosess
	Arbeid med administrativt innsparingsprogram, jf. budsjettvedtak.	Kutt i stillingar og driftsutgifter.	Gjennomført
Personal	Redusere tal reiser gjennom å auke bruken av digitale møte (Skype og video).	Bruke Teams, webinar og andre digitale møteplattformer.	Gjennomført
	Ta i bruk nytt kvalitetssystem og etablere naudsynte prosedyrar og rutinar for avdelinga i nye Vestland fylkeskommune innan fagområda og fellesstenestene.	Utarbeide rutinar, prosedyrar, malar og retningsliner i kvalitetssystemet. Kontinuerleg arbeid.	I prosess
	Arbeide med leiargruppeutvikling i avdelinga for å utvikle felles organisasjonskultur, ansvars- og rolleforståing, god kollegastøtte, og samhandling slik at leiarane står fram som gode rollemodellar for resten av organisasjonen.	Faste leiarmøte gjennom året med aktuelle fellestema som ansvars- og rolleforståing, god kollegastøtte og samhandling. Kontinuerleg arbeid.	I prosess
	Utvikle godt samspel mellom stab og linjeorganisasjonen, særleg når det gjeld gode rutinar for samhandling innan HR-området, økonomi og administrasjon.	Etablere faste nettverk med sentrale støtteeininger og formalisere kontakten mellom linjeleiing og stab.	Gjennomført

Driftsutgifter – Kultur, idrett og inkludering

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Arkiv	19 925
Bibliotekutvikling	18 658
Kulturformidling	41 408
Kulturarv	173 392
Idrett og friluftsliv	289 881
Adm. av kultur og idrett	7 269
Inkludering, strategi og analyse	10 213
Kunst- og kulturutvikling	152 371
Sum	713 117
Budsjettavvik nto 2020	
Netto mindreforbruk kultur, idrett og inkludering	617

Kultur, idrett og inkludering fekk eit positivt resultat på 0,6 mill. kr i 2020. Årsresultatet kan forklarast med reduserte kostnadars i høve til at nokre prosjekt ikkje vart gjennomført i 2020. I tillegg hadde sektoren nokre vakansar.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Plan	Vedtaksår	Utvål	Revisjon
Regionale planar			
Regional plan for kultur i Hordaland 2015–2025	2014	KIRU	2019
Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019–2027	2018	FT	
Temaplanar			
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar	2019	Fellesnemnda	



LINJESTÅ PARKSEN

RUD & SØLVRE

C-481

600
Kaa avstigning

sküss Scania



Mobilitet og kollektiv- transport

Koronapandemien gjorde at færre reiste med kollektivtrafikk i 2020. Men dette var også året der vi nådde målet om fossilfri busstrafikk i bergensområdet, og tok eit stort steg vidare i arbeidet med å elektrifisere ferjeflåten i fylket.


I 2020 bråstoppa veksten i kollektivtrafikken. Færre reiste med bybane og buss under koronapandemien. Nedgangen er på 35 prosent i høve til 2019.



«2020 var året då vi oppmoda folk om å ikkje reise kollektivt. Ei nødvendig, men svært uvanleg oppmoding grunna koronapandemien. Samtidig er eg stolt over innsatsen vi la ned for å heile tida tilpassa kollektivtilbodet i eit år med stadig skiftande smittevernreglar.»

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør mobilitet
og kollektivtransport

Mobilitet og kollektivtransport – organisasjonskart



Tal tilsette: 174

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:

- starta med elektrisk ferjedrift på mange samband
- fått heilelektriske batteribussar på linjenettet i heile Bergen sentrum og sett batterielektriske trolleybussar i drift på linje 2
- vedteke miljøkrav for drosje i tidlegare Hordaland
- inngått byrekstavtale for bergensområdet

Kollektivtrafikk i pandemiens tid

Covid-19-pandemien førte til at den mangeårige veksten i reisetala i kollektivtrafikken fekk ein bråstopp i 2020. Vi har i avgrensa grad jobba med å nå dei ordinære strategiske måla. For Skyss/Kringom vart året sterkt prega av

- mange omstillingar på kort varsel
- hyppige variasjonar i reiserestriksjonar
- smittevernstiltak for og unntaksinformasjon til kundane
- krisepakkar frå staten for å halde kollektivtrafikken gåande

Vi har hatt ein heilt bakvendt situasjon, der vi gjennom året måtte oppmøde reisande om å unngå kollektivtrafikken ved anten å ikkje reise i det heile eller finne andre transportmetodar. Der vi normalt er mest opptekne av å transportere flest mogleg, måtte vi i 2020 finne løysingar for å gjere det mest mogleg romsleg om bord.

Då skulane var heilt stengde, frå midten av mars til slutten av april, vart rutetilbodet for buss og bybane redusert til sommarruter/rutetider utan skuleavgangar i heile fylket. Kollektivrutetilbodet for båt og ferje vart ikkje endra i samband med pandemien.



Dei reisande vart oppmoda om å halde avstand og bruke munnbind i kollektivtrafikken for å hindre spreiling av smitte.

Passasjertal

Bybane og buss

Passasjerstatistikk for 2020 syner ein nedgang på 35 prosent for bybane og buss i heile Vestland. Detaljert statistikk syner at mobiliteten gjekk ned kvar gong det kom nye nasjonale og/eller lokale restriksjonar og tiltak knytt til pandemien. Han gjekk noko opp i periodar der smittepresset var lågare, då det var færre restriksjonar.

Reisetala mellom mars og desember 2020 var likevel ikkje på noko tidspunkt i nærleiken av reisetala før pandemien. På det lågaste var vi nede i 10–20 prosent av normale reisetal, og på det høgaste oppe i 60–80 prosent.



I underkant av 1,2 millionar reiste med båtrutene til Vestland fylkeskommune i 2020, blant anna her i Florø og mellom øyene i Florabassenget.

Båtruter

Båtrutene hadde i underkant av 1,2 millionar reisande i heile Vestland 2020. Nedgangen var på omlag 35 prosent frå 2019 til 2020. Bybåtsambanda i Bergen kan nemnast særskilt: Askøybåten hadde litt over 35 prosent nedgang i 2020 samanlikna med 2019, og Nordhordlandsbåten hadde ein nedgang på om lag 48 prosent i same periode.

Ferje

Ferjetrafikken vart litt mindre prega av nedgang i den generelle mobiliteten. Vi frakta 7,5 prosent færre personbileiningar i 2020 enn i 2019.

Totalt

Samla for buss, båt og bane var det nærmere 54 millionar påstigingar i heile Vestland i 2020. Bergensområdet hadde 84 prosent av reisene. I 2020 var det vel 12 millionar påstigingar på Bybanen. Bybanen utgjer med det omlag 27 prosent av dei totale kollektivreisene i bergensområdet.

Fordeling påstigande passasjerar (bybane, buss, båt)

Geografisk område	2019	2020	Endring 2019–2020
Bergensområdet	69 804 000	45 320 000	-35 %
Vestland totalt	82 503 000	53 921 000	-35 %

Driftsart	2019	2020	Endring 2019–2020
Buss	62 045 000	40 334 000	-35 %
Bybane	18 655 000	12 425 000	-33 %
Båt	1 803 000	1 162 000	-36 %



Nedgangen i kollektivtrafikken førte til 169 millionar kroner mindre i billettinntekter i 2020 i høve til året, før når vi samanliknar med aggregerte tal for begge dei tidlegare fylka.

Økonomiske nøkkeltal Skyss/Kringom

Dei totale bruttokostnadene for Skyss/Kringom var 4,273 milliardar kroner i 2020. Det er ein auke i bruttokostnader på 870,7 millionar kroner samanlikna med rekneskapen for 2019.

I eit normalår er det billettinntekter og statlege belønningsmidlar som er finansieringskjeldene til kollektivdrifta. Grunna unntakstilstanden i kollektivtrafikken i 2020, utgjorde dei samla billettinntektene 775 millionar kroner, som er ein nedgang på 169 millionar kroner i høve 2019.

Vi har inntektsført 200 millionar kroner av tildelte belønningsmidlar til drift av kollektiv i 2020. Ytterlegare belønningsmidlar er avsette til fond til bruk i 2021 og seinare år.

Utover billettinntektene og belønningsmidlar er kollektivdrifta finansiert av Vestland fylkeskommune. Staten kompenserte

sterkt reduserte billettinntekter med fleire krisepakker i 2020. Krisepakkene utgjorde til saman 414,3 millionar kroner.

Rekneskapen for 2020 viser at den fylkeskommunale delen var på 2,8 milliardar kroner, omlag 784 millionar kroner meir enn i rekneskapen for 2019. Ei av hovudårsakene til auken er oppstart av nye bruttokontrakter ferje i gamle Hordaland, i tillegg til reduserte billettinntekter.

Rekneskap	2019	2020
Total brutto kostnader drift	3 401 972 000	4 272 654 000
Total inntekter	1 386 179 000	1 472 781 000

Lågare utslepp frå kollektivtrafikken

Temaplan for låg- og nullutsleppsteknologi for bussane i Hordaland syntet moglege tiltak for til saman 65 prosent lågare klimapåverknad mellom 2016 og 2025, og minst 40 prosent lågare innan 2020. Tiltaka i temaplanen skulle gjere busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025 – med føresetnad om finansiering frå Miljøloftet og Enova.

Fossilfri busstrafikk

Vi nådde målet om fossilfri busstrafikk i bergensområdet i 2020, med oppstart av busskontraktane for Bergen nord og Bergen sentrum. Frå før var busskontraktane som dekkjer Bergen sør, Os, Austevoll, Askøy, Øygarden og Nordhordland fossilfrie.

Kontrakten for Bergen nord starta 1. oktober med Tide Buss som operatør. 158 bussar ingår i kontrakten, 125 på biogass som for ein stor del er lokalprodusert av kloakkslam i Rådalen, og 33 på fossilfri, palmeoljefri biodiesel. Kontrakten for Bergen sentrum starta 1. desember med Keolis som operatør. Her har vi ti trolleybatteribussar, 102 elbatteribussar og 26 bussar på fossilfri, palmeoljefri biodiesel. Bussanlegget på Mannsverk vart heilelektrisk.

Elektrifisering av ferjeflåten

Etter planen skulle alle fylkesvegferjesambanda i Hordaland vore elektrifiserte frå andre halvår 2020. Av dei 17 ferjesambanda var åtte samband fullelektrifiserte ved årsskiftet 2020/2021. Årsaka til at ikkje alle var sette i elektrisk drift, var forseinka leveransar frå nettselskapa, manglende godkjening av byggeløyve og konsekvensar av covid-19-pandemien. Konsekvensen er høgare kostnader og større CO₂-utslepp enn det som var berekna for 2020. Det ligg an til at dei fleste ferjesambanda blir fullelektrifiserte i løpet av våren 2021. Manglende byggeløyve for oppsett av teknisk bygg i Våge kan skape meir forseinking for sambandet Halhjem–Våge.

Elektrifiseringa av fylkesvegferjene i hordalandsområdet inneber ein vesentleg reduksjon i miljøbelastninga frå ferjetransporten i Vestland. Når alle sambanda er driftssette som planlagt, vil utsleppsreduksjonen vere nær 90 prosent.

Alle ferjene på sambanda er hybridferjer som kan operere både med diesel og elektrisk drift. Erfaringane syner at drifta går som føresett.

CO₂-utslepp frå fylkeskommunal kollektivtransport i Vestland

	2019 (tonn CO ₂)	2020 (tonn CO ₂)	Endring
Buss	44 700	29 200	-35 %
Båt	46 800	41 700	-11 %
Ferje	67 600	50 300	-26 %
Totalsum	159 100	121 200	-24 %

Det samla CO₂-utsleppet gjekk ned med om lag 24 prosent frå 2019 til 2020.

Euro-standarden set grenseverdiar for utslepp frå køyretøy når det gjeld lokal luftforureining. Vi reknar ikkje med vidare utvikling av Euro-standarden, fordi dei lokale utsleppa med Euro 6 (nivået med strengast krav) er minimale. Som tabellen syner, nådde Skyss/Kringom i 2020 det strengaste utsleppsnivået for 95 prosent av bussparken i Hordaland, og for 84 prosent av bussparken i Sogn og Fjordane.

	Prosentdel bussar med Euro 6-standard i 2019	Prosentdel bussar med Euro 6-standard i 2020
Hordaland	67 %	95 %
Sogn og Fjordane	84 %	84 %
Sum Vestland totalt	71 %	93 %

Bybanen AS

Bybanen AS er eit heileigd fylkeskommunalt aksjeselskap som vart oppretta for å ta hand om forvaltninga av den fylkeskommunalt eigde infrastrukturen til Bybanen. Seinare er forvaltninga utvida til å omfatte infrastrukturen for trolleybuss-anlegga. Bybanen AS har òg ansvar for innkjøp, drift og vedlikehald av vogner, i tillegg til levering av operatørtenester til Vestland fylkeskommune ved Skyss/Kringom.

I 2020 vart det vedteke ein eigarstrategi for Bybanen AS. Eigarstrategien har til føremål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemnd, fastsetje rammer for organiseringa og gje rammer for eigarstyring og sel-skapsleiing.



I løpet av 2020 vart 8 av dei 17 fylkesferjesambanda elektrifiserte. Resten vert elektriske våren 2021.

Sal og billettar

Billettkjøp om bord på bussar i Hordaland var ikkje mogleg i store delar av 2020, på grunn av koronasituasjonen. Dermed vart billettappen til Skyss ein sentral salskanal. Meir enn 80 prosent av alle selde billettar, vart selde i appen. Dei resterande bilettane vart kjøpte på automat, via kortlesarar på Bybanen (trekk av favorittreise på skysskortet), på kundesenteret og hjå kommisjonærar. Som følgje av korona vart båtbillettar gjort tilgjengelege i billettappen i mars/april. Det har vore mogleg å kjøpe billett om bord, men appen stod likevel for nær 50 prosent av alt sal.

Kringom tok i bruk Vipps til billettering i periodane det ikkje var mogleg med kjøp om bord. Hausten 2020 vart det opna for kjøp av billettar om bord, men berre med bankkort. Smittevernomsyn gjorde at kjøp med kontantar ikkje var mogleg i delar av året.

Salskanal	Buss	Båt
Billettautomat	4,9 %	0,1 %
Kommisjonær	1,4 %	0
Kundesenter	0,2 %	0,01 %
Mobil	79,4 %	50,2 %
Om bord	14,0 %	49,6 %

Nye løysingar

Skyss gjennomførte i 2020 eit større arbeid med å utvikle nye digitale kjøps- og betalingsløysingar, med mål om å på sikt avvikle Atries billettsystem. Vi utvikla ei løysing for billettesal på nett og innførte ny salsløysing om bord i bussar.

Dei nye betalingsløysingane er bygde på den ID-baserte billetteringsplattforma til Entur. Det gjer at bilettane til Skyss blir interoperable og dermed mogleg å bruke mellom anna på lokaltoga til Vy. Dei nye betalingsløysingane vert i første omgang rulla ut i hordlandsområdet. I samband med arbeidet knytt felles takst- og sonestruktur for heile fylket, utarbeider vi ein plan for utrulling av tilsvarande salsløysingar i tidlegare Sogn og Fjordane.

Transportordninga for funksjonshemma

Det var 15 710 godkjente brukarar av transportordninga i Vestland i 2020. Av desse var 1829 blinde/sterkt svaksynste og manuelle rullestolbrukarar, og 1164 hadde elektrisk rullestol. Vi fekk eit statleg tilskot på 90,8 mill. kr. Det skal saman med deler av den fylkeskommunale løyvinga på 42,8 mill. kr, sikra at dei tunge brukarane får dekka inntil 200 turar per år. På grunn av koronapandemien hadde vi ein reduksjon i tal reiser i 2020.

Ny forskrift

Vi arbeidde i 2020 med å lage ei ny forskrift for Vestland. Utgangspunktet for arbeidet var forskriftene frå dei to tidlegare fylka, og målet var å utarbeide ei felles forskrift som tener brukarane i heile fylket. Forskrifta var på høyring til alle involverte partar, som brukarorganisasjonar, kommunar og drosjesentralar. Fylkestinget gjorde vedtak i desember, og forskrifta gjeld frå 1. januar 2021.



Den største ladeparken for el-drosjar i Norden vart opna på Bergen lufthamn. Frå 1. april 2024 skal alle drosjar i kommunane i tidlegare Hordaland vere utsleppsfrie.

Prosjekt stimulab

Vestland fylkeskommune har fått 1,3 mill. kr frå Digitaliseringsdirektoratet til tenesta transport for personar med nedsett funksjonsevne. Målet er å digitalisere og utvikle TT-tenesta i eit brukarperspektiv, og å utvikle eit system som kan nyttast nasjonalt. Arbeidet er i gang, og vi har oppretta eit nasjonalt TT-forum for å kommunisere og samarbeide med andre fylkeskommunar.

Endringar i yrkes-transportlova



Endringar i drosjeregelverket vart sette i verk 1. november 2020. Det viktigaste er at behovsprøvinga av løye vart oppheva, og dermed også driveplikta. Det er såleis ikkje lengre eit tak på talet drosjeløyve i marknaden, og løyvehavar pliktar ikkje å halde drosjen i kontinuerleg drift. Det er heller ikkje krav om å vere tilslutta til ein drosjesentral, og stasjoneringsstadar er fjerna. Heile Noreg er no eitt samla løyvedistrikt med elleve løvestyresmakter (fylkeskommunane og Oslo kommune).

Dersom den frie konkurransen gjev eit utilfredsstillande drosjetilbod, kan løvestyresmakten innføre forskrift om eimerett i dei kommunane dei finn det naudsint. Løyvehavar som får eimerett, vil vere delvis vernar mot konkurransen, i og med at dei får eksklusiv rett til intern præie- og bestillingstransport i kommunen.

Miljøkrav drosje

Fylkestinget vedtok 3. mars 2020 å innføre krav om nullutslepp frå drosjenæringa i alle kommunar i tidlegare Hordaland frå 1. april 2024. Då må alle drosjar køyre med hydrogen- eller el-drosje. I same vedtak bestemde fylkestinget at administrasjonen skal greie ut om vi kan stille tilsvarande krav til alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane. Utgreininga skal på høyring våren 2021 og til fylkestinget for vedtak hausten 2021. Eit krav om nullutslepp i desse kommunane kan tidlegast tre i kraft hausten 2025, då det etter lova skal vere overgangsperiode på fire år.

Dersom vi innfører nullutsleppskrav til drosjenæringa i alle kommunane i Vestland, kan vi vente eit utsleppskutt i klimagassar per år på 11 850 tonn CO₂-ekvivalentar. Om vi tar omsyn til indirekte utslepp, altså heile klimafotavtrykket til drosjebilane, kan vi vente ein reduksjon av klimagassar på inntil 85 prosent for heile næringa. Miljøkravet vil også medføre eit årleg utsleppskutt av NOx på 32,5 tonn.



Vel 1,8 milliardar kroner vart brukt til bygginga av Bybanen til Fyllingsdalen i 2020. Desse bileta viser tunnelane ved Haukeland og legging av skinner i dagen.

Infrastruktur

Utbygging av bybanen

Arbeidet med byggjetrinn 4, Bergen Sentrum–Fyllingsdalen, gjekk føre seg i heile 2020. Vi hadde eit forbruk på 1 833,5 mill. kr i 2020, eit mindreforbruk på 62,5 mill. kr i høve budsjettet 1 896 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak at arbeidet på entreprise D15 Løvstakkentunnelen har gått seinare enn planlagt på grunn av stor vassinnretning.

Status for prosjektet ved inngangen til 2021 er at grunnarbeida går for fullt langs heile traseen. Vi har inngått avtale for alle tekniske entreprisar, og arbeidet er i gang. Vi jobbar med å få på plass avtale for dei siste entreprisane, D18 gang-/sykkeltunnel Kronstad–Fløen og D24 støytiltak. Grunnervervet er ikkje avslutta, og det vil bli overskjønn på fleire eigedomar i løpet av 2021.

Opprusting av haldeplassar og knutepunkt

Vi arbeider kontinuerleg med å oppgradere haldeplassar og knutepunkt. Målet er betre kvalitet for dei reisande, å reduse reisetida og å gjere kollektivnettet meir driftseffektivt.

Vi har i 2020 halde fram det omfattande arbeid med å oppgradere Olav Kyrresgate, gjennom å betre tilgangen til haldeplassane tilhøyrande sentrumsterminalen. Hovudgrepet er å opprioritere areal frå køyrefelt til fortau og passasjerarealet. Mellom anna omfattar tiltaket å heve kantstein for trinnlaus tilkomst til bussane, ledelinjer for synshemma og betre venstearealet. Opprusting av Olav Kyrresgate inngår i Miljøloftet, og Statens vegvesen står for gjennomføringa.

Vi har jobba med å flytte dagens busstasjon i Odda frå området ved kaia til smelteverkstomta. Ved utgangen av 2020 står det framleis att noko arbeid med å ferdigstille perrongar og venterom. Det nye knutepunktet får ei gunstigare lokalisering og betre fasilitetar med universell utforming osv.

Svortland terminal i Bømlo vart ferdig oppgradert våren 2020. Den er no universelt utforma med sanntidsskilt, infosøyler og venteskur.

Vi har i fleire år arbeidd med å auke talet på parkeringsplassar for dei som pendlar med hurtigbåt frå Sunde kai i Kvinnherad til Leirvik. Tidlegare var det plass til om lag 40 bilar, medan den nye løysinga får plass til 145 bilar. Ved utgangen av 2020 stod det berre att noko asfaltering før ferdigstilling.

Langs fv. 5050 frå Leirvik sentrum til høgskolen på Stord, er alle dei 20 haldeplassane oppgraderte til universell utforming dei siste åra. Prosjektet vart slutført i 2020.

Innfartsparkering

Fylkeskommunen ønskjer som ansvarleg for kollektivområdet at fleire skal nytte kollektivtilboden. Samstundes har vi store kostnader med opparbeiding og drift av innfartsparkeringsplassane og har difor behov for å fastsetje nokre langsiktige strategiar for fagområdet. Hovudutval for samferdsle og mobilitet utsette i 2020 planane om å ta betaling for innfartsparkeringsplassane. I staden opprettar vi ei arbeidsgruppe innanfor Miljøloftet, som vil utarbeide overordna føringar for fagområdet innfartsparkering og heile avtaleområdet.

Gruppa skal mellom anna gjere strategiske vurderingar av

- behov for eksisterande og eventuelt nye innfartsparkeringsanlegg
- lokalisering innanfor avtaleområdet
- retningslinjer for brukarbetaling

I handlingsplanen for innfartsparkering 2018–2029 er målet å ha 6000 innfartsparkeringsplassar i 2030. Status per 2020 er 4224 plassar.

Det vart opna 52 nye innfartsparkeringsplassar i Vågsbotn i 2020.

Ved Våge ferjekai på Tysnes er det lagt til rette for 25 parkeringsplassar for kollektivreisande. Tiltaket er finansiert i eit spleiselag mellom fylkeskommunen og Tysnes kommune.

Trolleybussar med lading

Vi har i 2020 arbeidd med å forlenge trolleybusslinja Birkelundstoppen–sentrum vidare til Lyngbø. Det er bygt kontaktleidningsnett med likerettarar og snusløyfe på Lyngbø. Keolis vann anbodet om operatørkontrakten for trolleylinja, og drifta startar opp våren 2021 med ti nye trolleybatteribussar.

Planar og avtalar

Miljøloftet

Miljøloftet er partnarskapen der staten, fylkeskommunen og kommunane saman skal bygge bybane, tryggare og betre vegar, sykkelvegar, fortau, miljøgater og ei rekke andre tiltak. Miljøloftet er også gjennomføringsorganet for byvekstavtales for bergensområdet.

Gjennom byvekstavtalar inngår stat, fylkeskommunar og kommunar eit forpliktande samarbeid om å finansiere eit meir miljøvenleg transporttilbod i storbyområda. Kommunar og fylkeskommunar som inngår byvekstavtale med staten, skal leggje til rette for ein arealbruk som mellom anna bygger opp under investeringane staten gjer i kollektivtransport, sykling og gonge. Det er eit tydeleg mål at framtidig vekst i



10 nye, ladbare trolleybussar vart sett i drift i Bergen 1. desember, i tillegg til 102 elektriske bussar.



Fem kommunar i Vestland hadde sykkelbyavtalar i 2020: Bergen, Stord, Øygarden, Sunnfjord og Kinn.

transportarbeid skal takast med dei miljøvenlege transportformene, og ikkje med personbil.

Fylkestinget vedtok byvekstavtale for bergensområdet 10. februar 2020. Avtalen forpliktar partane i avtaleområdet til å nå målet om nullvekst i personbiltransporten. Staten på si side har forplikta seg til å bidra med 13,3 milliardar 2020-kr gjennom heile avtaleperioden. Utanom finansiering av Bybanen til Fyllingsdalen, sikrar avtalen 722 mill. kr årleg til programområdetiltak og belønningsmidlar, ein auke på kring 250 mill. kr årleg i høve gjeldande byvekstavtale. Med eit fylkeskommunalt bidrag på 270 mill. kr årleg, har avtalen ei totalramme på 15 802 mrd. 2020-kr.

I den nye byvekstavtalen (2019–2029) er avtaleområdet utvida med fire nye kommunar, og avtalen har no totalt ni partar: Statens vegvesen, Jernbanedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden. Det geografiske området til dei fem kommunane utgjer også avtaleområdet. Avtaleperioden er 2019–2029.

Nullvekstmålet

Det overordna målet for Miljøløftet og byvekstavtalen er nullvekstmålet: I bergensområdet skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk

og ved at veksten i persontransporten vert teken med kollektivtransport, sykling og gonge. Samferdsledepartementet har presisert at nullvekstmålet berre gjeld for dei kommunane som innleigingsvis vart inviterte med i reforhandlinga: Bergen, Lindås, Askøy, Fjell og Os. Gjennom byvekstavtalen har avtalepartane likevel forplikta seg til å leggje til rette for ei areal-og transportutvikling som samla bidreg til nullvekstmålet. Trafikkteijingar og RVU-data syner at nullvekstmålet er innan rekkevidde for avtaleområdet.

Sykkelbyavtalar

Ein sykkelbyavtale er eit trepartsamarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen. Målet er å forplikte partane til felles satsingsområde for auka sykkelbruk. Kommunane Bergen, Stord, Øygarden, Sunnfjord og Kinn har gjeldande sykkelbyavtalar i 2020.

Sykkelbyarbeidet i Bergen er finansiert gjennom Miljøløftet. Vestland fylkeskommune gjekk inn med 200 000 kr til kvar av dei resterande avtalane. Statens vegvesen informerte i oktober 2020 om at dei frå og med januar same år ikkje lenger ville bidra økonomisk til sykkelbyane slik avtalane la opp til. Totalt hadde Statens vegvesen løyvd 1,6 mill. kr til sykkelbyarbeidet i 2020. Fylkeskommunane fekk frå 1. januar 2020 eit utvida ansvar for å skape gode arenaer for sykkelgang mellom dei ulike forvaltningsnivåa, og vi har starta dette arbeidet.

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Punkt i oppdragsbrevet	Resultat	Status
Identifisere og dokumentere samfunns-effektar knytt til utvikling innan mobilitet og kollektiv.	I årsmelding for 2020, kollektivstrategi for Hordaland og regional transportplan for Sogn og Fjordane gjer Skyss greie for dei samfunnsmessige effektane knytt til mellom anna reduksjon av CO ₂ -utslepp og innbyggjarane si oppleveling av eit enkelt kollektivtilbod. I arbeid med ny fagstrategi – «Strategi for berekraftig mobilitet» – som skal erstatte gjeldande strategiar, vil vi utarbeide supplerande indikatorar, som òg vil vere relaterte til påverking av samfunnet.	Gjennomført
Etablere heilskapleg forvaltning av tilknytte selskap og ytre einingar, og få til samspele mellom desse.	Arbeidet med å få på plass avtaleverk er i gang. Eigarstrategi for Bybanen AS er ferdig. Alle andre avtalar er under arbeid.	I prosess
Leggje til rette for innovasjon innan mobilitet og kollektiv.	Mobilitslaboratorium for utvikling av smarte transportløysingar (MUST) er reetablert med nye styringsgrupper og ny bemanning. Vi arbeider med økonomisk planlegging for å sikre vidare aktivitet.	Gjennomført
Utarbeide regional transportplan som det overordna styringsdokumentet for samferdsleområdet.	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport har sett i gang arbeidet med regional transportplan for Vestland. Arbeidet skjer i tett dialog med fylkesdirektør for infrastruktur og veg. Fylkesutvalet vedtok planprogrammet i september, etter ei offentleg høyingsrunde. Det set rammene for vidare arbeid med planen. Planen er eit overordna strategisk dokument som set retning for heile samferdselsfeltet. Det er lagt opp til at fylkestinget skal vedta planen i desember 2021.	I prosess

Driftsutgifter – Mobilitet og kollektivtransport

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	98 448
Buss	2 321 934
Bane	208 704
Båt	399 174
Ferje	1 189 650
TT, Serviceskyss, innfartspark, Teknisk Skyss	155 065
Sum	4 372 975
Budsjettavvik nto 2020	
Netto meirforbruk mobilitet og kollektiv	-26 520

Mobilitet og kollektiv fekk eit negativt resultat på 26,5 mill. kr i 2020. Det som må leggjast til i høve til dette er at det for mobilitet og kollektiv kom kompensasjonsmidlar frå staten heilt på slutten av året. Desse midlane utgjorde 56,5 mill. kr. Dersom ein reknar inn desse midlane ville sektoren enda opp med eit positivt resultat på 30 mill. kr. Hovudårsaka til eit såpass godt resultat i 2020 for kollektivsektoren på trass av pandemien, er at staten har følgt opp og gjeve full kompensasjon for dei tapte kollektivinntektene under pandemien.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planansvar mobilitet og kollektivtransport	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar			
Regional transportplan	2017	FT	Kvart 4. år
Temaplanar			
Kollektivstrategi for Hordaland	2014	FT	
Strategi for innfartsparkering	2016	SAMO	
Temoplan for låg og nullutsleppsbusstar i Hordaland 2017	2017	FUV	
Trafikkplan Bergen	2018	FUV	
Trafikkplan Nordhordland	2016	FUV	
Trafikkplan Sunnhordland	2015	FUV	
Trafikkplan båt Hordaland	2017	FUV	
Miljøstrategi for Skyss	2014	FUV	





Opplæring og kompetanse

Pandemien prega alt arbeidet i opplæringssektoren i 2020, blant anna ved at undervisninga vart flytta frå klasserommet til nettet. Men dette var også året då vi fekk ei ny rettleiingsteneste, med prinsippet «ei dør inn». Vi kom i gang med fagfornyinga og nye læreplanar, og vi vidareutvikla det viktige samarbeidet vårt med næringslivet ulike stadar i fylket.


Nye Åsane vidaregåande skule vart teken i bruk til skulestart i 2020. Han har 800 elevar, pluss 500 deltagarar på vaksenoplæring og 200 tilsette.



«Vi gjekk frå undervisning i klasserom til heildigital undervisning meir eller mindre over natta i mars. Eg er imponert over tilsette både i administrasjonen og ved skulane, som har lagt ned ein formidabel innsats gjennom skiftande undervisningssituasjonar resten av året.»

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring og kompetanse.

Opplæring og kompetanse – organisasjonskart



Tal tilsette: 4165

inkludert tilsette ved dei vidaregåande skulane

Visjon: Nyskapande og berekraftig

**Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:**

- oppretta rettleiingstenesta (RLT) for å vere tettare på elevar og lærlingar
- hatt stor digital kompetanseheving hos både elevar og tilsette
- hatt ni skular som deltok i norgesmeisterskap i klima, der elevar og lærarar konkurrerte i å redusere eigne CO₂-utslepp i kvardagen
- lansert ein chatbot som starta med å svare på spørsmål om opplæring og korona og vart utvida med fleire tema gjennom året
- opna nye Åsane vidaregåande skule
- opna Campus Verftet i Førde, ei storsatsing på blant anna innovasjon, robotikk, automasjon og elkraft
- samla anleggsgartnerutdanninga i fylket på Stend vgs og opna ein gartnerhall på 400 kvadratmeter
- valt totalentreprenør for ny og samanslått vidaregåande skule i Førde og godkjent bygging av ny vidaregåande skule på Askøy

Ny rettleiingsteneste

1. januar 2020 blei dei to opplæringsavdelingane i Hordaland og Sogn og Fjordane til avdeling for opplæring og kompetanse i nye Vestland fylkeskommune. Den største endringa var etableringa av ei ny og felles rettleiingstenesta (RLT) i Vestland. RLT har ansvar for rettleiing og oppgåver som krev direkte kontakt med elevar, lærlingar, bedrifter, vidaregåande skular, vaksne og ungdom utanfor opplæring.

Oppfølgingstenesta (OT), pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), fagopplæring og vaksenopplæring er samla i den nye rettleiingstenesta. Det betyr «ei dør inn» for brukarane. Primæroppgåva til RLT er å legge til rette for at flest mogleg ungdomar og vaksne fullfører vidaregåande opplæring. Viktige mål med den nye organiseringa er å vere tettare på elevar og lærlingar og høvet til å sjå heilskap i utdanningsløpet. Tenesta omfattar også aktiv rådgiving til skular, opplæringskontor og lærebedrifter.

Vestland fylkeskommune har seks RLT-einingar med kontorplass ti stader i fylket.

RLT er tett på lag

- 80 opplæringskontor med 2100 medlemsbedrifter
- 800 frittståande lærebedrifter
- 6500 lærlingar
- 21 000 elevar
- 2500 elevar i private skular
- 1800 elevar i vaksenopplæringa



Året med korona

Koronapandemien slo ned med full tyngde i midten av mars 2020 og sette sitt preg på arbeidet til alle i opplæringssektoren. Det gjekk frå læringsrom til læringsplass på nett. Vi måtte hente heim elevar og lærlingar på utanlandsopphald, og ein del lærlingar blei permitterte. Nesten alle eleveksamnar blei avlyste, og fag- og sveineprøvar måtte utsetjast.



Skulane innførte tiltak som å halde avstand for å hindre smittespreiing.
Her frå Nordahl Grieg vgs.

Høg omstillingsevne

Skulane nytta frå før nettbaserte plattformar til læringsarbeid og kommunikasjon, og dei utvida bruken av desse kraftig frå mars. Omstillingsevna til både tilsette og elevar har vore høg. Undersøkingar gjennomført i perioden viste at elevane hadde utbytte av heimeskulen, og dei melde tilbake at variasjonen i undervisninga blei større utover våren. Undersøkinga viste også at det er viktig å arbeide med motivasjonen til elevane når opplæringa er nettbasert. Hausten blei prega av lange periodar med raudt nivå på skulane.

Støttetelefon

Skulane oppretta tidleg digitale konferanserom for å møte elevar med behov for å prate om ulike problemstillingar. I tillegg oppretta vi frå mars til juni ein støttetelefon som var eit lågterskel samtaletilbod, der ungdom kunne ta kontakt med fagpersonar med psykologisk kompetanse, og det blei sett inn tiltak for å styrke opplæringa for sårbare elevar.

Chatbot

Vi lanserte ein chatbot på internettsidene i april 2020 og starta med å svare på spørsmål rundt korona og opplæring. Dei første tre vekene kom det rundt 550 samtalar. Heile 88 prosent fekk svar på det dei spurte om. I mai blei chatboten utvida til også å kunne svare på fleire tema om vidaregåande opplæring. Talet på førespurnadar har auka jamt sidan oppstarten, og totalt har det vore over 9000 samtalar i 2020.

Heim frå utlandet

Mange elevar og lærlingar gjennomførte eit opplæringsår eller eit praksisopphald i utlandet då koronapandemien inntrefte. Fylkeskommunen arbeidde intenst med å trygge situasjonen for desse elevane og lærlingane, og å få dei heim frå utlandet. Alle kom tilbake til Noreg og fullførte skuleåret gjennom nettundervisning ved skulen sin eller i lærebedrifta.

Permitteringar

Over 450 lærlingar/lærekandidatar i Vestland var permitterte i kortare eller lengre tid i 2020. Faga som hadde flest permitteringar var tømrar, frisør, elektrikar, kokk og servitør, sal, bil, lette køyretøy og boreoperatør. Av desse var frisørar, kokkar og servitørar hardast råka. Koronasituasjonen har hatt konsekvensar også for gjennomføring av fag- og sveineprøvar. Våren 2020 var det ein periode heilt stopp i gjennomføringa. Ein del lærlingar hadde ikkje høve til å ta prøve før etter læretida var slutt.

Gjennomføring

Gjennomføring av vidaregåande opplæring er viktig i eit samfunnsøkonomisk perspektiv, og ikkje minst for den enkelte ungdommen. Innsatsen frå skuleigar, rettleiingstenesta og skulane er retta mot ungdomane, og der dei er i opplæringsløpet. Gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring var på 87,6 prosent skuleåret 2019/20, og det er ein tydeleg auke frå tidlegare år. Talet på elevar som slutta i 2019/20, var lågare enn dei tre føregåande åra.

Fullført og bestått skuleåret 2019/20

	2019/20	2018/19	2017/18	2016/17
Studieførebuande utdanningsprogram	90,1	87,0	87,6	87,4
Påbygging til generell studiekompetanse	79,9	69,5	71,2	68,2
Yrkesfaglege utdanningsprogram	85,8	81,8	82,8	80,9
Totalt	87,6	83,7	84,5	83,3

Færre sluttarar

	2019/20	2018/19	2017/18	2016/17
Studieførebuande utdanningsprogram	2,0	2,2	1,9	2,1
Påbygging til generell studiekompetanse	5,2	6,9	6,8	8,9
Yrkesfaglege utdanningsprogram	4,5	4,9	5,5	5,9
Totalt	3,3	3,7	3,7	4,2



Dei to søstrene Leikny (t.v.) og Tiril får digital undervising heime etter nedstenginga 12. mars.

Gjennomføring 2013-kullet

Når vi vurderer kor mange av elevane som fullfører og består vidaregåande opplæring, måler vi frå dei starta i vidaregåande skule (vg1) og fem eller seks år fram.

Tabellen til høgre syner ei oversikt over dei elevar som starta vidaregåande opplæring i 2013, og status etter fem år for studieførebuande og etter seks år for yrkesfag. Tidlegare viste statistikken gjennomføring i løpet av fem år. Sidan yrkesfaga hovudsakleg har eitt år lenger utdanningsløp, er måletidspunktet for yrkesfaga endra til seks år. Grupperinga følgjer fylkesstrukturen frå 2013.

Fagfornyinga

Kunnskapsdepartementet la i 2016 fram stortingsmeldinga Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet, som la grunnlaget for fagfornyinga i skulen. Læreplanverket vert fornya slik at det reflekterer dei utfordringane som barn og unge står overfor i dag.

Innføringa av fagfornyinga starta i august 2020, og målet er å sikre at elevar og lærlingar lærer meir og betre. Vi skal styrke utviklinga av forståinga deira, slik at dei er best mogleg rusta for framtida. Dei nye læreplanane skal gi elevane betre grunnlag for å reflektere, vere kritiske, skapande, utforskande og kreative.

Fagfornyinga er delt inn i ein overordna del og læreplanar. Den overordna delen løftar fram verdigrunnlaget, og elevane skal blant anna jobbe tverrfagleg med demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling, folkehelse og livsmeistring. Denne delen gjeld for alle trinn frå august 2020. Læreplanane skal innførast trinnvis over ein treårsperiode. Skuleåret 2020/21 er det 1.–9. trinn og vg1 som tek i bruk nye læreplanar.

Læringsmiljø

Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane blir oppmuntra og stimulerte til fagleg og sosial utvikling. Det har stor betydning både for å gjennomføre og fullføre vidaregåande opplæring og for å få for gode liv seinare. At elevane kjenner seg inkluderte, har medbestemming og kjenner tilknyting, er kjenneteikn på eit godt læringsmiljø. Eit trygt miljø er fritt for mobbing. Vi jobbar kontinuerleg og systematisk med å førebyggje, handsame og følgje opp mobbing og krenkingar.

Skolemiljøkonferansen

Årleg arrangerer vi ei samling for dei vidaregåande skulane der både skuleleiing og elevråd delar erfaringar og får ny kompetanse innan feltet læringsmiljø. Skolemiljøkonferansen

Gjennomføring 2013-kullet

	Samla	Studie-førebuande	Yrkesfag
Nasjonalt	78,1	87,6	67,5
Akershus	81,1	90,1	67,8
Aust-Agder	76,4	87,2	67,1
Buskerud	77,8	85,0	69,0
Finnmark	67,2	78,2	58,9
Hedmark	78,6	89,1	68,0
Hordaland	77,6	88,2	66,3
Møre og Romsdal	79,1	90,6	69,1
Nordland	72,4	84,5	62,2
Nord-Trøndelag	79,2	88,9	71,5
Oppland	76,2	87,9	65,0
Oslo	79,4	84,4	65,4
Rogaland	80,6	88,5	72,8
Sogn og Fjordane	83,1	91,6	75,2
Sør-Trøndelag	77,7	87,9	67,7
Telemark	79,5	88,0	71,2
Troms	73,5	85,4	62,0
Vest-Agder	79,4	89,2	70,0
Vestfold	77,3	87,2	65,2
Østfold	76,0	88,4	63,6

i oktober 2020 blei gjennomført digitalt i heile Vestland og med stor elevmedverknad. Konferansen handla om å identifisere utfordringar og jobbe fram løysingar på ulike område innanfor læringsmiljø og livsmeistring. Tema var blant andre einsemd og sosial inkludering, mobbing og diskriminering og sosiale medium og overdriven skjermbruk.

Rett kompetanse for framtida

Rett dimensjonering av det vidaregåande opplæringstilbodet er eit viktig grep for å sikre god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Vestland. God dialog med sentrale samarbeidsaktørar som opplæringskontor og lærebedrifter, er viktig for å få eit godt bilet av behova for arbeidskraft i ulike område. Denne dialogen er også viktig for å drøfte sentrale utfordringar knytt til rekruttering innan ulike fagområde. Samsvar mellom tal elevplassar i utdanningsprogramma og tal tilgjengelege læreplassar, er førande for kva opplæringstilbod vi set i gang.

Når det om våren blir klart kva opplæringstilbod ungdomane i Vestland søker på, opprettar vi kontakt med opplæringskontor og lærebedrifter. Formålet er å justere det samla opplæringstilbodet slik at vi får balanse mellom tilbod og etterspurnad.

Samarbeid skule–arbeidsliv

Samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet i fylket har ulike former. Det er utvikla gjennom mange år ut frå lokale føresetnadar. Tett og godt samarbeid mellom skular, bedrifter og kommunar er viktig for å gi elevane relevant utdanning i reelle situasjonar og tilgang på moderne og avansert utstyr. Det er også svært viktig for å knyte dei kontaktane elevane treng for å sikre seg læreplassar og slik fullføre utdanningsløpet sitt.

Utviklingsprosjekt

Vi hadde i 2020 to konkrete utviklingsprosjekt som hadde vidareutvikling av samarbeidet med arbeidslivet som overordna mål: Pilotprosjektet på Bømlo og samarbeidsprosjektet i Nordhordland. Begge prosjekta starta etter prosessen med skulebruksplanen i Hordaland i 2016.

Nordhordland

Samarbeidsprosjektet i Nordhordland blei avslutta sommaren 2020, og sluttrapporten blei politisk behandla sist haust. Austrheim vgs. og Knarvik vgs. var med i prosjektet. Skulane prøvde ut ein modell der elevane var utplasserte hjå lokale bedrifter fleire veker enn tidlegare. Delar av programfagundervisninga blei dermed også gjennomført hjå bedriftene.



Yrkesfag er populært ved Sogndal vgs.

Gjennom tett samarbeid mellom faglærarane og dei opplæringsansvarlege i bedriftene, har skulane utvida og vidareutvikla eit allereie godt samarbeid om den praktiske opplæringa til elevane.

Bømlo

Pilotprosjektet på Bømlo er no i gjennomføringsfasen, og her prøver vi ut ein ny modell for samhandlinga mellom skule og arbeidsliv. Prosjektet jobbar med skriftlege avtalar mellom aktørane. Elevane får også tilgang på avansert utstyr som ikkje er i skulane, gjennom programfagprosjekt og spesialiserte opplæringsstasjoner i bedriftene. Sommaren 2022 vil UNITECH teknologisenter stå klar på Rubbestadneset, og vi har inngått avtale om leige av areal i teknologisenteret til den praktiske opplæringa i fleire av yrkesfaga. Målet er å tilby relevant og framtidssretta opplæring til elevar på nye Bømlo vgs. innan teknologi- og industrifag, elektrofag, automasjonsfag, maritime fag og naturbruk – samlokalisert og i tett samarbeid med bedriftene.

Årdal

Eit anna døme på samarbeid med lokalt næringsliv finn vi i Øvre Årdal, der Årdal vgs. samarbeider med teknologibedriften Sitep. Her er det inngått avtale om kjøp av undervisningsstilar innan vg3 automatisering og vg2 kjemiprosess, i tillegg til den ordinære utplasseringa for elevane. Skulen har også starta opplæring av faglærarane i teknologifabrikken til Sitep. Målet er at lærarane kan gjennomføre eigne undervisningsopplegg i lokala.

Høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulane)



Fagskolen i Hordaland mottok i 2020 utdanningskvalitetsprisen for høyere yrkesfaglig utdanning. Prisen var på 1 million kroner og ble tildelt arbeidet rundt eg è lærer prosjektet, prosjekt om bruk av digitale hjelpebidarar i undervisning.

Høgare yrkesfagleg utdanning i Vestland fylkeskommune talde hausten 2020 til saman 2400 studentar frå alle fagskular med tilbod i Vestland. Det er ein auke i studenttalet på vel 14 prosent samanlikna med hausten 2019.

1620 av studentane gjekk på ein av dei to offentlege fagskulane til fylkeskommunen: Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland. Gjennom fagskulereforma, regionreforma og kompetansereforma har fylkeskommunane fått eit utvida ansvar for å kartlegge og ivareta regionalt kompetansebehov. Dei to fagskulane våre har eit omfattande teknisk studietilbod mot eit breitt spekter av vestlandsindustrien. Vi har eit komplett maritimt fagtilbod og ei rad studietilbod innan helse og matproduksjon. Samstundes har heile åtte private fagskular studietilbod innan helse, kunst, mediefag, økonomi og tekniske fag. Her er det til saman 780 studieplassar som supplerer det offentlege fagskuletilbodet i fylket.

Regjeringa løyvde våren 2020 ekstraordinære midlar til nye studieplassar i fagskulen. Det gav oss høve til å styrke tilbo-

da innan helsefag, økonomi og organisasjon og å opne nye studium knytt til bruk av robotteknologi i industriell produksjon og til akvakultur.

Vestland fylkeskommune har gått inn for å slå saman dei to offentlege fagskulane. Store endringar med aukande krav til fagleg tyngde og utvikling, fleksibilitet i organisering av studietilboda og styrka administrasjon, tilseier ei utvikling mot større skuleeininger. Den nye fagskulen har fått prosjektnamnet Fagskulen i Vestland og skal vere klar 1. januar 2022. Fagskolen i Hordaland vann den nasjonale prisen for kvalitet i utdanning i fjor. Prisen på ein million kroner blei delt ut på den nasjonale Fagskolekonferansen 2020 i november. Fagskulen fekk prisen for å ha auka kvaliteten i det nettbaserete tilbodet ved skulen.

Nye Åsane vidaregåande

Nye Åsane vidaregåande skule blei offisielt opna av fylkesordførar Jon Askeland i oktober 2020, men 800 elevar og 200 tilsette starta skuleåret på nyeshulen alt i august. Skulen får den største elevkapasiteten i Vestland fylkeskommune når heile skulearealet blir tatt i bruk. Han blir eit kraftsenter for yrkesfag og for bydelen Åsane. I tillegg til vidaregåande skule rommar bygget på 27 000 kvadratmeter blant anna både rettleiingsteneste, tannklinik, kulturhus, bibliotek og kafé.



Den nye Åsane vidaregåande skule er eit kraftsenter for yrkesfag. Fullt utbygt blir det den største vidaregåande skulen i fylket med 1700 elevar.

Nøkkeltal

Fagopplæring

Det ble gjennomført 3565 fagprøvar fordelt på ulike opplæringsløp i Vestland fylke i 2020. Det er 527 færre prøvar enn i Hordaland og Sogn og Fjordane i 2019. Situasjonen med covid-19 er hovudårsaka til nedgangen i gjennomførte prøvar.

Vi hadde 3310 nye lærekontraktar i 2020. Det er ein liten nedgang frå 2019, då dei to tidlegare fylka hadde til saman 3469 godkjente kontraktar.

Vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksenopplæringa hadde i 2020 opplæring i seks ulike yrkesfaglege utdanningsprogram og studiekompetansefag. Totalt

var det 1461 deltagarar i vidaregående opplæring for vaksne, fordelt på inntak våren 2020 og hausten 2020. Kursplassane fordele seg på 40 prosent studiekompetansefag, 40 prosent helse- og oppvekstfag og 20 prosent andre yrkesfag.

Privatistar

I 2020 hadde vi 10 411 privatistar som til saman var melde opp til 22 256 eksamenar i til saman 570 ulike fagkodar. 15 297 av eksamenane ble gjennomførte, og gjennomføringsprosenten var på 68,7. Det er lågt samanlikna med tidlegare år. På grunn av koronasituasjonen våren 2020 fekk dei kandidatane som ønskte det, høve til å melde seg av og få refundert eksamensavgifta. Mange valde å gjøre det. Den låge gjennomføringsprosenten skuldast også at mange har vore forhindra frå å møte på grunn av karantene eller korona-symptom.

Elevundersøkinga frå 2020

Kvart år gjennomfører dei vidaregåande skulane elevundersøkinga, som gir elevane høve til å seie kva dei meiner om læring og trivsel på skulen. Resultata frå undersøkinga blir brukte av skulane og fylkeskommunen for å analysere og utvikle skule- og læringsmiljøet til elevane.

83,3 prosent av elevane svarte på fjorårets undersøking. Resultata syner at elevane ved dei vidaregåande skulane i fylket

trivst og har høg motivasjon for læringsarbeidet. Elevane svarte på ein skala frå 1 til 5 i fem ulike kategoriar, der 5 er det beste resultatet. Resultatet er oppgitt i gjennomsnittskår for alle elevar.

Resultata syner at elevane får interessante og relevante utfordringar i eit inkluderande læringsmiljø, som har fremja lærelyst, utvikla evner og gjort til at elevane trivst.

Elevar i vidaregåande opplæring	2019/20	2018/19	2017/18	2016/17
Fullført og bestått	87,6	83,7	84,5	83,3
Auka læringsutbytte	4,17	4,04	3,99	3,97
Trivsel	4,2			
Læringskultur	4,2			
Støtte frå lærarar	4,0			
Fagleg utfordring	4,4			
Meistring	4,2			

Læringer i vidaregående opplæring	2019/20	2018/19	2017/18	2016/17
Fullført og bestått fag- og sveinebrev*	91,2	91,5	90,2	
Trivsel	4,31			
Støtte/oppfølging frå fagleg leiar/instruktør	4,32			
Motivasjon	4,59			

* Fullført og bestått fag- sveinebrev er kalenderår 2020, 2019, 2018. Det gjeld alle fagprøvar fordelte på ulike opplæringsløp i Vestland fylke.

Mobbing

Resultata frå elevundersøkinga syner blant anna at det har vore ein nedgang i tal elevar som melder at dei blir mobba. Tabellen syner prosent elevar som har svart bekreftande på eitt eller fleire spørsmål om mobbing av elevar på skulen, av vaksne på skulen eller digital mobbing av andre elevar i klassen eller på skulen.

	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande utdanningsprogram	2,2	2,8	2,8	3,5
Påbygging til generell studiekompetanse	1,9	2,9	2,7	2,6
Yrkesfaglege utdanningsprogram	3,5	4,8	5,2	5,6
Totalt	2,8	3,7	3,8	4,3

Oppfølging ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Vidaregående opplæring	Auka læringsutbytte	Karaktersnittet til dei som fullførte og bestod vidaregående opplæring skuleåret 2019/20 auka med 0,13 prosentpoeng frå skuleåret før.	I prosess
Vidaregående opplæring	Auka fullføring	87,6 prosent av elevane på dei vidaregående skulane våre fullførte og bestod vidaregående opplæring skuleåret 2019/20. Det er ei betring på 2,9 prosent samanlikna med året før.	I prosess

Driftsutgifter – Opplæring og kompetanse

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
VGS	3 435 597
Opplæring i bedrift	628 826
VO	48 932
Fagskule	193 176
Andre føremål opplæring	137 810
Adm. av opplæring og kompetanse	32 855
Sum	4 477 196
Budsjettavvik nto 2020	
Netto mindreforbruk opplæring og kompetanse	46 966

Opplæring og kompetanse fekk eit positivt resultat på 47 mill. kr. I tillegg fekk Vestland ei statleg overføring på 13 mill. kr, som var kompensasjon for verknadar av pandemien i opplæringssektoren. Denne inntekta vart liggande utanom resultatet til opplæring, fordi det av tidsomsyn ikkje var mogleg å gjøre vedtak om å flytte midlane til sektoren sitt budsjett. Vidare var det innsparinger på totalt 32 mill. kr innan følgjande område; rekruttering og kompetanse, gjesteelever, tilpassa opplæring, vaksen-opplæring og privatisteksamen. I tillegg hadde sektoren vakansar som medførte innsparing på 14 mill. kr. Skulane sine fond vart netto redusert med om lag 14 mill. kr.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar			
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	FT	Kan bli revidert
Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle	2014	FT	
Temaplanar			
Skulebruksplan 2017–2030, skule- og tilbodssstruktur for framtida	2016	FT	Kan bli revidert
Handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme	2017	FUV	Ny temoplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme skal utarbeidast i 2021
Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland fylkeskommune	2014	FT	
Plan for kompetanseutvikling 2016–2020	2014	OPPKO	Blir revidert i 2021
Mål og strategiar for vidaregåande opplæring: Fornye og forbetra – auka gjennomføring	2020	FT	2025





Organisasjon og økonomi

I 2020 skulle ei rekke reglement, system og rutinar på plass i den nye fylkeskommunen for å sikre god og effektiv drift. Ved å leggje eit felles fundament for verksemda, har vi lagt rammene for utvikling av godt medarbeidarskap og leiarskap, organisasjonskultur, samhandling og utøving av det regionale folkevalde styret.


Fylkeshuset i Bergen vart plukka frå kvarandre og gradvis jamna med jorda i 2020. Bygningsmassane forsvann meir og meir i løpet av året, og 1. november var det heilt vekk.



«Organisasjons- og økonomiavdelinga er ein viktig intern brubyggjar for å sikre god marsjfart i Vestland fylkeskommune alt frå starten. Gode samarbeids-
evner og høg fagkompetanse gjer avdelinga til ein aktiv medspelar i arbeidet med god tenesteyting frå fylkeskommunen.»

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon
og økonomi

Organisasjon og økonomi – organisasjonskart



Tal tilsette: 528

inkludert reinhaldarar og driftsleiarar
ved dei vidaregåande skulane

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.
I 2020 har vi blant anna:

- teke i bruk nye system for digital taleliste, forslag til vedtak og stemmegjeving i politiske møte og for automatisk innkalling av varamedlemmar
- implementert nytt system for elektronisk fakturaattkjennung
- gått over til bruk av robot for månadlege avstemmingar av løn mot rekneskap
- innført den nyskapande og unike visuelle identiteten «Overblikk»
- gjort nybrotsarbeid knytt til sirkulære anskaffingar av møblar
- starta bygging av nytt bygg ved Sogndal vgs avdeling Kaupanger i heiltre/tre. CO₂-avtrykket er berre 50 prosent av det eit normalbygg vil ha etter gjeldande byggjeforskrifter
- opna nye Åsane vgs og kulturhus, som nyttar geovarme og solceller som hovudenergikjelder

Økonomiseksjonen

Økonomiseksjonen har til saman 21,9 årsverk fordelt på einingane budsjett og rekneskap.

Budsjett

Vestland fylkeskommune har budsjettmodell der finansutvalet leier budsjettarbeidet gjennom året. Finansutvalet er samansett av medlemmene i fylkesutvalet, hovudutvalsgutarane og gruppeutarane for parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet. Det var seks møte i finansutvalet i 2020. Til kvart møte utarbeidd fylkesrådmannen eit arbeidsdokument. På bakgrunn av arbeidsdokumenta gjorde finansutvalet prosessvedtak – før utvalet la fram endeleg budsjettinstilling til fylkesutvalet på det siste møte i november. Fylkestinget vedtok budsjettet for 2021 på møtet i desember.

Som del av budsjettet for 2020, vedtok fylkestinget eit administrativt innsparingsprogram for perioden 2021–2024 med mål om ei samla innsparing i perioden på 100 mill. kr. I budsjettet for 2021 er det innarbeidd innsparingar på om lag 30 mill. kr.

Programmet skal vurdere innsparingar innanfor følgjande område:

- drift av bygg og eigedommar
- IKT og digitalisering
- personal
- finansforvalting
- eigarskap
- generelle driftskostnader

Rekneskap

I løpet av 2019 vart rekneskapssystemet for Vestland fylkeskommune sett opp slik at det var operativt frå fyrste dag i den nye fylkeskommunen. Straks etter Vestland fylkeskommune starta drifta, avslutta rekneskapseininga rekneskapane for 2019 for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Rekneskapane vart godkjende av fylkestinget i juni 2020. Desse rekneskapane var utgangspunkt for inngangsbalansen for den nye fylkeskommunen.

Innanfor rekneskapsområdet går det kontinuerleg ein digitaliseringsprosess, der vi jobbar med forenkling og automatisering av arbeidsprosessar. I 2020 vart det teke i bruk nye verktøy som gjeld fakturaattkjennung.

Innkjøpsseksjonen

Innkjøpsseksjonen har til saman 16 årsverk fordelt på faggruppene administrasjon, operative innkjøp og strategiske innkjøp.

Ny innkjøpspolitikk vart vedteken av fylkestinget i mars 2020 og gjeld all innkjøpsaktivitet i Vestland fylkeskommune. Eit viktig satsingsområde i 2020 har vore å operasjonalisere innkjøpsprinsippa som går fram av innkjøpspolitikken. Vi har jobba særleg med tiltak relatert til miljø og samfunnsansvar.



Innkjøpsseksjonen i fylkeskommunen er involvert i alt frå store byggeprosjekt, som det nye vitensenteret ViteMeir i Sogndal, til prosessar med å få på plass innkjøpsavtalar for kontorutstyr.

Innkjøpsseksjonen har utarbeidd ein ROS-analyse for innkjøpsfunksjonen i fylkeskommunen og har i tillegg implementert ein enkel ROS-analyse ved oppstart av kvar einskild innkjøpsprosess. Vi har særleg merksemd på personvern og informasjonstryggleik og har eigen ressursperson for desse fagområda. For å sikre at alle som deltek i anskaffingsprosessen opptrer i samsvar med dei etiske retningslinene til Vestland fylkeskommune, må dei ved oppstart underteikne

på at dei ikkje er inhabile og kan kome i ein situasjon der det oppstår interessekonfliktar og teieplikt.

Anbod for ny tenestepensjonsordning var den største og mest komplekse innkjøpsprosessen seksjonen gjennomførte i 2020. Etter ein grundig prosess vedtok fylkestinget å inngå avtale med Storebrand.

I 2020 kjøpte fylkeskommunen varer og tenester for 9,6 milliardar (inkludert investeringar), og det vart registrert 21 500 bestillingar i Visma ehandel. Fylkeskommunen vert sett på som ein attraktiv kunde, og det har vore stor konkurranse om avtalar med Vestland fylkeskommune. Dette har gitt oss ein sterk forhandlingsposisjon og moglegheit til å oppnå gode kommersielle vilkår. Samstundes ser vi ein klar tendens til at leverandørar som ikkje vinn fram i konkurransar, har lågare terskel for å klage på tildelingsavgjerda. Det har vore tidkrevjande å handtere, og vi har hatt fleire innklaga saker til KOFA og fleire spørsmål om innsyn enn tidlegare.

Seksjon for juridiske tenester

Seksjon for juridiske tenester har til saman åtte årsverk. Det inkluderer 4,5 årsverk knytt til funksjonane som personvernombod, mobbeombod og elev- og lærlingombod.

Seksjonen følgjer m.a. opp fylkeskommunen sin eigarskap/medlemskap i ulike selskap, samvirkeføretak m.m. Eit viktig element i dette arbeidet er å lage ei årleg eigarskapsmelding, som syner mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen og gjer eigarskapen synleg for ålmenta. Fylkestinget vedtok eigarskapsmeldinga på møtet i desember.

Fylkestinget vedtok i saka å be fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS. Fylkestinget bad også fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i Opplæringskontoret i Sogn og Fjordane SA (OKOS).

Som ledd i eigarskapsoppfølginga gjennomførte seksjonen i juni i samarbeid med Deloitte, opplæring for medlemene i fylkestinget i regelverket for eigarstyring og dei fylkeskommunale rutinane.

Sidan august har fylkeskommunen sitt personvernombod vore tilknyttt seksjonen. Personvernombodet har i samarbeid med personvernrådgjevaren m.a. etablert ordning med personvernkoordinatorar i alle einingane i fylkeskommunen. Dei

67 personvernkoordinatorane skal representere avdelingane og skulane i det viktige arbeidet med personvern i fylkeskommunen.

I møtet i juni vedtok fylkestinget mandat for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda. Årsmeldingane til omboda for skuleåret 2019/2020 vart handsama av fylkestinget i høvesvis september og desember.

Politisk sekretariat

Seksjonen har til saman 32 årsverk fordelt på einingane politisk sekretariat og dokumentsentert.

Politisk sekretariat

Politisk sekretariat har ansvar for planlegging, førebuing og gjennomføring av møte i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Det er gjennomført i alt 149 slike møte i 2020. Dette omfattar fylkesting, fylkesutval, fire hovudutval og 12 andre folkevalde organ. I tillegg har Vestland fylkeskommune også hatt sekretariatsansvaret for Vestlandsrådet i 2020.

Etter innføring av dei første nasjonale koronatiltaka i mars, har sekretariatet planlagt for gjennomføring av digitale møte i dei folkevalde organa. I tillegg til bruk av den digitale møteplattforma, har sekretariat òg innført bruk av Diggem, som er eit IKT-system for mellom anna taleliste, forslag til vedtak og røysting i dei digitale møta. Dei folkevalde har på ein god måte møtt nye tekniske utfordringar og delteke i digitale møte i folkevalde organ. Dei positive erfaringane vil venteleg medføre at digitale møte vert ein del av den normale aktiviteten i tida framover.

Gjennom det første året som Vestland fylkeskommune har sekretariatet hatt stor aktivitet med opplæring og rettleiing av både folkevalde og fylkesadministrasjonen i nye reglement, system og rutinar. Mengda av juridiske oppgåver, som til dømes habilitetsvurderinger og innsynskrav, har vore aukande.

Dokumentsenteret

Dokumentsenteret har ansvaret for arkivdanninga i fylkesadministrasjonen, inkludert ansvar for mottak, arkivavgrensing, fordeling og journalføring av fysisk og elektronisk post.

Dokumentsenteret er først og fremst ei driftseining, der det meste handlar om løpende handtering av dokumentasjon som kjem inn eller vert skapt i sakshandsaminga i fylkeskommunen. Vestland fylkeskommune har stor aktivitet, og handterer 800–1000 journalpostar dagleg. Om lag ein fjerde-

del av desse er oppgåver som vart overførte frå Statens vegvesen i samband med samanslåinga, og som no ligg til avdelinga for infrastruktur og veg. Samanslåinga førte også til at mange sakshandsamarar blei introduserte for eit nytt saks- og arkivsystem, ePhorte. Dokumentsenteret har i 2020 gjennomført rundt 30 ulike brukarkurs i systemet, i tillegg til individuell brukarstøtte.



Dei fleste politiske møta i 2020 var digitale, men 29. september var fylkestinget med fylkesordførar Jon Askeland i spissen, samla på Clarion Hotel Bergen Airport. Oversikt over politiske møte og politiske saker i Vestland fylkeskommune i 2020 står i kapittelet Politisk organisering.

Dokumentsenteret er sterkt representert i prosjektet som arbeider med innkjøp og implementering av nytt saks- og arkivsystem. Arbeidet starta seinsommaren 2020, og nytt system skal vere klart ved inngangen til 2022.

Som ein del av administrativt innsparingsprogram har seksjonen fått i oppdrag å vurdere å einsrette, samle og digitalisere den totale posthandsaminga i fylkeskommunen. I 2020 vart det gjennomført ei overordna kartlegging som syntetiserte at det er potensial for både økonomiske og kvalitative gevinstar. Arbeidet held fram i 2021.

Ein annan viktig aktivitet i 2020 var å bevare og gjøre tilgjengelige data frå eldre fagsystem, inkludert dei tidlegare saks- og arkivsystema til dei samanslegne fylkeskommunane. I tillegg er dokumentsenteret representert i prosjekt knytt til nye fagsystem, t.d. Visma In School, for å vurdere kva data som skal bevarast og sikre funksjonell arkivering.

Kommunikasjonsseksjonen

Kommunikasjonsseksjonen har til saman 12 årsverk fordelte på faggruppene kommunikasjonsrådgjeving, grafiske tenester og resepsjon/sentralbord.

Til oppstarten av Vestland fylkeskommune lanserte vi 1. januar nytt intranett, nye nettsider og ny visuell identitet. I løpet av året har vi utvikla intranettet vidare slik at dei interne tenestene til stabsseksjonane er godt presenterte for



Den grafiske profilen til Vestland fylkeskommune – overblikk – vart vidareutvikla i 2020. Den fargerike paletten kjem til sin rett på blant anna plakatar, skilt, brosjyrar, kort, buffar eller som på biletet, nøkkeltorkband.

alle i organisasjonen. Frå skulestart haust 2020 blei også dei tilsette ved skulane løfta inn på intranettet, slik at alle tilsette i fylkeskommunen no har ein felles stad for interninformasjon.

Kommunikasjonsseksjonen lagar interne nyheitssaker frå heile organisasjonen. Det er gjerne saker knytt til aktivitet på avdelingane og nyheter frå leiinga.

Med utgangspunkt i retningslinjer for klart språk og god nynorsk, som vart levert som referatsak til fylkestinget i juni, har vi hatt ein serie med saker på intranettet. Her har vi gitt korte og gode råd knytt til både nynorsk, klart språk og ord og uttrykk.

I samband med at digitaliseringsseksjonen innførte samhandlingsverktøyet Teams i heile organisasjonen, utvikla vi nye kanalar for interkommunikasjon på denne plattforma. Vi vil halde fram dette arbeidet i 2021.

På dei eksterne nettsidene hadde vi 278 nyheitssaker i 2020. Sakene er henta frå dei politiske møta, viser ferdigstilling av tidlegare politiske vedtak eller spesielle aktivitetar ved avdelingane. Vi fekk tidleg i pandemien på plass ei eiga side for koronastatus knytt til tenestetilbodet vårt og smittestatus ved dei vidaregåande skulane i fylket.

På sosiale medium er Vestland fylkeskommune representert på Facebook, LinkedIn, Instagram, Twitter og YouTube. Aktiviteten er størst på Facebook, og status ved utgangen av 2020 var 6121 følgjarar. Facebook-kampanjen #vestlandsommar2020 blei ein stor suksess. Alle dei 43 kommunane i fylket blei presenterte i kvar sin post, og følgjarane skulle komme med tips til både turar og aktivitetar i området. Postane hadde til saman 430 000 visingar, med alt frå 3500 til 25 000 visingar kvar.

Grafisk faggruppe har mellom anna vidareutvikla grafisk profil, hjelpt til med utvikling og lansering av eit nytt Power Point-bibliotek og sytt for at alle administrasjonsbygninga, møterom, skular og tannklinikkar har fått plakatar med fylkeskommunen sine verdiar. I tillegg har faggruppa hjelpt til med å overføre profilen til ny skiltmanual for fylkeskommunen. Faggruppa gjev råd og står for grafisk produksjon på fleire ulike flater og format.

Koronasituasjonen har også påverka arbeidet i resepsjonane til administrasjonsbygga på Leikanger og Sandsli med tilrettelegging for besøkande knytt til smittevern. I periodane fylkeshusa var stengde, var sentralbordet alltid tilgjengeleg for publikum.

HR-seksjonen

Seksjonen har til saman 32 årsverk fordelte på faggruppa rådgjeving og einingane HR-Løn og HMS-og kvalitetsstyring. I tillegg har HR-direktøren ansvar for oppfølging av frikjøpte hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneomboda, totalt 16 årsverk.

Sjølv om det har vore gjort eit omfattande og grundig arbeid i forkant av fylkessamanslåinga, var det likevel mange nye rutinar, reglement og prosedyrar som skulle på plass i organisasjonen i 2020. HR-seksjonen har hatt overordna ansvar for tilrettelegging og innføring av desse, i nært samspel med dei hovudtillitsvalde, stabsleiarar og HR-ressursar i fagavdelingane.



Psykolog Magnus Odeen i HR-seksjonen kom med tips til korleis overleve på heimekontoret då vi skjønte at vi kom til å bli der ei stund våren 2020. Det gjorde han i klassisk heimekontortrekk – treningsbukse i kombinasjon med skjorte og dressjakke.

HR-forum er starta opp for å sikre godt samspel mellom sentral stab og linjeorganisasjonen. Forumet består av HR sentralt, lokal HR og stabsleiarar i avdelingane. Forumet har jamne møte og samhandlar om HR-området.

I tråd med intensjonsavtalen som ligg til grunn for fylkes-samanslåinga vert det arbeidd med harmonisering av løn og stillingstittlar. HR koordinerer arbeidet, og det er sett ned fleire arbeidsgrupper med representantar for arbeidsgjavar og tillitsvalde. Gruppene har hatt jamne møte i 2020 og leverer forslag til innstilling våren 2021.

Som del av arbeidet med å implementere samfunnsoppdrag, visjon og verdiar i organisasjonen, har det fram mot saman-slåinga vore eit arbeid som har involvert både tilsette og innbyggjarar for å sikre god medverknad. Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar har vore lanserte på nett saman med handlingsreglar, som skal understøtte det viktige arbeidet og sikre implementering.

HR er i startfasen med å utarbeide eit opplegg for utviklings-program for leiarar i Vestland fylkeskommune og hadde ei kartlegging av kompetansebehov blant alle leiarar hausten 2020.

Hausten 2020 gjennomførte HR-seksjonen den første medar-beidarundersøkinga i Vestland fylkeskommune. Arbeidet med å gå gjennom og presentere resultata starta før jul, og oppfølging i einingane vil skje fra januar 2021. Totalt 5677 medarbeidrarar vart inviterte til å delta, og heile 88 prosent svarte på undersøkinga.


Eigedom

Eigedom har totalt 335,9 årsverk og er organisert som ei eiga avdeling i avdelinga med fire seksjonar: stab/forvalting, system og utvikling, utbygging og drift og vedlikehald.

Eigdomsavdelinga fekk i samband med samanslåinga av fylkeskommunane tilført fleire nye oppgåver. Alt fylkeskom-munalt reinhald er no samla under eigedom, både tilsette og leverandørar. Også alle leigekontraktar, kommunale avgifter og straumkostnader vert handsama av eigedom. Hausten 2020 vart også ansvaret for alle leigeavtalar knytte til kollek-tivtrafikk med venterom, terminalar og kaier lagt til denne seksjonen. Den auka oppdragsmengda har kravd organi-sering og omorganisering av tenestene, men med unntak av reinhaldarar overført frå avdeling for opplæring og kom-pe-tanse, er oppgåvene hovudsakleg løyst innanfor eksisterande bemanning.

Det har også i 2020 vore fleire store og små byggeprosjekt. Eigedom har om lag 30 større prosjekt med eigne investe-ringsbudsjett gåande i forskjellige fasar. I tillegg er det om lag 50 mindre investeringsprosjekt knytte til rammeløyvingane. Arbeidet med nytt fylkeshus i Bergen starta i februar 2020, og det gamle fylkeshuset vart rive hausten 2020. Sommaren 2020 vart Åsane vgs. og kulturhus ferdig. Bygget på knapt 27 000 m² rommar både skule, tannklinik, rettleiingstenes-ter og i tillegg folkebibliotek, kulturskule og bydelskulturhus, som vert drifta av Bergen kommune. Nokre av dei andre prosjekta som vart ferdige i 2020, var rehabilitering av Måløy vgs. – bygg B og C, lokale for tilrettelagt undervisning ved Fyllingsdalen vgs., ridehall ved Mo og Øyrane vgs. og an-leggsgarnarhall ved Stend vgs.

Eigedom starta sommaren 2020 prosjektet for innflytting nytt fylkeshus. Det er eit omfattande prosjekt som inkluderer alt frå møblering og sjølv flyttinga, til organisasjonsutvikling, fysisk innplassering av dei tilsette, IKT, smarthus, utleige og organisering av drifta. Prosjektet er organisert i tett samar-beid med fleire andre einingar i fylkeskommunen.



Prosjekt nytt fylkeshus i Bergen starta for alvor i 2020. Bygging og planlegging er i gang, og det er prosjekt som involverer mange i fylkeskommunen. Illustrasjonen syner korleis det nye fylkeshuset, plassert på midten av bildet, vil sjå ut frå Møllendal.

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
Alle seksjonar	Arbeid med administrativt innsparingsprogram, jf. budsjettvedtak.	Arbeidet med administrativt innsparingsprogram er godt i gang. Det er identifisert eit samla innsparingspotensial på 100 mill. kr i økonomiplanperioden 2021–2024, der tiltak for 30 mill. kr vart innarbeid i budsjett for 2021, jf. PS 6/2020. Arbeidet vert vidareført gjennom heile økonomiplanperioden.	I prosess
Alle seksjonar	Samspel mellom sentral stab og linjeorganisasjonen. Det vil vere særleg viktig å få på plass gode rutinar for samhandling innan HR-området.	Det er etablert eigne samarbeidsforum for økonomi, innkjøp og HR. Det vert arbeidd med å etablere eit juridisk fagforum og eit kommunikasjonsfagleg forum. Eigedom og innkjøp har under arbeid eigne SLA-avtalar med andre fagavdelingar. Arbeidet vert vidareført i 2021.	I prosess
HR	Arbeid med harmonisering av løn og stillingstittlar, gjennom vidareføring av aktuelle prosjektgrupper og gjennomføring av årleg lønsforhandling.	Det er vedteken ny overordna lønspolitikk for Vestland fylkeskommune. Det er gjennomført årleg lønsforhandling med organisasjonane i tråd med fastsett budsjetttramme. Det er gjennomført innpllassering av leiarane jf. eige tilsetjingsbrev. Arbeidet med harmonisering av løn og stillingsnemningar er starta opp. Arbeidet vert vidareført i 2021.	I prosess

Punkt i oppdragsbrevet	Tiltak	Resultat	Status
HR/kommunikasjon	Implementering av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar i organisasjonen for å bygge felles kultur og identitet, under dette opplegg for leiarutvikling.	Det er gjennomført ein grundig og involverande prosess for å få på plass felles samfunnsoppdrag, visjon og verdiar. Det er utarbeidd eigne handlingsreglar knytt til verdiene. Det er også utarbeidd ein temapakke for opplæring og refleksjon i alle avdelingar. Alle skular, tannklinikkar og fellesadministrasjonar har motteke verdiplakatar dei kan henge opp i fellesområde, møterom osb. Vidare arbeid og oppfølging vil skje gjennom dagleg drift i alle avdelingar.	Gjennomført
Eigedom	Leiing	Det er etablert stillingsbeskriving med tilhøyrande myndematriise for alle tilsette i eigedom. Det er gjennomført strategisk risikovurdering av aktivitetane til Eigedom.	I prosess
Eigedom	Einskapleg gjennomføring av arbeidsoppgåver	Prosjektstyringssystemet med tilhøyrande digitale verktøy er omarbeidd og tilrettelagd for einskapleg gjennomføring av byggeprosjekta. Det er etablert rutinar for fleira arbeidsprosessar. Det er etablert ein strategi som skildrar den heilskaplege tilnærminga til digitalisering og bruk av ny teknologi for Eigedom sitt ansvarsområde.	I prosess
Eigedom	Berekraft	Det er utarbeidd policy der det går fram kva for berekraftsmål som er relevante for Eigedom. Tiltaka er knytt mot politiske vedtak og utviklingsplanen. Verktøyet HMSreg er tatt i bruk og det er gjennomført revisjonar av lønns- og arbeidsvilkår på fleire prosjekt.	Gjennomført

Driftsutgifter – Organisasjon og økonomi

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Adm. org og økonomi	160 553
Org og øk tiltaksmidler	788
Eigedom drift og vedlikehald	627 319
Sum	788 660
Budsjettvavvik nto 2020	
Netto mindreforbruk organisasjon og økonomi	36 574

Organisasjon og økonomi hadde eit positivt resultat på 36,6 mill. kr i 2020. I dette resultatet ligg innsparingar på ulike område som i hovudsak skuldast pandemien. Desse områda er person tiltak, HMS- kostnadar og leiarutvikling. I tillegg har ein oppnådd ulike kostnadsreduksjonar i avdelingsdrifta. Samla står desse innsparingane og kostnadsreduksjonane for om lag 15 mill. kr av det positive årsresultatet. Eigedomsavdelinga inngår i organisasjon og økonomi, og avdelinga hadde innsparingar på samla 20 mill. kr i 2020. Av dette er 8 mill. kr knytt til lågare vikarkostnadar, 12 mill. kr skuldast vakansar og i tillegg lågare kostnadsnivå i 2020 på mellom anna reiser, samlinger og energi enn det ein budsjetterer med i eit normalår.



Strategisk utvikling og digitalisering

2020 var året der vi jobba fram og fekk vedtatt utviklingsplanen for Vestland, som set retning for dei neste åra. Vi tok òg store digitale steg då koronapandemien sende alle tilsette på heimekontor.


Mål 2 i utviklingsplanen for Vestland er Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Ein av strategiane for å nå målet er at Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. Foto: Ole Jørn Solberg



«Utviklingsplan for Vestland var den viktigaste leveransen vår i 2020. Planen har stor betydning og set retning for heile fylket dei neste åra. Strategisk utvikling og digitalisering sat i førarsetet og koordinerte, justerte, arrangerte høyringsmøte, følgde opp politiske vedtak i prosessen og ferdigstilte planen.»

Paal Fosdal
fylkesdirektør strategisk
utvikling og digitalisering

Strategisk utvikling og digitalisering – organisasjonskart



Tal tilsette: 670

inkludert tilsette i tannhelsetenesta

Visjon: Nyskapande og berekraftig

Vi jobbar kontinuerleg for å oppfylle visjonen til Vestland fylkeskommune.

I 2020 har vi blant anna:

- laga og fått vedtatt utviklingsplanen for Vestland, som skal gjøre Vestland til det mest framoverlente fylket i landet innan klima og berekraftig utvikling
- konstituert Folkehelseforum Vestland, som skal styrke den strategiske og heilskaplege satsinga på folkehelse i fylket
- fått hovudansvaret for å følgje opp den nye plaststrategien for fylket og å koordinere dette arbeidet
- samarbeidd med politisk sekretariat om ei ny løysing for å avvikle digitale, politiske møte, med blant anna digital avstemming og taleliste
- saman med avdeling for opplæring og kompetanse lanserte ein virtuell assistent, såkalla chatbot, på nettsidene til fylkeskommunen
- jobba mykje med digital samhandling for tilsette og lansert Teams som samarbeids- og samhandlingskanal
- opna to nye, moderne tannklinikkar: Åsane og Nesttun

Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har det første året i Vestland fylkeskommune jobba med å styrke rolla vi har som samfunnsutviklar. Vi har samordna aktiviteten fylkeskommunen har overfor kommunar og andre aktørar. Vi har leia arbeidet med regional planstrategi og har etablert sentrale arbeidsarenaer. Vi har samordna den interne aktiviteten i fylkeskommunen – gjennom sektorovergripande prosessar og samhandling på tvers. Og vi har ikkje minst teke ei leiande rolle i arbeidet med digitalisering.

Regional og kommunal planlegging

Utviklingsplanen

Utviklingsplanen for Vestland vart vedteken i fylkestinget i september 2020. Gjennom året gjorde vi eit betydeleg arbeid med å få på plass denne, både i form av medverknadspro-



sessar og med å utarbeide sjølvé planen. Utviklingsplanen gir fylket ei felles retning for vidare utvikling av eit berekraftig og nyskapande Vestland. Arbeidet med å følgje opp planen er starta, og mykje av arbeidet må gjerast i samarbeid med kommunane, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar. Mål og strategiar i utviklingsplanen skal vidare operasjonalisera gjennom dei regionale planane. Utviklingsplanen legg rammene for kva planar vi skal lage, og kva planar som skal vidareførast i perioden. I utviklingsplanen er det sett ambisiøse mål mellom anna innan klima, og klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga. Som oppfølging av utviklingsplanen arrangerte vi den digitale konferansen Samfunnsendring i ei brytingstid. Ca. 750 unike deltakrar deltok, og i tillegg er han sett av om lag 200 personar i ettertid. Konferansen vart gjennomført i samarbeid med Fylkesmannen og Distriktsenteret. Seinare på hausten gjen-

nomførte vi to webinar, der vi gjekk nærmere inn på hovudmåla i utviklingsplanen:

- by og bygd – menneskevennlege og levande lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og naturmangfold i kommunal planlegging
- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket – Samfunnssdelen som styringsverktøy og FN sitt berekraftsmål nr. 17: «Samarbeid for å nå måla»

Regional klimaplan

Arbeidet med regional klimaplan starta seinhaustes. Fylkestinget skal etter planen vedta endeleg plan hausten 2022. Klimaplanane, inkludert handlingsprogramma, i dei to tidlegare fylka gjeld til ny plan er på plass. I tillegg følgjer vi opp klimaplanane og ny utviklingsplan gjennom mellom anna intern miljøhandlingsplan. Den interne miljøhandlingsplanen tek føre seg korleis vi følgjer opp arbeidet i eigen organisasjon. Vi har også prioritert utvikling av klimabudsjetten i økonomiplanarbeidet.

Andre regionale planar

Fylkestinget vedtok regional plan for Hardangervidda i juni. Etter vedtak fremja Fylkesmannen og nokre kommunar

vesentleg innvending til planen. Planen ligg difor til endeleg avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Arbeidet med å vedta Hardangervidda-planen, følgje opp dei fire villreinplanane og å revidere handlingsprogramma, har vore ei prioritert oppgåve i 2020.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart utarbeidd som ein pilot i bruk av retningslinjer for arealbruk og arealkart. Planen vart stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mars 2020. Planen er viktig som grunnlag ved uttalar til kommunale planar.

Vi søkte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet si støtteordning til arealtiltak i område med byveksttaler for å følgje opp handlingsprogram for regional areal- og transportplan for bergensregionen. I 2020 fekk vi midlar til følgjande prosjekt:

- differensiert standard for gang- og sykkelinfrastruktur
- målindikatorar for areal- og transportutvikling i bergensområdet
- nyttevurdering av framkomsttiltak for kollektivtransport

For førstnemnde tiltak er prosjektet gjennomført og avslutta. Dei to andre blir avslutta innan sommaren 2021.

Den regionale planen, og strategien for handels- og senterutvikling, har som føremål å skape sentrumsområde som er attraktive, og som legg til rette for ei berekraftig utvikling. Planane vert i hovudsak brukte som grunnlag i uttalar til kommunale planar, og som grunnlag for vurdering av tilskot innan stadutvikling.

Begge dei gamle fylka har regionale folkehelseplanar. Planane er relativt samstemte i mål og tema, men kunnskapsgrunnlaget har sidan blitt styrka, og på sikt er det behov for ein oppdatert og meir strategisk plan. Folkehelseplanane er vidareførte, og vi skal lage eit nytt handlingsprogram som er meir strategisk innretta. Å arbeide inn folkehelse som del av andre planprosessar er prioritert. Særleg viktig er det å styrke samordninga i offentleg sektor, fremje samarbeid mellom ulike sektorar og stimulere til innovasjon og nyskaping.

Vi rettleiar og gjev fagleg støtte til kommunane innan samfunns- og arealplanlegginga. Dette gjer vi gjennom dialog med kommunane, og ved uttalar til kommunale planar. I 2020 har vi behandla 20 kommuneplanar, 20 kommunedelplanar og 350 reguleringsplanar. I tillegg har vi ansvar for å leie og drifta regionalt planforum. Planforum vart aktivt nytta i 2020. Vi gjennomførte 16 møtedagar, med til saman 26 møte med kommunar, regionale statsetatar og avdelingane til fylkeskommunen. Tema var planar som var under utarbeidning.

I tillegg har vi arrangert ulike samlingar og webinar og delteke i ulike nettverk innan fagområdet.



Fylkestinget vedtok Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 i september 2020. Planen set retning for utviklinga av Vestland, og slår fast kva andre regionale planar Vestland fylkeskommune skal lage dei neste åra. Regional klimaplan og regional plan for kultur, idrett og friluftsliv er blant desse.

Klima

Vestland fylkeskommune skal jobbe for ei berekraftig samfunnsutvikling. For å lukkast jobbar vi aktivt med klima- og miljødimensjonen av berekraft. Vi har vore med og arrangert to større digitale samlinger:

- Nasjonal klimaomstillingsskonferanse. Konferansen vart gjennomført i samarbeid med Fylkesmannen, Vestlandsforskning, Klimapartner Vestland, CET, Statens vegvesen, Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, NVE og Innovasjon Norge.
- Klimathon. Samlinga har klimarisiko som hovedtema og vart gjennomført i samarbeid med Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, NORCE, Bjerknes Centre og Centre for Climate and Energy Transformation.

Utviklingsplanen set særslig ambisiøse mål, mellom anna at klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga i Vestland. Strategiane for å nå dette målet inkluderer mellom anna at Vestland skal vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.



Den nasjonale klimaomstillingsskonferansen #klimaomstilling2020 var heildigital med innleiarar og deltakarar frå heile landet. Klimakoordinator Ida-Beate Mølmesdal i Vestland fylkeskommune og forskar Carlo Aall i Vestlandsforskning leia det heile frå studioet sitt i Sogndal.

Folkehelse

Vestland fylkeskommune prioriterer folkehelsearbeid. Innsatsen vår skal bidra til fleire leveår og betre levekår for befolkninga, til å jamne ut sosiale helseskilnader, og til å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle.

Folkehelseforum Vestland vart konstituert hausten 2020. Fylkeskommunen har leiarrolle og sekretariatsfunksjon. Målet med samarbeidet er å styrke strategisk og heilskapleg satsing på folkehelse i Vestland. Vi vil også jobbe for meir avtalebasert samarbeid og samordning mellom fylkeskommunen, kommunane, FoU-miljø og andre relevante samarbeidspartar.

Fylkeskommunen deltek i ulike statlege satsingar innan folkehelse. Programsatsinga barn og psykisk helse er ei

omfattande satsing, og per no deltek 15 kommunar. Arbeidet med å ta opp nye kommunar til programsatsinga er i gang, og det er etablert ei FoU-arbeidsgruppe som bidreg.

Internt i fylkeskommunen har vi opprettet folkehelseringen, som skal bidra til å styrke samarbeidet og auke kompetansen om folkehelsearbeid.

For å styrke kompetansen innanfor fagområda deltek vi i ulike forskings- og utviklingsprosjekt.

Saman med dei kommunale råda i Vestland har vi arrangert webinar innan medverknad i tiltaksutvikling innan folkehelse. Tema var blant anna universell utforming og samfunnsutvikling.



Folkehelse, fysisk aktivitet og friluftsliv er gjerne tema som heng saman. Vestland fylkeskommune jobbar for at alle i fylket skal ha høve til å vere fysisk aktive kvar dag, gjerne ute i naturen. Bildet er frå Brandsøyåsen i Florø. Foto: Truls Kleiven



Ny fylkeskommune – nye ikt-system, og så kom koronapandemien med nye behov for digitalisering og heimekontor. Dette prega mykje av arbeidet til både ikt- og digitaliseringsseksjonen i 2020.

IKT

Mykje av 2020 gjekk med til å få brukarar, tenester og system over til Vestland fylkeskommune-plattform. Det har stort sett gått som planlagt, sjølv om arbeidet vart meir krevjande når prosjektet måtte handtere nye behov som kom som konsekvens av utstrekkt bruk av heimekontor og digitale løysingar. Det var tidvis krevjande å hjelpe og støtte brukarar i nye system, som heller ikkje IKT hadde fått nødvendig opplæring i. Dette har gått seg meir og meir til gjennom året.

Det er framleis ein god del system og tenester som er knytte til gammal infrastruktur frå dei to tidlegare fylkeskommunane. Det må handterast saman med systemeigarar framover for å forenkle drift og unngå unødige kostnadars. Vidare er det viktig å få på plass ein tenesteavtale for å sikre meir forventningsavklaring i IKT-leveransane framover. I dette ligg også det å arbeide fram ei tydeleg verdivurdering av IKT-tenestene frå systemeigarane si side.

Forvaltningsrevisjon

Det vart i 2020 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av informasjonssikkerheit og personvern i Vestland fylkeskommune. Her vart det kommentert på at det er eit stykke arbeid med å formalisere prosesser, roller og rutinar, og at dette er ein trussel mot informasjonssikkerheita i fylkeskommunen. Revisor kommenterte også at fylkeskommunen mangla opplæring i IKT-sikkerheit og kultur rundt sikkerheit. Vi fekk positiv tilbakemelding på at vi har publisert rutinar og policyar trass i både samanslåing og covid-19, og at desse rutinane styrker informasjonssikkerheita. Fylkeskommunen skal framover sjå til at

- ansvarsforhold knytt til informasjonssikkerheit blir gjort kjent og etterlevd av tilsette
- konfidensielle opplysningar blir behandla riktig
- tilgangskontrollen blir styrka
- systemeigarar får formalisert ansvaret sitt og opplæring i dette

Fleire tilsette har i 2020 teke kontakt med sikkerheit@vlfk.no og stilt gode spørsmål. Hovudmålet i 2021 er å auke kunnskapen og medvitet om sikkerheit blant dei tilsette i fylkeskommunen.

Digitalisering

Det første halvåret av 2020 brukte vi til å avslutte driftsrelaterte IKT-funksjonar og etablere eigenarten til seksjonen. Arbeidet gjekk ikkje heilt som planlagd, då covid-19 førte til at vi måtte endre både planar og arbeidsmetodar. Vi vart svært påverka av dette, i og med at vi måtte bruke mykje ressurser på å legge til rette for at andre tilsette skulle få ein god arbeidsdag med heimekontor, digitale møte og konferansar.

Det resulterte i at vi måtte endre planar raskt, og vi måtte bruke meir energi på digitalisering av interne prosessar. Vi måtte blant anna hurtig få på plass verktøy for å handtere politiske møte digitalt og verktøy for streaming og gjennomføring av heildigitale og hybride konferansar. Dette var vellukka prosjekt, men gjorde til at dei opphavelige planane måtte endrast, og at samansveisinga av seksjonen ikkje gjekk så fort som vi hadde håpa.

Vi har gjennom samarbeid med avdeling for opplæring og kompetanse automatisert ei rekke prosessar (robot/RPA) og fått i gang virtuelle assistentar (chatbot). Arbeidet har møtt stor interesse og har synt raske gevinstar. Vi ser stort

potensial i å jobbe vidare på dette området og etablere fleire slike tenester i framtida.

På slutten av året kom vi i gang med porteføljestyring. Det er ei vidareføring av arbeidet som vart sett i gang i samanslåingsprosessen. Seksjonen har ansvar for dagleg forvaltning av fylkeskommunen sin portefølje og skal legge dette fram for porteføljestyret.

Året har vore prega av covid-19, så digital samhandling er det området vi har utvikla oss mest på. Seksjonen er systemeigar for Office365-porteføljen og har gjennom heile året jobba for å få på plass strategi for digital samhandling. Det har heile tida vore eit mål å erstatta eit fragmentert løysingskart med ei standardisert løysing med Teams som hovudprodukt. Arbeidet har hatt høg prioritet heile året. I siste kvartal erstatta vi tidlegare samhandlingsløysingar med Teams, og verktøyet er no hovudproduktet både til filbehandling og anna digital samhandling. Vi vil jobbe vidare med å bygge kunnskap og teknologiske løysingar som gjer at tilsette tek produktet endå meir i bruk. Det vil vi gjere til dømes ved tilrådingar om å flytte filområda frå tradisjonelle filserverar til Teams.

I siste kvartal har seksjonen jobba med å lage ein digital strategi som er basert på nasjonale føringar og utviklingsplanen. Strategien vil vere ferdig i første kvartal 2021 og skal innehalde mål, strategiar og tiltak som skal gjelde for heile fylkeskommunen. Eit slikt dokument skal gjere det enkelt for oss og brukarane å sjå kva vi skal prioritere, og kva vi ønskjer å oppnå med digitalisering i Vestland fylkeskommune.



Statistikk, kart og analyse

Seksjon statistikk, kart og analyse har hatt søkjelys på rolla som koordinator og tilretteleggjar. Det har vi gjort ved å utvikle mandat, jobbe med infrastruktur, system og verktøy for handtering av statistikk og kartdata og koordinering av analysar. Vi har prioritert «levandegjering» av kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen, ved å lage ein digital, interaktiv og automatisk oppdatert versjon av kunnskapsgrunnlaget. Seksjonen er liten med få ressursar. Utviklinga tek tid og er sårbar, men fordelen med digital publisering er at det kan publiseras kapittelvis etter kvart som arbeidet går framover. Arbeidet blir samordna med kunnskapsgrunnlagsarbeidet i dei regionale planane. Utover dette har seksjonen hatt få publikasjonar retta mot eit eksternt publikum.

Dei viktigaste er likevel

- digitale utgåver av folkehelsebarometeret og oppvekstbarometeret
- eit sett med rapportar om moglege helse- og samfunnskonsekvensar av koronakrisa m.m.
- tilgjengeleggjering av kartdata i fylkesatlas.no

Eit omfattande arbeid gjennom året som enno ikkje er klart til publisering, er eit indikatorsystem for oppfølging av utviklingsplanen og tilhøyrande regionale planar. På øvste nivå i dette systemet er indikatorar for berekraftsmåla. Vidare nedover er det tenkt at det kan byggast opp ei løysing for oppfølging av indikatorar til regionale planar.



Tannhelse

Aktivitet i tenesta i 2020

Drifta i tannhelsetenesta dei første månadane av 2020 var prega av samanslåinga av fylka. Databasane for elektroniske pasientjournalar vart slått saman i februar. Samanslåinga av databasar gjekk smertefritt, men førte til fleire veker med redusert drift i februar.

Den ordinære drifta på tannklinikke vart deretter stengt ned i perioden frå 12. mars og ut april på grunn av koronasituasjonen. Alle tannklinikke var opne for akutt tannbehandling i perioden. I tillegg vart det oppretta beredskapsklinik i Fana og på Nordfjordeid. I mai starta ei gradvis opptrapping av drifta på tannklinikke, men resten av året har også vore prega av redusert drift som følge av smittevernstiltak og tilpassingar i tråd med tilrådingar frå helsestyresmaktene.

Koronasituasjonen har vore krevjande og ført til meir arbeid på alle nivå i tenesta. Vi har måttet utsetje mykje planlagt arbeid, særleg på stabs- og leiarnivå. Det har særskild vore

lagt ned mykje ressursar i å sikre tenesta naudsynt smittevernsutstyr.

Tenesta har teke i bruk digitale løysingar både for betre kommunikasjon internt, men også som eit ledd i tenestene til pasientane våre. Digitaliseringa har dermed kome langt, og tannhelsetenesta satsar vidare på dette i lag med resten av avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vestland (TkVestland) har i 2020 prioritert satsing på digitalisering av verksamda gjennom kursing og undervisning av tannhelsepersonell og pasientbehandling eksternt. Det har ført til at endå fleire brukarar (pasientar og tilsette i VLFK) har dratt nytte av tenestene til TkVestland.

Tannhelsetenesta opna to nye tannklinikkar i 2020: Åsane tannklinik, som er samlokalisert med Åsane vidaregåande skule og kulturhus, og Nesttun tannklinik.

Folkehelsearbeid

I folkehelsearbeidet har den offentlege tannhelsetenesta ein stor fordel ved at alle barn og unge skal ha ei statusundersøking (tann- og munnundersøking) ved 3-, 5-, 12-, 15- og 18-årsalder. Det betyr at vi tidleg kan starte arbeidet med å førebyggje og stoppe sjukdomsutvikling og rettleie i kosthold, ernæring og personleg munnstell. Mykje av folkehelsearbeidet handlar om dette, i tillegg til at vi skal gje andre grupper i befolkninga eit regelmessig og oppsøkande tilbod. I året som har gått har det vore viktig for Vestland tannhelseteneste å halde trykket oppe på folkehelsearbeidet – ikkje minst for å kunne prioritere det førebyggjande arbeidet. Vi har jobba aktivt med å heve kompetansen til alle tilsette i tannhelsetenesta når det gjeld førebygging og helsefremming. Slik kan vi gjere pasientane våre endå betre i stand til å ha kontroll over eiga munnhelse.

Samarbeid

Tannhelsetenesta jobbar aktivt med å etablere gode rutinar for samarbeid. I 2020 vart samarbeidsavtalane for barn og unge 0–20 år, samarbeidsavtale for personar med psykisk utviklingshemming, samarbeidsavtale for personar i institusjon og heimesjukepleie og samarbeidsavtale for personar med ruslidningar, alle reviderte og implementerte i tenesta.

Tannhelsetenesta har også samarbeid med barnevernstenesta. I 2020 sende vi 44 varsel til føresette og 47 bekymringsmeldingar til barnevernet. Gjennom samarbeidet kan vi bidra i arbeidet med å avdekke omsorgssvikt og overgrep mot barn og unge. Det skal også sikre at integriteten til barn blir tatt vare på, og legge til rette for behandling og oppfølging av barn som har opplevd overgrep eller omsorgssvikt.



Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune har 59 offentlege tannklinikkar rundt om i fylket. Vi gir gratis tannhelsetenester til ulike prioriterte grupper, mellom anna alle born og unge opp til 18 år. Ved ledig kapasitet tilbyr vi også tenester til betalande vaksne pasientar.

Oppfølging av ansvars- og oppdragsbrev:

Kvar avdeling fekk ved starten av året eit ansvars- og oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Det skildra mellom anna kva operative og strategiske prioriteringar som skulle ligge til grunn for arbeidet i avdelinga i 2020. Rapportering på oppdragsbrevet er lista ut i tabellen under. Frå 2021 rapporterer avdelingane også på aktuelle tiltak i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, som vart vedteken i september 2020.

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul □ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Fagområde	Punkt i oppdragsbrevet	Resultat	Status
Strategisk utvikling og digitalisering	Overordna plan og styringsstruktur		I prosess
Plan, klima og folkehelse	Utviklingsplan for Vestland	Vedteken i fylkestinget 28. september 2020	Gjennomført
	Klimabudsjettet – gje støtte til om fylkeskommunen bør vurdere klimakonsekvensar i budsjettforslag.	Arbeidet med klimabudsjett er under utvikling.	I prosess
Digitalisering	Rette på tiltak der det er snakk om a. mindre og/eller enklare tiltak. Ta ut effekt så raskt som mogleg b. ta ut effekt av system/verktøy vi allereie har	<ul style="list-style-type: none"> Digitale møte og konferansar. Innføring av Teams for heile fylkeskommunen. 	Gjennomført
	Ta i bruk robotløysingar for å skaffe oss erfaring innan fleire bruksområde.	Automatisering av arbeidsprosessar (RPA) på fleire område: <ul style="list-style-type: none"> Kreditering av eksamensavgift, klage på standpunkt, opprydding i ePhorte, omsetjingsskjema i tannhelse Virtuell assistent (chatbot) på følgjande område: opplæring og tannhelse 	Gjennomført
	Kartleggje og planleggje større tiltak for å fornye, forenkle og forbetre arbeidskvardagen eller publikumstester.	<ul style="list-style-type: none"> Utrulling og opplæring i Teams. Prosjektet har òg i seg avslutning av andre tenester, t.d. Skype. Ny digital løysing for gjennomføring av digitale og fysiske politiske møte. Fleire og betre skjema. Virtuelle assistenter (chatbot) på fleire område, mellom anna tannhelse og opplæring. Intern opplæring for å bli betre på kartlegging av arbeidsprosessar og behov. Fleire små og store kartleggingsjobbar mot innkjøpsprosessar, t.d. på avdeling for infrastruktur og veg. Deltaking i implementering av Visma In School. 	Kontinuerleg arbeid
	Søkje samarbeid og erfaringsutveksling med andre offentlege aktørar, som til dømes Digitaliseringsdirektoratet og Bergen kommune.	Har ikkje jobba så mykje eksternt som vi hadde ønskt. Har vore i sporadisk dialog med både Digitaliseringsdirektoratet og Bergen kommune, men har ikkje forpliktande samarbeid med desse. Vi har jobba tett saman med andre fylkeskommunar. Blant anna har vi samarbeidd med Viken fylkeskommune om digital strategi og med Møre og Romsdal fylkeskommune om automatisering av tenester.	I prosess

Fagområde	Punkt i oppdragsbrevet	Resultat	Status
IKT	Etablere eit effektivt og sikkert driftsmiljø for fylkeskommunen. a. kjerneinfrastruktur b. fag- og fellessystem/-løysingar	Kontinuerleg arbeid.	Gjennomført
	Sikre god service gjennom etableringa av tenesteavtalar, gode sjølvhjelpsloysingar og loggverktøy.		I prosess
	Sikre god forvaltning gjennom a. standardisering b. styrтt innkjøp c. god dialog med leverandør	Standardisering av IKT-utstyr.	Gjennomført
	Fortløpende vurdere effektivisering av IKT-driftsmiljøet slik det står fram i dag.	Kontinuerleg arbeid.	I prosess
Porteføljestyring	Vidareføre ordninga vi hadde ved etableringa av den nye fylkeskommunen, men endre mandat og samansettning.	Etablert for å ha eit felles rapporterings- og styringspunkt for både sektorovergripande og sektorspesifikke IKT-prosjekt/-system.	Gjennomført
Beredskap	Ansvar for overordna beredskapsplanlegging i fylkeskommunen og skal i 2020 a. utvikle ein endeleg felles beredskapsplan for fylkeskommunen b. støtte Fylkesmannen i utarbeiding av FylkesROS for Vestland fylke	Har fått på plass ein førebels overordna beredskapsplan. Jobbar vidare med dette i 2021.	I prosess
		Fylkesmannen held på å starte opp dette arbeidet.	I prosess
IKT sikkerheit	Avdelinga skal i 2020 jobbe sektorovergripande for å a. bidra til å bygge ein god sikkerheitsskultur b. implementere og vedlikehalde styringssystem for informasjonssikkerheit c. sikre at dokumentasjon er på riktig nivå og oppdatert d. gjennomføre og følgje opp tekniske ROS-vurderinger	Har opprettet sikkerheitssida på intranettet, saman med ei e-post for sikkerheitsspørsmål. Det er også starta opplæring i IKT-sikkerheit for alle tilsette.	I prosess
		Det er skrive og publisert ei rekke dokument i kvalitetssystemet, og desse skal sendast ut til tilsette snarleg.	I prosess
		Det er gjennomført ei rekke ROS-vurderinger og personvernprotokollar. Kontinuerleg arbeid.	Gjennomført

Driftsutgifter – Strategisk utvikling og digitalisering

REKNESKAP (Heile tusen)	Rekn bto 2020
Adm. SUD	5 753
IKT og digitalisering	145 907
Plan, analyse, klima og folkehelse	49 603
Sum	201 264
Budsjettavvik nto 2020	
Netto mindreforbruk strategisk utvikling og digitalisering	2 348

Strategisk utvikling og digitalisering hadde eit positivt resultat på 2,4 mill. kr. Hovudårsaka til at ein har oppnådd eit positivt resultat er vakansar og innsparinger grunna korona. IKT-området, som er ein del av denne sektoren, hadde eit større negativt budsjettavvik i 2020.

Driftsutgifter – Tannhelse

Rekneskap (heile tusen)	Rekn bto 2020
Pasientbehandling	393 161
Adm. av tannhelse	20 299
Sum	413 460
	Budsjettavvik nto 2020
Netto meirforbruk tannhelse	-2 081

Tannhelsetenesta hadde eit negativt resultat på 2,1 mill. kr i 2020. Tannhelse hadde ein monaleg inntektssvikt på over 40 mill. kr i 2020. Til forskjell frå kollektivsektoren så har ikkje staten kompensert inntektstapa innan tannhelse, og dette har medført eit stort negativt avvik på inntektssida til sektoren. Vidare hadde TkVestland negativ drift, og fekk eit negativt budsjettavvik på 5,5 mil. kr. Det som likevel har gjort at sektoren har klart å få eit relativt lite negativt samla årsresultat i denne situasjonen, er stram økonomistyring som har gjeve store innsparinger på ulike driftskostnadene, og mindreforbruk på løn grunna vakansar.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planar som skal utarbeidast og tidspunkt for revisjon er lista opp i utviklingsplanen (planstrategien). Fylkestinget er planstyremakt, og bestemmer kva regionale planar vi skal lage og har ansvar for å vedta dei. Handlingsprogramma til dei regionale planane skal vurderast årleg for revisjon.

Planansvar strategisk utvikling og digitalisering	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar			
* Regional plan for Hardangervidda	2020	FU/FT	2020
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane, og Setesdal Austhei–Heiplanen	2012	FU/FT	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014	FU/FT	
Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026	2016	FU/FT	
Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger	2017	FU/FT	
Regional areal- og transportplan for bergensregionen	2017	FU/FT	
Regional plan for handels- og senterutvikling	2015	FU/FT	2021
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur	2020	FU/FT	2021
Regional plan for folkehelse (Hordaland)	2014	FU/FT	
Regional plan for folkehelse (Sogn og Fjordane)	2015	FU/FT	
Regional klimaplan (Hordaland)	2014	FU/FT	2020
Regional klimaplan (Sogn og Fjordane)	2018	FU/FT	2020
Regional areal- og transportplan for Haugalandet	2016	FU/FT	
Plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland	2020	FU/FT	
Internasjonal strategi	2020	FU/FT	
Temaplanar			
Klinikksstrukturplan for tannhelsetenesta	2020	FT	

* Regional plan for Hardangervidda. Planen vart vedteken i fylkestinga i dei to fylka han gjeld, i 2020. Det vart fremja innvending til planen, og han er til endeleg avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi skal lage styringsdokument for Vestland tannhelseteneste. Planarbeidet startar i 2021, med vedtak første halvår i 2022. Planen er ei vidareføring av dei gjeldane planane for tannhelsetenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane.





Politisk organisering

Vestland fylkeskommune er ein politisk styrt organisasjon med fylkestinget som øvste styringsorgan. Koronapandemien påverka også denne delen av fylkeskommunen i 2020. Frå mars av vart digitale møte stort sett standarden for dei politiske møta, med overføring til nett-tv for publikum.

Dei aller fleste politiske møta vart digitale frå mars av i 2020, men i september møttest fylkestinget til fysisk møte på Flesland.

149 politiske møte og 1287 saker

Vestland fylkeskommune er politisk styrt, og administrasjonen gjennomfører politikken dei folkevalde vedtek i ulike politiske møte.

I det første året til Vestland fylkeskommune deltok politikarane på 149 politiske møte og vedtok 1287 saker. Fylkestinget er det øvste styringsorganet. Det første fylkestinget i Vestland har 65 representantar.

Det første fylkestingsvalet til Vestland var 9. september 2019. Fylkestinget konstituerte seg i oktober 2019 og vedtok budsjettet for 2020 i desember. Vestland fylkeskommune starta drifta formelt 1. januar 2020. Jon Askeland (Sp) er den første fylkesordføraren i Vestland, Natalia Golis (MDG), den første fylkesvaraordføraren.

Partifordeling i fylkestinget

Perioden 2019–2023

- Arbeidarpartiet (A) har 14 representantar.
- Høgre (H) har 12 representantar.
- Senterpartiet (Sp) har 10 representantar.
- Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB) har 6 representantar.
- Framstegspartiet (FrP) har 6 representantar.
- Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) har 5 representantar.
- Sosialistisk Venstreparti har (SV) 4 representantar.
- Kristeleg Folkeparti (KrF) har 3 representantar.
- Venstre (V) har 2 representantar.
- Raudt (R) har 2 representantar.
- Pensionistpartiet (PP) har 1 representant.

Tre av dei seks representantane for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar braut 16. desember 2020 ut av partiet og vart uavhengige.

37 menn og 28 kvinner

Av dei 65 representantane i fylkestinget er 37 menn og 28 kvinner. Tal kvinner er dermed 43,1 prosent, mens 56,9 prosent er menn.

Fylkesordføraren er politisk leiar av fylkestinget. Fylkesutvalet er arbeidsutvalet til fylkestinget, førebur saker og kjem med innstillingar til fylkestinget. Fylkesutvalet har 17 medlemmar. Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen.

Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

Utval og organ

Fire fagutval

Fylkestinget har vedteke å ha fire fagutval med ansvar for kvar sine område.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, hovudutval for næring, hovudutval for opplæring og kompetanse, og hovudutval for samferdsel og mobilitet. Alle dei fire hovudutvala har 15 medlemmar kvar.

Hovudutval for næring forkorta namnet sitt frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, etter vedtak i fylkestinget 10. juni.

Andre politiske utval

I tillegg har fylkestinget oppretta utval med spesielle ansvarsområde.

Fylkesvalstyret skal legge til rette for val og kontroll med gjennomføring av val i kommunane.

Administrasjonsutvalet har ansvar for saker som gjeld tilsettjings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen.

Kontrollutvalet skal føre kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget, og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Trafikktryggingsutvalet er eit rådgjevande organ i saker om trafikkspørsmål, og i saker om koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke.

Yrkesopplæringsnemnda er eit sentralt forum for utviklingsarbeidet innanfor fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylkeskommune.

Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet legg til fylkestinget.

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget.

Politiske medverknadsorgan

Fylkestinget har vedteke at Vestland fylkeskommune skal ha tre politiske medverknadsorgan som har ei rådgjevande rolle.

Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval har rett til å uttale seg i saker om ungdom.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å uttale seg i saker om personar med funksjonsnedsetting.

Fylkeseldrerådet har rett til å uttale seg i saker om eldre.

Korona og digitale møte

Året 2020 var uvanleg. Koronapandemien sette preg på den politiske møteverksemda. Etter nedstenginga 12. mars vart svært mange av dei politiske møta digitale.


Tre av dei seks fylkestinga i 2020 var digitale. Eit nytt system, DigDem, for avrøysting og talarliste, gjorde dette mogleg.

DigDem vart innført og testa i april og vart brukt på politiske møte frå 30. april.

DigDem gjer det lettare å røyste, og å ha oversyn over dei som teiknar seg på talarlista. Dei som følgjer møtet digitalt, vil på dataskjermen kunne sjå kva sak som blir handsama, kven som har meldt seg på talarlista og resultatet av avrøystinga når den skjer.

To ekstraordinære fylkesting

Vanlegvis skal det vere fire fylkesting i året, men to ekstraordinære fylkesting vart gjennomført for å vedta byvekstavtalen for bergensområdet 10. februar og innspela til Nasjonal transportplan (NTP) 12. mai. Det siste var digitalt. Fylkestinga 10. februar, 3. og 4. mars og 29. og 30. september vart haldne i bergensområdet. Fylkestinga 9. og 10. juni og 15. og 16. desember var digitale.



Vestland fylkeskommune tok i bruk DigDem, eit system for blant anna digital avrøysting og talarliste i politiske møte, i 2020.

Politiske møte i 2020

Politiske utval	Tal møte i 2020	Totalt tal saker til behandling
Fylkestinget	6 (9 møtedagar)	181
Fylkesutval	17	322
Finansutval	7	12
Planutvalet	1	3
Hovudutval for opplæring og kompetanse	13	75
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	11	112
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	12	178
Hovudutval for næring	11	79
Kontrollutvalet	8	121
Klagenemnda	7	37
Fylkesvalstyret	1	1
Administrasjonsutvalet	5	6
Politiske utval	Tal møte i 2020	Totalt tal saker til behandling
Yrkesopplæringsnemnda	11	22
Trafikktryggingsutvalet	6	16
Arbeidsutval delegeringsreglement	7	7
Fylkeseldrerådet	7	40
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	7	26
Vestland ungdomsutval	7	28
Vestlandsrådet	5	21
Samlede politiske møte	Tal møte i 2020	Totalt tal saker til behandling
Alle totalt	149	1287
Alle minus kontrollutvalet	141	1166
Alle minus kontrollutvalet og Vestlandsrådet	136	1145

Driftsutgifter – Politisk styring og kontrollorgan

REKNESKAP (Heile tusen)	Rekn bto 2020
Politisk organ	46 705
Kontrollorgan	10 359
Sum	57 064
	Budsjettavvik nto 2020
Netto mindreforbruk politisk styring og kontrollorgan	11 130

Budsjettområdet politisk styring og kontrollorgan hadde eit positivt resultat på 11,1 mill. kr. Dette kan delast inn i eit positivt resultat på 7,5 mill. kr for politisk styring og eit positivt resultat på 3,6 mill. kr for kontrollorgan. Desse mindreforbruka skuldast pandemien, og kjem av reduserte reise- og møtekostnader som følgje av at ein i stor grad har nytta digitale møteformer.

Fylkesordførarkjeda

16 motiv frå heile fylket dannar fylkesordførarkjeda til Vestland. Motiva er nøye valde, og noko som alle kan kjenne seg igjen i. Dei skal vere samlande og representere fylkeskommunen på ein god måte. Symbola syner glimt frå historia, næringslivet, naturen og miljøet i fylket – både i fortid, samtid og framtid.

I tillegg til dei 16 hovudsymbola, dekorerer sju mindre symbol den delen av kjeda som dekkjer ryggen til den som ber ho. Det er kopiar av sju større symbol i front.

Fylkesordførarkjeda er laga i sølv av Fjordsylv AS i Vik. Sølvsmed Knut Mykkeltvedt samarbeidde med biletkunstnar Åse Bjørnestad Dale i Aurland om oppgåva.



QR-kode

Vi er i den digitale tidsalderen. Vestlendingane deltek og samhandlar i kvarldags- og samfunnslivet gjennom stadig betre digitale løysingar. QR-koden på fylkesordførarkjeda symboliserer dette og går til ei informasjons-side om kjeda på vestlandfylke.no.





Gulating

Bokstaven »p» frå ein av dei handskrivne tekstane til Gulatinglova symboliserer Gulatinglova og Gulatinget, og såleis starten på demokratiet i Noreg. Gulatinget femna om heile vestlandskysten og var det største lagtinget frå 900 til 1300. Gulatinglova er den eldste bevarte lovsamlinga i Norden.



Sild

Sildefisket har skapt vekst og utvikling, særleg på Vestlandet. Den viktige matfisken har gjeve grunnlag for framvekst av næringsliv, tettstader og byer langs kysten vår. Silda har, ikkje utan grunn, fått tilnamnet «havets sòlv».



Hardinge fele

Hardinge fele vart til i Hardanger på 1600-tallet, truleg ved gradvis utvikling frå eldre norske strykeinstrument og den europeiske fiolinien. Hardinge fele har to til seks understrengar som kling med i spelet og skapar den særegne klangen. Ho er ofte rikt utsmykka med sirlege dekorasjonar.



Helleristingar

Det er helleristingar på fjell og svaberg mange stader i Vestland. Dei viser bilete av menneske, dyr, gjenstandar og abstrakte symbol. Dei eldste motiva, veideristingane, kan vere 7000 år gamle. Dei syner bilete av dyr som menneska jakta på, og den smekre hjorten var eitt av dei.



Jekt

Jekte var føringsbåtar og sambandsledd for folket på kysten. Det var utstrekkt jektfart i fjordane på Vestlandet og mellom Vestlandet og Nord-Norge. Jektfarten var livsnerves langs kysten, for frakt av varer og folk. Bygging av jekter og båtar var ei viktig næring langs heile vestlandskysten.



Eple

Vestland er eit kjerneområde for fruktdyrking. Etter tradisjonen skal det ha vore munkane, frå til dømes Lyse kloster, som tok til å dyrke frukt alt i mellomalderen. På 1800-talet vart fruktdyrkinga for alvor ei stor næring i fjordbygdene.



Urnesportalen

Urnes stavkyrkje er eitt av fire norske kulturminne på UNESCO-lista over dei fremste kulturminna i verda. Ho er bygd i 1130 og er rekna som den eldste av dei norske stavkyrkjene. Utskjeringane på nordveggen er truleg frå midten av 1000-talet, og kan stamme frå ei endå eldre kyrkje.



Bryggen

Bryggen i Bergen omfattar dei gamle trehusa på austsida av Vågen med byggeplan og hus frå både førhanseatisk og hanseatisk tid. Området gjorde Bergen til ein internasjonal by med utveksling av norske og utanlandske varer. Bryggen eitt av fire norske kulturminne på verdasravlista til UNESCO.



Friluftsliv/skiløpar

Vestland er prega av krevjande ferdse med djupe fjordar og høge fjell. Fjorden var vegen. Til lands gjekk ferda til fots og med hest. Vinterstid måtte folk nytte truger, slede og ski for å ta seg fram. I dag ser vi på naturen vår som ei umisseleg kjelde til oppleveling og kvile.



Steinkross

Dei høge, frittståande steinkrossane er eineståande for finst fleire stadar langs vestlandskysten. Dei finst i området som i mellomalderen var Sygnafylket, Firdafylket, Hordafylket og Rygjafylket – det opphavlege lovområdet til Gulatinget.



Bru

Bruene bind Vestland saman, og Loftesnesbrui i Sogndal er eit symbol på dette. Ei vakker bru kan ligge som eit smykke i landskapet. Brua og veggen minner oss om det harde arbeidet og den store ingeniørkunsten som ligg bak den krevjande utviklinga av samferdsla i fylket vårt.



Tunnel

Der brua kryssar fjorden og elva, trengjer tunnelen gjennom fjella – og bind saman Vestland. Det er meir enn 1100 vegg tunnelar i landet vårt, og Vestland er fylket med flest tunnelar. Tunnelen tyder på hardt arbeid og sterkt vilje.



Fjording

Fjordhest, eller fjording, er ein norsk hesterase med sterke røter i Vestland. Han vert rekna som ein av dei eldste hesterasane i verda og har blitt brukt som gardshest på Vestlandet i lang tid. Hesten var viktig i landbruket fram til traktoren tok over ei tid etter andre verdskrig.



Turbin

Vasskrafta skapte grunnlaget for industrialiseringa av Noreg. Vasskraft frå Vestlandet har medverka til å modernisere og bygge landet vårt. Turbinen dannar om den mektige krafta i styrande vatn til rein elektrisk kraft som blir fordelt til hus, verksemder og industri.



Drole

Regn er eit ikkje ukjent fenomen i Vestland. Dei mange regndropane er kjelda til liv og vekst, til kraft og industri. Vatn, elvar, fossar, fjordar og hav inngår i den store samanhengen som gjev vilkåra for livet både på Vestlandet og i verda.

Politisk organisering – organisasjonskart



Eit annleis år

1. januar 2020 vart Vestland fylkeskommune ein realitet, og tilsette, elevar og innbyggjarar fekk vere med på feiringa. Etter årevis med innsats på alle plan i organisasjonen, var den nye fylkeskommunen endeleg kome i gang!

Om oppstarten av Vestland var eit vasskilje, så gjeld det også i høgste grad 12. mars 2020, då myndighetene stengde landet ned på grunn av smittesituasjonen. Med det same vart den ferske fylkeskommunen kasta ut på djupt vatn. Det skulle vise seg at han heldt seg flytande, og vel så det: På skulane var digitale løysingar for undervisninga klare på rekordtid. Tannklinikkeane la til rette for eit trygt tannhelsetilbod trass i smittefarene. Tilsette i transportselskapa heldt tannhjula i samfunnet i drift heile vegen, utan at det førte til auka smitte. Med god evne til omstilling, pågangsmot og innsats, har fylkeskommunen evna å halde fram med å levere viktige tenester til innbyggjarane innan alle tenesteområde.

Rekneskapen for 2020 syner at resultatet vart betre enn ein kunne frykte då pandemien stengde ned samfunnet. Færre fysiske møte, mindre reising og innsparing i drifta i fjor gav pengar på bok. Rekneskapen for 2020 vart gjort opp i balanse slik den nye kommunelova krev. Samstundes er disposisjonsfondet til fylkeskommunen styrkt med knapt 216 millionar kroner. Staten skal ha honnør for handlekrafta si i ein spesiell situasjon, gjennom å dekke meirkostnader og inntekter som vi har mist grunna særskilte koronatiltak.

Eg vil også rette ei stor takk til dei folkevalde og medverknadsorgan. Hovudutval, fylkesutval og fylkesting har evna å vedta store og viktige saker for Vestland, i ei tid der kvar-dagen og vante arbeidsformer vart snudd opp ned. Politiske møte har i stor grad vore gjennomført digitalt i 2020, og takka vere tolmod og engasjement frå alle involverte har dette fungert godt. Demokratiet har fått fungere som det skal.

Store miljøsatsingar vart gjennomført med elektrifisering av ferjeflåten i tidlegare Hordaland og overgang til elektrisk bussdrift i Bergen som merkepunkt. 2020 var året då 20 nullutsleppsferjer kom i drift, og reduserte CO₂-utsleppa til ferjeflåten med 90 prosent. Dette er grep som monnar for klimaet.

Eit anna høgdepunkt i 2020 var å få vedtatt ein ambisiøs utviklingsplan. Her definerer vi oss til å ta ei samlande rolle som medspelar. Frå tidspunktet då pandemien starta, har vi etablert ein samspelskultur med samarbeidspartnerane våre. Desse relasjonane må vi vidareutvikle. Det gjer vi best ved å vere på tilbodssida, og slik aktivt spele samarbeidsaktørane våre gode. I 2020 kom dette mellom anna til uttrykk ved at fylkeskommunen gav ekstraordinære økonomiske tilskot til kultur- og næringsområdet.



Jon Askeland
fylkesordførar

Fylkeskommunen har høge ambisjonar for den vidare utviklinga av Vestland. I den regionale utviklingsplanen er det mellom anna mål om at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket i Noreg. Saman med næringsliv, kommunar, kultur, idrett, frivillig sektor og akademia, arbeider vi for å utvikle Vestland til eit meir nyskapande og berekraftig fylke. Gjennom satsinga på ny teknologi for ferjer og hurtigbåtar har vi teke ei leiande rolle i det grøne skiftet. Verdas fremste miljø for det grøne skiftet i maritim sektor er hjå oss, og vi skal vidare. Vi har behov for å skape mange nye arbeidsplassar i fylket vårt framover.

Til sjuande og sist er det no ein gong slik at målsetjingar og planar berre fører fram ved at dei fylkeskommunale einingane og medarbeidarane følgjer opp. Og erfaringane frå året som gjekk, gjer meg trygg på at det skal vi klare.

Eg vil rose alle tilsette for innsatsen og det gode resultatet for 2020. Eg er imponert over ståpåviljen eg har sett gjennom året, der evna til raskt å snu seg rundt har vore eineståande. Mange har strekt seg ekstra langt dette året, og me folkevalde er djupt takksame ovanfor dei tilsette.

Fylkeskommunen eksisterer ikkje i eit vakuum. For at Vestland skal løyse oppgåvane sine, er vi heilt avhengige av eit godt samarbeid med alle samarbeidspartnerane våre. Det har vi hatt i 2020. Kommunar, staten, stortingsbenkane, partane i arbeidslivet, næringsaktørar, kulturlivet og frivillig sektor er berre nokre av dei som har vore heilt avgjerande for det fylkeskommunen har fått til det siste året. Eg vil takke for eit inspirerande samarbeid i 2020, som eg ser fram til å bygge vidare på i 2021.



vestlandfylke.no